



Nynorsk kultursentrum



Årsmelding og rekneskap 2013

*Ivar Aasen-tunet
Olav H. Hauge-senteret
Dei nynorske festspela
Nettstadene
Vinjefondet
Språkåret 2013*

Innhald

Årsmelding

1 2013: Språkåret	3
1.1 Økonomisk resultat	3
1.2 Felles	4
1.3 Ivar Aasen-tunet	4
1.4 Olav H. Hauge-senteret	4
1.5 Vinjefondet	4
1.6 Allkunne AS	4
1.7 Språkåret 2013	4
1.8 Gjester og brukarar	4
1.9 Fagleg innhald	4
1.10 Utstillingar og formidling	5
1.11 Dei nynorske festspela	5
1.12 Ulvik poesifestival	5
1.13 200-årsjubileet	5
1.14 Kulturprogram	5
1.15 Kafé, utleige, butikk	6
1.16 Kommunikasjon	6
1.17 Samla resultat 2000–2013	6

2 Visjon og oppgåver

2.1 Visjon	6
2.2 Verdiar	6
2.3 Samfunnssoppdrag	6
2.4 Føremålsparagraf	6
2.5 Situasjonen for nynorsk skriftkultur	6
2.6 Posisjonen vår	7
2.7 Handlingsrommet vårt	7
2.8 Mål	8
2.9 Ivar Aasen-tunet	8
2.10 Olav H. Hauge-senteret	8
2.11 Politikk for det 21. hundreåret	8
2.12 Institusjonelle prioriteringar	9

3 Drift

3.1 Resultat	9
3.2 Dotterselskap	9
3.3 Råd og styre	9
3.4 Administrasjon	10
3.5 Vidare drift	10

4 Disponering av resultat

5 Rekneskap	11
Resultatrekneskap	11
Balanse	12
Notar	14
Revisjonsmelding	16

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon	18
1.1 Råd	18
1.2 Styre	19
1.3 Administrasjon	19
1.4 Språkåret 2013	20
1.5 Verneombod	20
1.6 Rekneskap og revisjon	21
1.7 Stiftingar og aksjeselskap	21
1.8 Personalforvaltning	21
1.9 Medlemskapar	21
1.10 Verv og representasjon	21
1.11 Nynorsk Forum	22
1.12 Fehn-forum	22
1.13 Litteraturnettverket	22
1.14 Forskingssenter for skriftkultur	22
1.15 Nynorskcenteret	22
1.16 Andre samarbeidspartnarar	22
1.17 Planar som styringsreiskap	23

2 Felles

2.1 Mål og strategi	23
2.2 Bygningar og uteområde	23
2.3 Forankring	23
2.4 Organisering	23
2.5 Innhald	23
2.6 Høyringsfråsegner	24
2.7 Årets nynorskbrukar	24

3 Ivar Aasen-tunet

3.1 Mål og strategi	24
3.2 Bygningar og uteområde	24
3.3 Forankring	25
3.4 Organisering	25
3.5 Innhald	25

4 Olav H. Hauge-senteret

4.1 Mål og strategi	25
4.2 Bygning og uteområde	25
4.3 Forankring	26
4.4 Organisering	26
4.5 Innhald	26

5 Vinjefondet

5.1 Mål og retningslinjer	26
5.2 Organisering	26
5.3 Tildelingar	26

6 Allkunne AS	26	13 Nettstadene	50
6.1 Fagleg arbeid	26	13.1 Aasentunet.no	50
6.2 Økonomi	26	13.2 Festspela.no	50
6.3 Organisering	27	13.3 Tunkatten.no	51
7 Språkåret 2013	27	13.4 Haugesenteret.no	51
7.1 Bakgrunn og organisering	27	13.5 Besøk og bruk	51
7.2 Innhold og aktivitet	27	13.6 Litteratur	51
7.3 Kommunikasjon	28		
7.4 Økonomi	28		
7.5 Året som aldri sluttar	28		
8 Samlingar og dokumentasjon	28	14 Kommunikasjon	52
8.1 Samlingsforvaltning	28	14.1 Presse og kringkasting	52
8.2 Samlingar i Ivar Aasen-tunet	29	14.2 Trykksaker	52
8.3 Samlingar i Olav H. Hauge-senteret	30	14.3 Annonsering	53
8.4 Jon Fosse-arkivet	30	14.4 Sosiale medium	53
8.5 Innkjøpte kunstverk	30	14.5 Reiselivssamarbeid	53
8.6 Sikring og bevaring	30	14.6 Logo- og profilprogram	54
8.7 Dokumentasjon og forsking	30		
9 Utstillingar og formidling	32	15 Gjester	54
9.1 Basisutstillingar	33	15.1 Gjesteprofil	54
9.2 Temautstillingar	33	15.2 Gjesteundersøking	55
9.3 Vandreutstillingar	33	15.3 Spørjeundersøkingar	55
9.4 Nettutstillingar	34	15.4 Opningstider	56
9.5 Foredrag og samtalar	34	15.5 Billettsystem og priser	56
9.6 Bøker og andre skrifter	36		
9.7 Fagleg representasjon	37		
9.8 Publikumssørvis	41		
10 Tilbod til born og unge	41	16 Økonomi	56
10.1 Nye tilbod	42	16.1 Investeringar	56
10.2 Tunkatten Lurivar	42	16.2 Drift	57
10.3 Born og småbarnsfamiliar	42	16.3 Drifts- og prosjektilskot	58
10.4 Barnehagar	43	16.4 Samarbeidspartnarar	58
10.5 Skular	43	16.5 Samfunnsrekneskap	59
10.6 Den kulturelle skulesekken nasjonalt	43		
10.7 Det kulturelle skulesekken lokalt	44		
11 Arrangement	44	17 Retning 2018	59
11.1 Dei nynorske festspela	45	17.1 Utvikling av Nynorsk kultursentrums	59
11.2 200-årsjubileet	46	17.2 Utvikling av samarbeid og nettverk	60
11.3 Program Ivar Aasen-tunet	46	17.3 Språkpolitiske meininger	61
11.4 Program Olav H. Hauge-senteret	47	17.4 Språk- og kulturpolitikk etter 2013	61
12 Kafé og butikk	47	17.5 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret	62
12.1 Kafé	48		
12.2 Utleige	48		
12.3 Butikk	49		
12.4 Handlenett.no	49		
12.5 Vareprofil	50		

Foto framsida: 200 ballongar til vêrs i Ivar Aasen-tunet mandag 5.8.2013 kl. 21.30 (foto Anna Sunniva Sørbø, Ivar Aasen-tunet)

Årsmelding

1 2013: Språkåret

2013 var Språkåret.

I Språkåret blei det meir av nesten alt i Nynorsk kultursentrum – fleire faglege publikasjonar, fleire gjester, fleire avslutta prosjekt, ambisiøse politiske initiativ, større inntekter, aktivitet fleire stader i landet, og endå betre resultat.

Språkåret 2013 er det største prosjektet vårt til no. Dette kunne ha slått negativt ut; store, tidsavgrensa prosjekt utgjer alltid ein risiko. I staden var Språkåret med og styrkte Nynorsk kultursentrum. Det blei ei blanding av å feire fortid og endre framtid, utvikle ny kunnskap, vere og med skape meiningsendring, fortelje om det vi hadde funne ut og gjere det på nye måtar som vi har gjort så mange gonger før. Dette var berre mogleg i ein robust organisasjon med sterkt vilje til fellesskap.

Det offentlege har i fleire år gitt oss auka driftsmidlar. Samstundes har vi greidd å auke andre inntekter endå meir. Aldri var eigeninntektene større enn i 2013 heile 50 % høgare enn året før. Det er ei god investering å satse på oss.

Driftsinntektene auka med 3,6 millionar kroner eller 17 %, driftskostnadene med 2,9 millionar kroner eller 14 %. Positiv inntektsutvikling og stram kostnadsstyring gjorde det mogleg å setje av midlar til to store prosjekt.

Også i 2013 heldt vi bygningars og anlegg godt ved like. Den største investeringa dette året var å fornya basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet for 1,2 millionar kroner.

Som før blei både det kulturfaglege og driftsfaglege arbeidet utført med tyngd. Høge gjestetal og godt økonomisk resultat vitnar om at staben gjorde meir enn ein kunne vente.

Nynorsk kultursentrum har i mange år vore eit av musea i landet med flest born og

unge blant gjestene. I 2013 utgjorde born og unge heile 41 % av alle gjestene våre.

Store, nye prosjekt og det vi elles utretta gjorde miljøet rundt Nynorsk kultursentrum endå større i 2013. Vi var til stades med heile 558 arrangement og tilstellingar i 55 kommunar, i samarbeid med 130 institusjonar og organisasjonar.


Vi utvida verksemda i 2013, rekrutterte fleire nye medarbeidarar og løyste dei fleste oppgåvene vi prioriterte. Mykje kan enno gjerast betre, men vi nådde viktige mål ved systematisk arbeid ut frå visjon, føremål og strategi.

1.1 Økonomisk resultat

Nynorsk kultursentrum har forretningskontor i Ørsta kommune.

Resultatet blei uvanleg godt i 2013. Drifta gav eit overskot på 1 261 000 kroner, mot 626 000 kroner året før.

Figur 1. Prosentfordeling inntekter 2012–2013



Slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette gjorde at driftsinntektene auka med 17 % til 24,2 millionar kroner. Eigeninntektene utanom statstilskot var på 9,8 millionar kroner, mot 5,9 millionar kroner i 2012.

Vi greidde dermed å auke eigeninntektene like mykje som driftstilskotet frå staten. Statstilskotet utgjorde 60 % av driftsinntektena, mot 71 % året før.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum var 20 år 30.8.2013. Jubileet blir feira med ein enkel middag for råd, styre, tilsette og andre invi-

terte gjester i Ivar Aasen-tunet 25.9.2013. Nynorsk kultursentrum er noko heilt anna no enn for berre fem år sidan.

1.2 Felles

Fellesavdelinga dekkjer fellesfunksjonar, samordnar verksemda og stør opp under drifta i resten av institusjonen.

Avdelinga auka driftsinntektene med 34 % til 2 848 000 kroner. Med finansinntekter blei resultatet eit overskot på 179 000 kroner, mot eit underskot på -139 000 kroner året før.

1.3 Ivar Aasen-tunet

Dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur var kjernen i verksemda vår. Med stor fagleg breidd i eit jamt veksande publikumstilbod førte vi vidare det beste frå 2012.

Driftsinntektene auka med 23 % til 17,4 millionar kroner og gav eit resultat på 686 000 kroner, mot 501 000 kroner året før.

Vi brukte nær 1,2 millionar kroner til fornying av basisutstillinga.

1.4 Olav H. Hauge-senteret

Dokumentasjons- og formidlingssenteret for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former blei utvida til fire faste stillingar i 2013. Gjest nr. 1000 vitje Hauge-senteret hausten 2013.

Driftsinntektene auka med 38 % til 3,3 millionar kroner og gav eit resultat på 407 000 kroner, mot 263 000 kroner året før.

1.5 Vinjefondet

Vinjefondet skal styrke bruken av nynorsk i media, og Nynorsk kultursentrum forvaltar midlane etter avtale med Kulturdepartementet.

Vinjefondet løyvde 525 000 kroner til to prosjekt, mot 600 000 kroner til to prosjekt i 2012. Eitt prosjekttiskot frå 2011 blei betalt attende, og samla kostnad i 2013 var difor 489 000 kroner.

1.6 Allkunne AS

Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt

leksikon på nynorsk heldt fram i regi av det heileigde datterselskapet Allkunne AS.

Driftsinntektene var på 2,4 millionar kroner, og ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 11 738 artiklar, mot 8364 ved utgangen av 2012.

1.7 Språkåret 2013

På oppdrag frå regjeringa Stoltenberg II og på grunnlag av prosjektplan 1.2.2012 gjen-nomførte vi Språkåret 2013 som ei raus og inkluderande feiring av alt språk i Noreg.

Samla kostnader var på 5 681 000 kr, og ubrukte prosjektmidlar frå Kulturdepartementet på 1 041 000 kr blei overførte til av-viklinga ni 2014. Restmidlane blir disponerte i samråd med Kulturdepartementet.

Nynorsk kultursentrum legg til rette for oppfølging av Språkåret etter 2013.

Språkåret 2013 blir grundig dokumentert i eigen rapport våren 2014. Denne blir publi-sert på aasentunet.no.

1.8 Gjester og brukarar

Talet på gjester ved arrangement og utstil-lingar auka med 41 % frå 21 854 i 2012 til 30 743 i 2013. Av dette stod Ivar Aasen-tunet for 29 966 gjester (21 985 i 2012), medan Olav H. Hauge-senteret hadde 777 gjester (389 i 2012).

12 779 eller 41 % av gjestene var born og unge, mot 9963 året før. Dei store tala skriv seg frå skuleturnear og store barnearrange-ment.

Nettstadene hadde 186 824 unike brukarar med til saman 427 410 viste sider, mot 312 421 og 701 000 i 2012. Vi hadde dermed nær 14 gonger fleire brukarar på nettstadene enn gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjo-nal kulturinstitusjon med solid lokal forank-ring. Vi var aktive med arrangement eller utstillingar i 55 kommunar i 15 fylke, mot 31 kommunar i sju fylke i 2012. 12 av kommu-nane var nye.

1.9 Fagleg innhald

Samlingane i Ivar Aasen-tunet auka med 5 % til 83 900 einingar i 2013. Av dette var 21

% tilfredsstilande registrerte, som året før. Olav H. Hauge-senteret fekk ein del materiale også i 2012.

I 2013 overførte vi innhaldet på alle nettstadene til ei ny publiseringsplattform. Ved årsskiftet stod det at ein del materiale, og publikums kunne då difor velje mellom 10 680 tekstdokument på nettstadene.

20 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre.

Nynorsk kultursentrum gav i 2013 høygingsfråsegner om framlegg til boklov og innstillinga frå Enger-utvalet, og vi gav innspel til Kulturløftet 3.

Filosof Gunnar Skirbekk fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2013*.

Nynorsk kultursentrum følgde i 2013 opp intensjonsavtalen frå 2012 om fagleg innhald til eit internasjonalt språksenter i Reykjavík og godkjende intensjonsavtale med Vinje kommune om utvikling av eit Vinje-senter til 2018.

1.10 Utstillingar og formidling

Driftsinntektene for Utstillingar i Ivar Aasen-tunet auka med 69 % til 3 914 000 kroner i 2013. Dette gav eit overskot på 192 000 kroner, mot eit underskot på -136 000 kroner året før.

9526 elevar og lærarar var med på elevprogramma *Snakk om språk!, Mine språk og Lurivar og kjærleiken*, mot 7613 i 2012.

I 2012 laga vi ei ny temautstilling. Som før var det noko nytt i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet kvar opningsdag.

Ni temautstillingar blei viste i kulturinstusjonar på 12 stader.

Styre og tilsette representerte ved 156 høve mot 107 året før. Verksemda til Språkåret kjem i tillegg.

Tilsette og tillitsvalde stod for heile 95 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 38 i 2012. Direktøren gav sjølv ut to bøker – *Historia om Ivar Aasen og Språksansen. Kalender for all verdas språk*.

1.11 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela auka driftsinntektene med 6 % til 2 222 000 kroner og fekk eit overskot på 253 000 kroner, mot eit underskot på -87 000 kroner året før.

Kunstnarleg og fagleg var Festspela svært vellukka, og gjestetalet auka med 15 % til 5986 gjester på 47 arrangement, mot 5168 gjester på 48 arrangement i 2012. Om lag 180 utøvarar stod for innhaldet.

1.12 Ulvik poesifestival

Etter initiativ frå Ulvik herad og Ulvik festivalutvikling vedtok Ulvik kommunestyre og styret i Nynorsk kultursentrum i september ein avtale som inneber at Nynorsk kultursentrum tek over Ulvik poesifestival frå 1.1.2014.

Festivalen blir ei driftsavdeling i Hauge-senteret, slik Dei nynorske festspela er i Aasen-tunet.

1.13 200-årsjubileet

Nynorsk kultursentrum la til grunn for verksemda i 2013 at alt vi gjorde, var å rekne som tiltak i Språkåret. I tillegg gjennomførte vi eit omfattande jubileumsprogram 1.–5.8. Denne jubileumsfestivalen med 35 arrangement samla nær 2000 gjester og blei ei svært positiv profilering av institusjonen.

Både desse dagane og heile året gjennom prega vi 200årsjubileet med bøker, foredrag, arrangement, utstillingar, digitale tenester og varer til sals.,

1.14 Kulturprogram

For kulturprogrammet i Ivar Aasen-tunet auka driftsinntektene med 26 % til 976 000 kroner. Resultatet blei eit underskot på 139 000 kr, mot eit underskot på -49 000 kroner året før.

Kulturprogrammet i Hauge-senteret inneholdt 14 arrangement og var ein del av strategien for å posisjonere det nye senteret i regionen alt før den offisielle opninga i 2014.

Utanom Dei nynorske festspela og 200-årsjubileet gjennomførte vi 74 kulturarrangement i eigen regi, mot 48 i 2012 – 60 i Ivar Aasen-tunet og 14 i Olav H. Hauge-senteret.

180 utøvarar stod for det kunstnarlege og faglege innhaldet.

1.15 Kafé, utleige, butikk

Kafeen og butikken i Ivar Aasen-tunet auka si samla omsetning med 36 % til 2 733 000 kroner. Drifta gav eit samla overskot på 229 000 kroner, mot 220 000 kroner året før.

Både meny og vareutval heldt eit høgt nivå, og butikken omsette for meir enn nokon gong før.

1.16 Kommunikasjon

Kommunikasjonskostnadene minka med 18 % til 960 000 kroner i 2013. Dette utgjorde berre 4,2 % av samla driftskostnader, mot 5,9 % året før. Her brukte vi 103 000 kroner mindre enn budsjettet.

Det samla opplaget på trykksaker var 123 400 eksemplar, mot 113 000 året før.

1.17 Samla resultat 2000–2013

Til no har vi hatt nær 274 000 gjester og 3 308 000 nettstadbrukarar. I alt har altså nær 3,6 millionar personar nytta tilboda våre. Etter 14 driftsår er dette gjort:

- 83 944 bøker, skrifter, foto, kunsthistoriske og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 3744 arrangement med 8800 utøvarar
- 29 temautstillingar er laga og har vore lånte ut 161 gonger til stader i 18 fylke
- 10 700 tekstdokument på nettstadene
- Arrangement og utstillingar i 146 kommunar i alle fylka
- 1072 turnéframningsyningar av fire elevprogram for 33 402 elevar og lærarar
- 282 talar og foredrag, 220 artiklar og 24 bøker og småskrifter

2 Visjon og strategi

Styret vedtok i 2007 eit visjonsdokument for Nynorsk kultursentrum. Etter drøfting i stab og råd vedtok styret i 2013 oppdatert strategiplan i dokumentet *Visjon og strategi 2013–2016*.

2.1 Visjon

Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølvsagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der det er sjølvsagt at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

2.2 Verdiar

Open, modig, overraskande. Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordomar om norsk språkpolitikk og samtidslitteratur, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

2.3 Samfunnsoppdrag

Kunnskap og opplevelingar som gjer det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar. Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtillit.

Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane. Dei som hører på oss, skal kjenne seg att i det vi seier, men også kunne bli overraska.

Språk er den nødvendige føresetnaden for all litteratur, frå sakprosa til lyrikk, og litteraturen pregar språket. Den nynorske grunntanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Vi vil bruke kunnskap om språk og litteratur i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

2.4 Føremålsparagraf

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevelingsenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

2.5 Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nes-

ten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald.

Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og favorisering.

Det blir tenkt annleis om språk både i Noreg og mange andre land no enn då ideen om Ivar Aasen-tunet blei forma i 1990. Det fleirspråklege har fått status, og den språklege toleransen er truleg større enn før, men motviljen mot nynorsk kjem som før raskt til syne når det røyner på, dvs. særleg når nynorsk blir teken i bruk på nye område. Det er lettare å arbeide for visjonen vår no enn for ti år sidan, men nynorskbrukarane er ikkje blitt fleire i vår tid.

Posisjonen for lyrikk er i endring. Songlyrikken står som før sterkt blant publikum, og sterkare enn for tretti år sidan i akademia. Festivalar, kulturhus, forfattardagar har sidan 1970-åra endra haldninga til kunstlyrikk i den forstand at ganske mange gjerne hører på lyrikklesingar, men salet av lyrikkbøker har ikkje auka. Lyrikk på nynorsk har høg status og er heva over motstanden mot nynorsk.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og byggjer på ein tusenårs lang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

2.6 Posisjonen vår

Vi er det største litteraturmuseet i Noreg og det einaste språkmuseet i Norden.

Nynorsk kultursentrum blei stifta i 1993 for å etablere og drive Ivar Aasen-tunet. No er stiftinga blitt ein drifts- og prosjektorganisasjon med fleire driftsavdelingar og store prosjekt. Vi involverer oss berre der vi kan

spele ei reell rolle og har ein viss styringsrett.

Arbeidet er prega av at Nynorsk kultursentrum er blitt ein robust organisasjon med sterk vilje til fellesskap. Vi er blitt ein institusjon å rekne med, og berre vi sjølv kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Vi har svært vide samarbeidsflater, blir oppfatta som ein offensiv, påliteleg og løysingsorientert aktør, og vi er mindre stadbundne enn dei fleste abm-institusjonane.

Kunnskap, fantasi og gjennomføringsevne er dei tre føresetnadene våre for å lykkast som den kunnskaps- og opplevingsverksemda vi er. Medarbeidarane har ein svært samansett kompetanse. Likevel er det alltid noko meir vi bør vite og noko meir vi bør kunne. Vi veit aldri nok, vi vil heile tida lære meir, og vi liker det.

Ei kunnskapsverksemd som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Dette blir i vårt tilfelle forsterka av at svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølv sagt for kven som helst å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

Alle tilsette skal kunne meir og vere meir kompetente på sine fagfelt når dei sluttar enn då dei tok til.

2.7 Handlingsrommet vårt

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Vi er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar eller ein kompetent og konstruktiv samarbeidspartnar. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenestene og tilboda våre som følgjer av dette.

Det viktige for oss blir å prioritere strengt og sikre at eventuelle nye tiltak styrkjer, ikkje svekkjer, drifta av etablerte avdelingar

og tiltak. Samstundes skal vi vere til nytte og løyse problem for både publikum og styresmakter.

Ei systematisk, fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvalting er grunnlaget for heile verksemda.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske, på lyrikk i mange former, og på livsverka til Ivar Aasen og Olav H. Hauge.

Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving.

Styresmakter, kollegaer, samarbeidspartar og publikum ventar at vi utviklar ny og påliteleg kunnskap om språk og litteratur, at vi overraskar i både synspunkt og tilbod, og at alt vi gjer, er prega av kvalitet.

2.8 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

2.9 Ivar Aasen-tunet

Mål 2012–2015: Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar.

Slagord: Ivar Aasen-tunet – målet for alle.

2.10 Olav H. Hauge-senteret

Mål 2012–2015: Skape eit dokumentasjons- og formidlingscenter om Olav H. Hauge og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser.

Slagord: Olav H. Hauge-senteret – store opplevingar på små flater.

2.11 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret

Mykje står att for å skape røyndom av den systematiske styrkinga av nynorsk skriftkultur som Stortinget føresette i 2004 og som

blei stadfesta i språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg. Det er offisiell politikk å følgje *prinsippet nynorsk*, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der språk blir tematisert. Dette føreset tre overordna strategiar:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Born og unge må få meir nærekontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øyremerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda.

Til 200-årdagen for Ivar Aasens fødsel 5.8.2013 tok Nynorsk kultursentrum difor initiativ til ei fellesfråsegn frå Noreg Mållag og Nynorsk kultursentrum. Erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret» var bygd opp om desse 21 hovudpunktata:

- 1 Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst
- 2 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk
- 3 Ta vare på rikdomen språkleg mangfold
- 4 Språk og demokrati skal framleis vere to sider av same sak
- 5 Auk verdien av nynorsk
- 6 Bruk prinsippet nynorsk konsekvent
- 7 Gi Noreg fleire nynorskbrukarar
- 8 Driv språkvern i praksis gjennom ei ny og utvida språklov
- 9 Gi born og unge meir nærekontakt med nynorsk
- 10 Gjer nynorsk til eit språk også for innvandrarar
- 11 Styrk dei sterke nynorskområda
- 12 Utvid den lokale offentlege språkpolitikken
- 13 Hald oppe skulen som arena for språkleg jamstilling
- 14 Bruk nynorsk i tenking og forsking
- 15 Større breidd i nynorsk diktning og sakprosa
- 16 Meir nynorsk i tv, radio og presse

17 Gjer digitale tenester på nynorsk sjølv-sagde

18 Meir nynorsk i fritidsindustri, underhaldning og idrett

19 Del den norske røynsla med andre

20 La Språkåret 2013 vere året som aldri sluttar

21 Dialog med mange land og kulturar

Heile erklæringa er trykt i kap. 17.4 i administrasjonens årsrapport.

2.12 Institusjonelle prioriteringar

Vi skal vere ein av dei mest aktive og utoverretta kulturinstitusjonane i Noreg. Språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar skal prege verksemda vår, frå arrangement og utstillingar til dokumentasjon og publikumstenester.

Innanfor eiga verksemd prioriterer vi desse oppgåvane:

1. Opne eit komplett publikumstilbod i Olav H. Hauge-senteret i Ulvik i 2014
2. Etablere Ulvik poesifestival som den fremste festivalen for lyrikk i mange former
3. Følgje opp planar for litterære senter i Vinje og i Lom fram til forpliktande vedtak og gjennomføring
4. Avklare vidare strategi for Allkunne som eit allment og fullgodt digitalt oppslagsverk
5. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet
6. Planleggje nybygg i Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum ønskjer å bli ein større organisasjon, men etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta.

3 Drift

Med driftsinntekter på 24 211 000 kroner blei 2013 eit uvanleg aktivt år prega av Språkåret, og med større geografisk spreiing enn nokon gong før. Nynorsk kultursentrum nådde dermed ut til fleire miljø enn før.

Språkåret 2013 blei gjennomført med eigen prosjektorganisasjon, utviklinga av den nye driftsavdelinga Olav H. Hauge-senteret heldt fram, og arbeidet for større eigeninntekter gav stor utteljing. Eit slikt driftsår høyrer unntaka til og kan ikkje bli standarden vår.

Vi driv ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke. Eit fleire år langt arbeid for å styrke driftskapitalen viser att. Med fornyinga av verksemda treng vi endå noko meir i botnen som kan sikre grunnlaget for stabil drift.

Mange vedlikehaldsoppgåver blei gjennomførte i 2013.

3.1 Resultat

Rekneskapen syner eit overskot på 1 260 604 kroner etter finansinntekter, mot 625 570 kroner i 2012.

Drifta var styrt i retning av eit resultat som kunne gjøre det mogleg å setje av midlar til prioriterte tiltak i 2014 og 2015. Utover hausten blei inntektene uventa mykje høgare enn vi hadde rekna med.

3.2 Datterselskap

Nynorsk kultursentrum eig 100 % av aksjane i datterselskapet Allkunne AS. Aksjekapitalen er på 100 000 kroner. Føremålet er å utvikle og drive digitale kunnskapsbasar på nynorsk.

3.3 Råd og styre

Rådet hadde to møte og handsama i alt 21 saker, mot 24 saker på tre møte året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene Språkåret 2013, oppfølging av språkmeldinga, stortingsvalet, forholdet mellom Dei nynorske festspela og versts-kommunane, og prioriterte forfattarrar i samlingane.

Styret hadde seks møte i 2013 – to av dei var telefonmøte, og eitt styreseminar, og handsama 75 saker, mot 90 saker på sju møte i 2012. Utanom dei faste sakene budsjett, søknad om statstilskot, rekneshap og års-melding, visjon og strategi, var dei viktigaste sakene Språkåret 2013, finansiering Hauge-

senteret, Ulvik poesifestival, administrativ organisering, høyringsfråsegner og lang-tidsplanar for ulike delar av drifta.

3.4 Administrasjon

Nynorsk kultursentrum hadde tilsette i 16 faste stillingar og arbeidsavtalar med 67 betalte medarbeidarar. Utanom Språkåret 2013 blei det utført 18,0 årsverk. Sjukefråværet utgjorde 5,9 % av samla arbeidstid, mot 5,6 % året før.

Nynorsk kultursentrum førte også i 2013 ein målretta likestillingspolitikk. Fire av sju styremedlemer var kvinner, og i rådet var sju av 22 medlemer kvinner. I leiargruppa sat tre menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2013 åtte kvinner og sju menn.

Ved tilsetjingar prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjoner. Over tid skal det vere balanse mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten som vi ønskjer variasjon i alder, geografi, bakgrunn og fagprofil.

Alle krav i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne gjeld ikkje for verksemda vår, men vi gjer alt vi kan for å oppfylle dei relevante krava. I 2013 fullførte vi ei omlegging til meir universelt tilgjengelege nettstader.

Verksemda vår er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillèt. Verksemda følgde alle

miljøregelverk i 2013. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum leverte i 2013 ingen produkt som skaper vesentlege miljøproblem.

3.5 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 250 000 kroner. Denne kapitalen står på renteberande konto.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2013.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilet av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kroner.


	2011	2012	2013
Driftsinntekter	18 631	20 651	24 211
Resultat	749	626	1261
Eigenkapital	1264	1750	2310


4 Disponering av resultat

Av årsoverskotet på 1 260 604 kroner blir 560 604 kroner lagd til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 2 310 265 kroner.

Vidare blir 400 000 kroner sette av til basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret og 300 000 kroner til innføring av digitalt saksarkiv frå 2015.

Hovdebygda, 31. desember 2013 / 25. februar 2014


Reidar Sandal, leiar


Georg Arnestad

Bente LaForce


Sigrun Høgseth Berg

Grete Riise


Jon Østbø

Anders Aanes


Ottar Grepstad, direktør

Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2013	2012
Sal av varer		4 081 345	2 881 589
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	17 729 817	16 110 087
Billettsal		893 231	770 262
Sponsorinntekter og annonser		625 780	516 769
Andre inntekter		880 915	372 493
Sum driftsinntekter		24 211 088	20 651 200
Varekostnad		1 421 812	901 229
Lønskostnader m.m.	4	10 294 766	10 020 714
Ordinære avskrivningar	6	391 360	296 232
Leigekostnader		490 376	606 627
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 224 613	1 180 638
Reparasjonar og vedlikehald		1 344 725	382 110
Reise/opphold		1 429 656	1 333 668
Honorar	4	3 127 910	2 161 059
Marknadsføring		959 856	1 174 731
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 527 772	1 170 639
Andre driftskostnader		828 212	946 150
Sum driftskostnader		23 041 056	20 173 797
Driftsresultat		1 170 032	477 403
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		93 304	149 050
Rentekostnader		2 732	882
Resultat av finanspostar		90 572	148 168
Ordinært resultat		1 260 604	625 570
Årsoverskot		1 260 604	625 570
Overføringer			
Avsett til forpliktingar	5	700 000	150 000
Overføringer annan eigenkapital	5	560 604	475 570
Sum overføringer		1 260 604	625 570

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigedelar	Note	2013	2012
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	6	2 348 060	2 498 408
Inventar og utstyr	6	942 505	709 555
Sum varige driftsmiddel		<u>3 290 565</u>	<u>3 207 963</u>
Finansielle driftsmiddel			
Aksjar i datterselskap	7	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>50 000</u>	<u>50 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>3 340 565</u>	<u>3 257 963</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	3	558 062	510 510
Krav			
Kundar	2	569 191	756 070
Andre krav	2, 7	232 841	200 624
Sum krav		<u>802 032</u>	<u>956 694</u>
Bank, kasse (bundne midlar: 439.957)		2 936 963	5 158 839
Sum omløpsmiddel		<u>4 297 057</u>	<u>6 626 042</u>
Sum eigedelar		<u>7 637 622</u>	<u>9 884 005</u>

Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigenkapital og gjeld	Note	2013	2012
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond		250 000	250 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>250 000</u>	<u>250 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		2 060 265	1 499 661
Sum opptent eigenkapital		<u>2 060 265</u>	<u>1 499 661</u>
Sum eigenkapital	5	<u>2 310 265</u>	<u>1 749 661</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Avsetjing til forpliktingar	5	950 000	499 000
Leverandørgjeld	7	904 153	1 406 589
Trekk og offentlege avgifter		903 825	768 213
Påkomne kostnader		1 385 164	918 311
Periodiserte tilskot		1 184 214	4 542 231
Sum kortsiktig gjeld		<u>5 327 357</u>	<u>8 134 344</u>
Sum gjeld		<u>5 327 357</u>	<u>8 134 344</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>7 637 622</u>	<u>9 884 005</u>

(1) Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 25.2.14

Reidar Sandal
leiar

Ottar Grepstad
direktør

Sigrun Høstebut Berg
nestleiar

Georg Arnestad
styremedlem

Bente LaForce
styremedlem

Grete Riise
styremedlem

Jon Østbø
styremedlem

Anders Aanes
styremedlem

(1) Arvid Hovden
statsautorisert revisor

NOTAR for 2013

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reknesakslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følgje av renteendring.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1

Offentlege tilskot

	2013	2012
Kulturdepartementet	14 398 000	14 733 887
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	313 699	124 000
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	518 000	511 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	110 000	110 000
Tilskot frå Ulvik kommune	900 000	600 000
Tilskot Norsk kulturråd	40 000	0
Andre offentlege tilskot	658 520	31 200
Andre tilskot	791 598	0
Sum tilskot	17 729 817	16 110 087

Note 2

Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Note 3

Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 4

Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2013	2012
Lønskostnad	7 812 194	7 430 378
Folketrygdavgift	1 288 571	1 232 804
Oppg.pl. honorar	699 211	852 532
Pensjonsytingar	391 086	421 073
Andre ytingar	103 703	83 928
	10 294 766	10 020 714
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	18,0	16,1

NOTAR for 2013
Stiftinga Nynorsk kultursentrums

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre-medlemmer
Løn, honorar og liknande	813 769	100 000	189 883

Revisor

Kostnadsfort revisjonshonorar for 2013 utgjer kr 27.500,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 4.300,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 21 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 5

Eigenkapital

	2013	2012
Grunnfond 31.12.	250 000	250 000
Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 1.1.	1 499 661	1 024 091
Årsresultat	1 260 604	625 570
Avsett til forpliktingar	-700 000	-150 000
Sum annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 31.12.	2 060 265	1 499 661
Sum eigenkapital 31.12.	2 310 265	1 749 661

Av årets resultat er kr 700.000 avsett til to definerte prosjekt, jfr årsmeldinga punkt 4.

Note 6

Tilskot til inventar/utstilling og bygg	Inventar/utstilling	Amfi/ute-kafe/utescene/stabbur/veg	Bygg	Sum
Kostpris 01.01.	10 926 700	6 703 981	43 800 000	61 430 682
+ Tilgang	473 962	0	0	473 962
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot Det kongelege kulturdepartement	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-8 924 041	-3 814 500	-43 800 000	-56 538 541
Akk. avskrivinger 31.12.	-1 534 116	-541 421	0	-2 075 537
Bokført verdi 31.12	942 505	2 348 060	0	3 290 565
Avskrivinger i år	241 012	150 348	0	391 360
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektena for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tilegne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

Note 7

Aksjar i datterselskap

Stiftinga har teikna 50% av aksjane i Allkunne AS som har forretningskontor i Ørsta kommune. Selskapet blei skipa 20.08.2008. I 2012 har stiftinga kjøpt resterande 50% av aksjane i Allkunne AS. Årsrekneskapen for 2013 syner eit overskot på kr 44.527 og sum eigenkapital på kr 463.255 per 31.12.2013. STI Nynorsk kultursentrums har eit netto kortsiktig krav på kr 25.000 per 31.12.2013 mot datterselskapet. Av dette eit krav på kr 25.000 under andre krav, og ei gjeld på kr 0 under leverandørgjelda. Aksjane er bokførde til kostpris.

REVISOR SI MELDING

Utsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Nynorsk kultursentrum, som viser eit overskot på kr 1.260.604,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, samt ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg og for slik intern kontroll, som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misgjerder eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei mening om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misgjerder eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen, som er relevant for eininga si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar, som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

HOVUDKONTOR ØRSTA:	AVDELINGSKONTOR EID:
Strandgata 7, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01	Lotevegen 21, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Stiftinga Nynorsk Kultursentrum per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret, som vart avslutta per denne datoan, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve**Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektena elles.

Ørsta, den 25.02.2014



Arvid Hovden
statsautorisert revisor

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon

Ved utgangen av 2013 eig og driv Nynorsk kultursentrum desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
 - Olav H. Hauge-senteret
 - Dei nynorske festspela
 - Nettstadene Aasentunet.no, Hauge-senet.no, Festspela.no, Tunkatten.no og Handlenett.no
 - Allkunne AS og nettstaden Allkunne.no
- I tillegg driv stiftinga
- Vinjefondet
 - Språkåret 2013

I 2013 hadde vi 67 lønte medarbeidrarar. Det blei utført i alt 20,2 årsverk.

Vi følgde opp medlemskapar i 18 institusjonar og organisasjonar, og tilsette hadde verv i 20 styre, råd og utval. Vi leidde arbeidet i tre nasjonale nettverk og hadde som før om åra jamleg kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder.

1.1 Råd

22 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar utnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Frå 1.1.2013 blei det gamle Ivar Aasen-instituttet omorganisert til Forskingssenter for skriftkultur ved Høgskulen i Volda og var med det ikkje lenger stiftar.

Rådet har vedteke at rádsmedlemer ikkje bør sitje lenger enn åtte år, og har oppmoda stiftarane om å sikre god balanse mellom kjønna. Rådet hadde desse medlemene i 2013 (utnemningsperiode i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

Hordaland fylkeskommune: Mona H. Hellesnes (2012–15), vara Jon Askeland (2012–15)

Møre og Romsdal fylke: Torleiv Rogne (2012–13), vara Jan Magne Dahle (2012–13)

Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–15), vara Brit L. Kvassheim (2012–15)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Nils P. Støyva (2012–15), vara Hege Lothe (2012–15)

Ulvik herad: Hans Petter Thorbjørnsen (2012–), vara Stig Yngve Røkenes (2012–)

Volda kommune: Rebecca Christina Riise (2012–), vara Hilde Osdal (2009–)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–15), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–15)

Forskins- og utdanningsinstitusjonar

Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–13), vara Katrin Lunde (2010–13)

Høgskulen i Sogn og Fjordane: Eli Bjørhusdal (2012–13), vara Gunnar Yttri (2012–13)

Møreforsking: Gunnar Stave (2009–14), vara Susanne Moen Ouff (2013–14)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–16), vara Einar Opsvik (2009–16)

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Hanne Siri Sund (2012–13), vara Gunnar Foss (2012–13)

Universitetet i Bergen: Endre Brunstad (2011–14), vara Ann-Kristin Helland Gujord (2011–2014)

Universitetet i Oslo: Toril Kristin Sjo (2013–14), vara Ålov Synnøve Runde (2013–14)

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet: Øystein Vangsnes (2010–13), vara Aud Kirsti Pedersen (2008–13)

Kulturinstitusjonar

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget: Ragnfrid Trohaug (2012–13), vara Edmund Austigard (2012–13)

Det Norske Teatret: Carl Morten Amundsen (2012–13), vara Astrid Driva Rødsand (2012–13)

Sunnmøre Museum: Jørgen Holte (2011–14), vara Grethe Sliper Helseth (2013–14)

Målrørsle

Noregs Mållag: Wegard Harsvik (2011–13), vara Bente Riise (2012–13)

Noregs Ungdomslag: Endre Kleiveland (2012–13), vara Aud Solveig Malmedal (2009–13)

Landssamanslutninga av nynorskommunar: Astrid Myran Aarvik (2012–13) / Solfrid Borge (2013–15), vara Rune Øygard (2011–13) / Gunnar Strøm (2013–15)

Vestmannalaget: Ingvar Pilskog (2009–14), vara Sissel-Anny Hjelmtveit (2009–14)

Arbeidsoppgåvane for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet
2. Oppnemne to styremedlemer og ein varamedlem til styret i Nynorsk kultursentrum
3. Velje revisor for Nynorsk kultursentrum
4. Drøfte faglege spørsmål og aktuelle saker etter behov og eventuelt vedta fråsegner om saker som gjeld arbeidsområdet for stiftinga, utan å binde styret.

Wegard Harsvik var rådsordførar, og sekretær var Ottar Grepstad.

1.2 Styre

Styret har sju medlemer og fire varamedlemer. Rådsordførar kan møte som observatør på alle styremøta. Sekretær var Ottar Grepstad.

Staten v/Kulturdepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekjkjefølgje, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem.

Styret i 2013 var:

Oppnemnde av Kulturdepartementet 24.3.2010–31.12.2013

Reidar Sandal, Florø, leiar (utnemnd første gongen 2010)

Bente LaForce, Hamar (utnemnd første gongen 2008)

1. varamedlem: Torunn Hovland Ljone, Ulvik (utnemnd første gongen 2010)

2. varamedlem: Reza Rezaee, Oslo (utnemnd første gongen 2010)

Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet

1.1.2012–31.12.2015

Georg Arnestad, Sogndal (utnemnd første gongen 2008)

Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø (utnemnd første gongen 2008)

Vald av rådet 1.1.2012–31.12.2015

Jon Østbø, Oslo (vald første gongen 2012)

Valde av rådet 1.1.2010–31.12.2013

Grete Riise, Bergen (vald første gongen 2010)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Toril Overå, Hareid (vald første gongen 2012)

Vald av dei tilsette 1.11.2012–31.12.2013


Anders Aanes, Volda (vald første gongen 2011, då som varamedlem)

Varamedlem Åshild Widerøe, Volda (vald første gongen 2008, då som fast medlem)

1.3 Administrasjon

Nynorsk kultursentrum hadde arbeidsavtale med 67 medarbeidrarar, mot 49 året før. Desse utførte 19,8 betalte årsverk mot 16,1 i 2011. Av dette stod dei fast tilsette for 13,5 årsverk, mot 11,9 året før. Ein medarbeidar i arbeidspraksis utførte 0,5 årsverk og frivillige 0,2 årsverk. Samla arbeidsinnsats i 2013 var dermed 20,5 årsverk.

Figur 2. Betalte årsverk 2009–2013



Desse var fast tilsette eller i vikariat:

Ottar Grepstad, direktør

Geir S. Netland, dagleg leiar Olav H. Haugesenteret (frå 1.3.)

Gaute Øvereng, dagleg leiar Ivar Aasen-tunet
Mona-Iren Auganæs, bibliotekar (omsorgspermisjon frå 5.8.)
Eirik Bergesen Dalen, dokumentasjonsansvarleg Olav H. Hauge-senteret (til 31.7.)
Guro Kristin Grønbech, vikar formidlar (frå 1.12.)
Terje Hjartnes, administrasjonssekretær
Olav H. Hauge-senteret
Milan Ilic, kafé- og kjøkkenleiar
Marita Bett Jensen, vikar formidlar
Liv Astrid Skåre Langnes, formidlar (omsorgspermisjon frå 1.6.)
Laila Walseth Lid, kommunikasjonsrådgivar
Guro Ljone, formidlar Olav H. Hauge-senteret (frå 1.9.)
Stina Aasen Lødemel, salssekretær (frå 1.1.)
Sigbjørn Mork, driftsansvarleg
Karine Munch, vikar programansvarleg
Ingrid I. Opedal, tunvert
Anna Sunniva Sørbø, vikar bibliotekar (frå 17.6.)
Anne Marta Vinsrygg Vadstein, vikar formidlar (frå 26.8.)
Åshild Widerøe, programansvarleg (permisjon)
Anders Aanes, dokumentasjonsleiar
Oddny Nupen Aarflat, administrasjonssekretær

I gjennomsnitt arbeidde kvar fast tilsett 80 timar pluss- og overtid i 2013, mot 70 timar i 2012.

Desse 33 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 4469 timeverk, mot 3929 timeverk året før:

Marit Lid Bjerkvik
Maria Jenny Bjørlykke
Eleonore Cappello
Astrid Aakre Eikrem
Eline Garras
Siri Beate Gjerde
Herman Hjertvik
Simon Hjertvik
Seline A. Ilic
Abdiaziz Kainan
Susanne Kippersund
Maria Fryd Vigdel Kolnes
Jorun A. Kornberg

Jonas Krøvel
Sunniva Morgane Leber
Kasinge Mulai
Eivind Myklebust
Øystein H. Opedal
Sunniva Widerøe Rotevatn
Ingrid L. Saure
Erlend Steinnes
Daniela Trickovic
Anna Elise Vadset
Anne Marta Vadstein
Guro Velle
Yvonne S. Viken
Ingeborg Widerøe
Heidi Ørstavik
Vebjørn Øvereng
Aslaug Marit Øyehaug
Tale B. Øyehaug
Torkil S. Aarflat
Kristin Årøen

Desse 13 var engasjerte til elevfram-syningane *Snakk om språk!*, *Mine språk*, *Luri-var og kjærleiken* og *Bli kjend med Ivar Aasen*:
Fredrik Brimsø
Aase Digernes
Runar Gudnason
Guro Kristin Grønbech
Maria Halseth
Olav Svarstad Haugland
Eirik Helleve
Silje Silden
Hans Magne Skard
Line Starheimsæter
Per Inge Torkelsen
Terje Torkildsen
Lars Tønnessen

Det samla engasjementet for desse utgjorde om lag 1800 timar, mot 1500 timar året før.

Ein medarbeidar utførte til saman 850 timar arbeidspraksis i Ivar Aasen-tunet.

Frivillige utførte 0,2 årsverk, som i 2012.

1.4 Språkåret 2013

Inger-Johanne Sæterbakk, prosjektleiar
Bente Lothe Eldholm, prosjektsekretær
Jannicke Velsvik, produsent

1.5 Verneombod

Milan Ilic var verneombod med Anders Aanes som vara. Direktør og verneombod hadde regelmessige møte gjennom året.

1.6 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

1.7 Stiftingar og aksjeselskap

Nynorsk kultursentrum eig aksjar for 100 000 kr i Allkunne AS.

1.8 Personalforvaltning

Nynorsk kultursentrum og Forskarforbundet har avtale om eit lokalt lønssystem som gjeld for alle tilsette, og som byggjer på alternativ B i museumsovereinskomsten i Virke.

Nynorsk kultursentrum har signert samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv med Arbeids- og velferdsetaten. På denne måten systematiserer vi arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø betre.

1.9 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrum var medlem av desse 18 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal (frå 2000)
- Norsk Kulturhusnettverk (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv (frå 2003)
- Norsk Bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske Festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- Virke (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)
- Litteraturnettverket (frå 2008)
- Virke-nettverk for reiseliv (frå 2011)
- Virke-nettverk for museumsdirektører (frå 2010)

- Hanen, nettverk for bygde- og gardsturisme (frå 2010)

1.10 Verv og representasjon

Tilsette hadde verv og representasjonsoppgåver i 24 styre, råd og utval, mot 21 året før:

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Norske Festivaler: Åshild Widerøe, medlem (2007–2013)
- Grimstad bys museer: Ottar Grepstad (styremedlem 2008–14)
- Styringsgruppe for hundrearssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–13)
- Språkrådet: Ottar Grepstad, styremedlem 2006–10, styreleiar 2010–14
- Musea i Møre og Romsdal: Gaute Øvereng, styremedlem (2011–)
- Norske Festivaler: Åshild Widerøe, medlem (2007–11)
- Ørsta Reiselivslag: Gaute Øvereng (varamedlem 2011–)
- Fehn-forum: Gaute Øvereng (leiar, 2011–), Ottar Grepstad (2008–)
- Allkunne: Ottar Grepstad, hovudredaktør (2007–)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad (leiar), Gaute Øvereng, Anders Aanes (2008–), Eirik Bergesen Dalen (2011–)
- Interimstyre Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)
- Norsk Barneblad: Gaute Øvereng (varamedlem styret 2009–12)
- Norsk Barneblad: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (vararådsordførar 2009–12)
- Ressursgruppe for nynorsk i Kunnskapsdepartementet: Ottar Grepstad (2012–13)
- Venelaget Olav H. Hauge: Terje Hjartnes (varamedlem styret 2012–13)
- 150-årsnemnda til Det Norske Samlaget: Ottar Grepstad (2012–13)
- Nynorsk forum i Sogn og Fjordane: Ottar Grepstad (2012–)

- Styringsgruppe Nynorsk avissenter: Ottar Grepstad (2013–)
- Frukostforum i Volda: Ottar Grepstad, Gute Øvereng
- Fagråd for Forskingssenter for skriftkultur ved Høgskulen i Volda: Georg Arnestad (2013–14)
- Referansegruppe regional kulturplan for Hordaland fylkeskommune: Geir S. Nettland (2013–14)
- Jury Årets lokalavis 2013: Ottar Grepstad
- Referansegruppe for historia om Norsk kulturråd: Ottar Grepstad (2013–)

1.11 Nynorsk Forum

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan som i 2013 hadde 20 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter som medlemer. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta.

Vi leidde også i 2013 arbeidet. Nynorsk Forum hadde tre møte og handsama i alt 22 saker. Utanom informasjonsutveksling og samordning var dei viktigaste sakene nynorskprioriteringar i statsbudsjettet, oppfølging av språkmeldinga og opplæringspolitikk for nynorsk.

1.12 Fehn-forum

Seks museum har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Musea møtest til vanleg minst ein gong i året. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt.

Forumet hadde ingen møte i 2013.

1.13 Litteraturnettverket

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrum 7.11.2008 Litteraturnettverket. Dette skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrker litteraturens plass i Noreg. Ved årsskiftet var

29 driftseiningar ved 14 litterære museum med.

Nettverket hadde to møte, i Ørsta og på Kongsvinger, og dreiv verksemda i samsvar med arbeidsplan 2011–2014. Eitt fellesprosjekt blei gjennomført – forfattarturné i Språkåret 2013, med 40 000 kr i tilskot frå Kulturrådet.

1.14 Forskingssenter for skriftkultur

For Nynorsk kultursentrum var Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartner like frå 1993.

Frå 1.1.2013 er instituttet omorganisert til Forskingssenter for skriftkultur og lagt inn under ei avdeling som no heiter Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Forskingssenteret blir eiga budsjetteining, og det er oppnemnt eige fagråd der Nynorsk kultursentrum er representert.

Frå og med 2012 samarbeider vi om fagdag for masterstudentar i nynorsk skriftkultur, og frå instituttet.

1.15 Nynorsksenteret

Nynorsksenteret – Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Denne arbeidsdelinga har kome under press gjennom oppdragsbreva frå Utdanningsdirektoratet til senteret.

I 2013 gjennomførte vi Nynorsk barnebokveke i samarbeid med m.a. Nynorsksenteret.

1.16 Andre samarbeidspartnarar

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem

jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde i mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Denne utoverretta verksemda kravde svært mykje arbeids- og reisetid i 2013.

1.17 Planar som styringsreiskap

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse ti langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Visjon og strategi (2013)
- Sikring og bevaring (2013)
- Samling og dokumentasjon (2012)
- Utstilling og formidling (2013)
- Digitale tenester (2012)
- Dei nynorske festspela (2013)
- Kulturprogram (første gong 2009)
- Kommunikasjon (2013)
- Butikk (2012)
- Kafé (2010)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med to års mellomrom.

2 Felles

Fellesavdelinga auka driftsinntektene med 34 % frå 2,1 millionar kroner i 2012 til 2,8 millionar kroner i 2013. Med finansinntekter gav drifta eit overskot på 179 000 kroner, mot eit underskot på -139 000 kroner i 2012.

2.1 Mål og strategi

Avdelinga har vore i drift frå 1.1.2011 med direktøren som leiar. Dette gir institusjonen ei smidig organisering som gjer at kultur- og

museumsfaglege funksjonane blir verande sterke og helst styrkte, dekkjer dei merkantile funksjonane, sikrar mest mogleg utoverretta arbeid og gjer vidare ekspansjon mogleg.

Styret la vekt på å få til ein slitesterk og meir personuavhengig organisasjon, kort veg til overordna og avgjerder, og godt handlingsrom for sjølvstendig arbeid. Ivar Aasen-tunet skal framleis ville vere ein attraktiv arbeidsplass og utviklinga av Hauge-senteret skal ikkje svekkje Aasen-tunet. Omorganiseringa kan også frigjere noko tid og krefter for direktøren til beste for nynorsken.

2.2 Bygningar og uteområde

Ansvaret for å forvalte bygningar og uteområde ligg til dei ulike driftsavdelingane.

2.3 Forankring

Fellesavdelinga g den nasjonale og internasjonale forankringa av verksemda i Nynorsk kultursentrum.

2.4 Organisering

Fellesavdelinga hadde ved utgangen av året ein fast tilsett, direktøren. I tillegg er 25 % av stillingane administrasjonssekretær og kommunikasjonsrådgivar knytt til denne funksjonen.

Direktøren oppretta frå hausten 2011 ei leiargruppe der dei to daglege leiarane også er med.

Fellesavdelinga brukte i 2013 ein god del ekstra tid til arbeidet med Språkåret 2013.

2.5 Innhold

Fellesavdelinga dekkjer alle fellesfunksjonar i Nynorsk kultursentrum, førebud alle møte i styre og råd, samordnar verksemda i driftsavdelingane, driv strategisk utvikling, arbeider særleg med strategi og organisering, utvikling av nye tiltak og leier det språkpolitiske arbeidet i institusjonen.

Ei viktig sak i personalforvaltninga var etablere den første komplette HMT-planen frå 1.2.2013.

Dei viktigaste kulturfaglege bidraga i 2013 var bøkene *Historia om Ivar Aasen* og

Språksansen. Kalender for all verdas språk, begge skrivne av Ottar Grepstad, *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*, dokumentasjonen *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906 – 2017*, og arbeidet med erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret».

Saman med Språkåret 2013 gjennomførte vi i november 2013 ei spørjeundersøking i regi av Ipsos MMI om synet på Ivar Aasen, den norske språksituasjonen og om eigen bruk av skriftspråk. Spørsmåla og metoden var dei same som i 2012.

Det daglege arbeidet var prega av omfattande deltaking på møte og seminar med uvanleg mange foredrag i 2013. Saman med Det Norske Teatret arrangerte vi det språkpolitiske seminaret «Nynorsk på fleire scener» i Oslo 15.10. Det blei eit av dei arrangementa i Språkåret 2013 som utløyste mest debatt og kanskje får nokon til å endre mening.

Møre og Romsdal fylkeskommune løvde 100 000 kroner til prosjekt i Språkåret. Summen blei overført til Nynorsk kultursentrum, som stod fritt i forvaltninga og fordelinga av midlane. Bruken er dokumentert i årsrapport frå Språkåret.

2.6 Høyringsfråsegnar

Nynorsk kultursentrum gav i 2013 høyringsfråsegnar om framlegg til boklov og innstillinga frå Enger-utvalet, og vi gav innspel til Kulturløftet 3. Desse var alle saman handsame i styret.

2.7 Årets nynorskbrukar

Prisen «Årets nynorskbrukar» blei i 2013 delt ut for 14. gong. Prisen gjekk til filosofen Gunnar Skirbekk, Bergen, for arbeidet med å fornye tenkinga om ein gyldig og framtidsetta opplæringspolitikk for nynorsk, og for slitesterk evne til å halde oppe nynorsk som eit smidig språk for tenking.

Prisen var frå 2013 auka til 100 000 kroner, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst og blei overrekt av styreleiar Reidar Sandal under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 27.6.

3 Ivar Aasen-tunet

Ivar Aasen-tunet auka driftsinntektene med 23 % frå 14,1 millionar kroner i 2012 til 17,4 millionar kroner i 2013. Drifta gav eit resultat på 686 000 kroner, mot 501 000 kroner året før.

Den økonomiske utviklinga er utdjupa i kap. 16.

3.1 Mål og strategi

Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingscenter for nynorsk skriftkultur, og eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Rekna i tal tilsette er Ivar Aasen-tunet det største litterære museet i landet, og vi er framleis det einaste språkmuseet i Norden.

Ivar Aasen-tunet er både arkiv, bibliotek og museum, produserer utstillingar og utviklar eit breitt kulturprogram, driv Dei nynorske festspela og fleire nettstader, har kafé og butikk som ein svært viktig del av publikumstilbodet, som også femner om mange andre tenester.

Dokumentasjonssenteret har to hovudoppgåver: ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemrd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden aasentunet.no.

Ivar Aasen-tunet skal vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtil litt. Verksemda følgjer den strategien som er nedfelt i visjonsdokumentet, sjå kap. 2 i styrets årsmelding.

3.2 Bygningar og uteområde

Nynorsk kultursentrum eig fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterkt inntrykk på mange.

Hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet er heidra med A. C. Houens fonds diplom for framifrå byggjekunst. Dette er ein av dei vakraste og mest særmerkte bygningane i

landet, med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2013.

I 2013 var Galleriet utleidt til Språkåret 2013.

3.3 Forankring

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. Ivar Aasen-tunet samarbeider både med kommunar, skular og næringssliv i begge vertskommunane, og det er tydeleg at mange ser på Ivar Aasen-tunet som ein viktig institusjon.

Nasjonalt har verksemda i Ivar Aasen-tunet vunne tillit og respekt, og Ivar Aasen-tunet er blitt ein nasjonal institusjon. Institusjonen er blitt ein stad å vende seg til med fagspørsmål, lån av utstillingar, erfaringsutveksling og språk- og litteraturpolitisk dokumentasjon.

Også i 2013 hadde vi det årvisse møtet i kontaktforum for vertskommunane der også fylkeskommunen var med. Hovudsaka på møtet var å utvikle eit samarbeidsavtale om Dei nynorske festspela.

3.4 Organisering

Ivar Aasen-tunet hadde ved utgangen av 2013 elleve fast tilsette i 10,4 stillingar – dagleg leiar, fire kulturfaglege og seks driftsfaglege medarbeidarar.

3.5 Innhold

Verksemda er utdjupa i kap. 8–14.

4 Olav H. Hauge-senteret

Olav H. Hauge-senteret auka driftsinntekten med 38 % frå 2,4 millionar kroner i 2012 til 3,3 millionar kroner i 2013. Drifta gav eit resultat på 407 000 kroner, mot 263 000 kroner i 2011.

Den økonomiske utviklinga er utdjupa i kap. 16.

4.1 Mål og strategi

Olav H. Hauge-senteret er eit dokumentasjons- og formidlingscenter for Olav H. Hauge sitt liv og verk, og eit senter for lyrikk i alle former. Det finst i dag ikkje noko liknande senter for denne litterære sjangeren i Noreg. Eit langsiktig mål er å gjere hauge-senteret.no til den viktigaste nettstaden for lyrikk.

Olav H. Hauge-senteret blir både eit fysisk anlegg i heradshuset i Ulvik og eit digitalt tilbod på haugesenteret.no. Senteret skal huse basisutstilling, temautstillingar, lyrikkbibliotek, gjenstandsmagasin og arkiv, særleg med materiale av og om Hauge, gi ulike formidlingstilbod, gjennomføre arrangement og drive museumsbutikk.

Fundamentet for senteret er å dokumentere og formidle Hauges liv og verk, mellom anna ved å samle og organisere tekstar av og om Hauge og å gjere desse tilgjengelege for allmenta og for vitskapen. Senteret skal gi eit godt tilbod til dei som er interesserte i lyrikk og gjere lyrikk tilgjengeleg for dei som ikkje kjenner så godt til denne sjangeren.

Hausten 2013 blei det inngått avtale mellom Nynorsk kultursentrums og Ulvik herad om å overta ansvar og drift av Ulvik poesi-festival. Avtalen gjeld frå 2014. Poesifestivalen får eige budsjett og vil styrke Hauge-senteret sin posisjon fagleg og gje ei breiare kontaktflate mot publikum.

4.2 Bygning og uteområde

Olav H. Hauge-senteret leiger delar av det gamle heradshuset i Ulvik sentrum frå Ulvik herad, som sjølv dekkjer husleiga.

Senteret har disponert om lag 150 m², der om lag 100 m² har blitt nytta til utstillingar og anna formidling, medan resten går med til drift og kontor. I tillegg deler Hauge-senteret eit fellesareal på 330 m² med andre leigetakrar, medrekna heradsstyresalen som også har blitt nytta til møte og arrangement.

I 2013 fekk vi avklart at Hauge-senteret i ny leigeavtale frå 2014 kan overta meir areal, i alt 90 m². Dette gir plass til resepsjon, museumsbutikk og kontor for alle tilsette i 1.

etasje, og utstillingsarealet blir utvida til om lag 135 m² fordelt på seks utstillingsrom.

4.3 Forankring

Olav H. Hauge-senteret har god kontakt og godt samarbeid med Ulvik herad som er villige til å satsa på oppbygging og utvikling av senteret. Det er også etablert samarbeid med Hordaland fylkeskommune og med andre museumsinstitusjonar i Hordaland.

I tillegg samarbeider vi med Venelaget Olav H. Hauge og Olav H. Hauge-stiftinga, som begge har gjort eit verdfullt arbeid med å vinne tilslutning og leggje til rette for realisering av ideen om Olav H. Hauge-senteret.

4.4 Organisering

Olav H. Hauge-senteret hadde ved utgangen av 2013 tre fast tilsette – dagleg leiar, administrasjonssekretær og formidlar (frå 1.9.). Stillinga som dokumentasjonsansvarleg stod då ledig. Med dette er dei fire stillingane oppretta som har vore planlagde.

Styret oppnemnde i 2011 ei utstillingsgruppe og eit fagråd for Olav H. Hauge-senteret, begge for tidsrommet 2011–2014. Utstillingsgruppa hadde fire møte og fagrådet hadde eit møte i 2013.

4.5 Innhold

Verksemda er utdjupa i kap. 8–14.

5 Vinjefondet

Vinjefondet fekk i 2013 547 490 kroner i friske midlar og brukte i alt 489 000 kroner.

Styret i Nynorsk kultursentrum løvde 525 000 kroner til to prosjekt. Midlar til eit prosjekt frå 2011 blei betalt attende, og difor blir 59 000 kroner overførte til 2014. Av samla kostnader utgjorde administrasjonskostnadene 34 000 kroner, eller 7 %.

5.1 Mål og retningslinjer

Vinjefondet skal styrke nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på ny-

norsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.

Fondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, vere med og gjere nynorsk til eit sjølvsagt språk i alle typar media, og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i ulike media.

Styret vedtok hausten 2009 retningslinjer som Kultur- og kyrkjedepartementet godkjende og som gjeld frå 1.1.2010. Departementet skal godkjenne eventuelle seinare endringar- Retningslinjene blir vurderte i 2014.

5.2 Organisering

Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane.

Av praktiske grunnar var ikkje fagrådet for Vinjefondet i funksjon i 2012. I staden dekte fagrådsleiar Magni Hjertenes Flyum den funksjonen fagrådet skal ha.

Fellesavdelinga la til rette for fagråd og styre.

5.3 Tildelingar

Etter innstilling frå fagrådet løvde styret i Nynorsk kultursentrum 525 000 kroner til to tiltak:

- Firda Media AS, Førde: 300 000 kroner til Nynorsk avissenter
- Framtida.no, Oslo: 225 000 kroner til engasjement journalist i Språkåret

Frå og med 2010 har Vinjefondet no løvt 2 370 000 kroner til ni prosjekt.

6 Allkunne AS

Allkunne passerte i 2013 10 000 publiserte artiklar, fekk mange fleire brukarar og var det mest brukte norske oppslagsverket i sosiale medium.

6.1 Fagleg arbeid

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 11 738 artiklar, mot 8365 ved utgangen av 2011. 1874 artiklar var originalskrivne for

Allkunne, medan 9914 var omsette frå Caplex, mot 1670 og 856 i 2012.

Talet på brukarar auka med 43 % frå 76 092 i 2011 til 108 655 i 2013.

6.2 Økonomi

Driftsinntektene var på 2,4 millionar kr, mot 2,1 millionar kr året før. Eingongshonorar til forfattarar, fagkonsulentar, omsetjarar og språkrettarar utgjorde 762 000 kr mot 844 000 kr i 2012. Drifta gav eit overskot på 45 000 kroner. Ubrukte midlar på 364 000 kroner frå tidlegare år blei overførte til 2014.

6.3 Organisering

Allkunne AS er eit heileigd datterselskap i Nynorsk kultursentrum. Styret i Nynorsk kultursentrum er også styre for Allkunne AS.

Allkunne hadde to tilsette: dagleg leiar Audhild Gregoriusdotter Rotevatn og redaksjonssekretær Stina Aasen Lødemel (60 %).

I redaksjonen sat Ottar Grepstad (hovudredaktør), historikar Silje de Amoroza, frilansjournalist og realvitar Kjerstin Gjengedal, lektor Vibeke Lauritsen og førsteamanuensis Svein Tuastad.

Redaksjonen arbeidde særleg med redaksjonell utvikling, vurdering av manuskript, innhaldsutvikling og strategiske prioriteringar.

7 Språkåret 2013

Språkåret var året som verka.

I Språkåret endra truleg om lag 250 000 nordmenn meningar om språk og språkpolitikk. Dobbelt så mange nordmenn visste om Språkåret då prosjektet blei avslutta enn før det blei opna. Så godt som kvar einaste dag gjennom heile 2013 var det eitt eller fleire språkårsarrangement, men aktiviteten var størst etter sommaren.

Språkåret prioriterte stort sett det som skulle prioritertast, og det vil alltid vere slik at noko av det ein prøver å få til, ikkje går som ein

har tenkt. Svært mykje gjekk bra, men på nokre punkt burde oppgåver ha vore løyste på anna vis, og nokre viktige initiativ ført fram – slik vil det alltid vere. Dei røyslene Språkåret gjorde, høver for utdjuande analysar gjennom forsking.

Framstillinga nedanfor er samandraget i årsrapporten frå Språkåret.

7.1 Bakgrunn og organisering

Frå den første, lause ideen strekte arbeidet med Språkåret seg over 11 år. Etter idéfase 2003–2009 og utviklingsprosjekt 2011 kom etableringsfasen i 2012, gjennomføringsfasen i 2013 og avviklinga vinteren 2014.

Regjeringa Stoltenberg gav Nynorsk kultursentrum i oppdrag å utvikle og organisere Språkåret. Dei ideane som blei forma tidleg i arbeidet, prega i stor grad også gjennomføringa og resultatet. Det gjekk sju år frå idé til første løyving, og frå då av gjekk alt fort.

Språkåret blei organisert som eit billig og effektivt prosjekt på sjølvstendig grunnlag, men med målretta bruk av røysler og system frå Nynorsk kultursentrum, som forvalta prosjektet.

Eit sekretariat med tre tilsette samordna og organiserte det heile på grunnlag av ein prosjektplan som låg føre 1.2.2012.

7.2 Innhold og aktivitet

Det blei gjennomført over 3300 arrangement med til saman 149 000 gjester. I gjennomsnitt var dermed 45 gjester med på kvart arrangement. Språkåret hadde aktivitet i fem land, i alle dei norske fylka, i halvparten av alle kommunane, og nesten kvar einaste dag gjennom året. Berebjelken for all aktivitet var sju basisarrangement på ulike stader i landet frå 2.1. til 6.12.

Det blei arbeidd systematisk med å få inn informasjon om gjennomførte tiltak, men Språkåret inneheldt nok meir enn det som er registrert og dokumentert.

Arrangement og tiltak dekte alle dei språka som var prioriterte i prosjektplanen, og mange andre. Språkåret dekte alle dei fem måla som var sette opp for tiltaket.

Det einaste større problemet har vore å utløyse like sterkt engasjement for bokmål som for nynorsk, urfolksspråk eller minoritetsspråk. Språkåret opna stengde dører mellom dei minoritetsspråklege miljøa og skapte ein ny språkpolitisk arena for desse gruppene.

7.3 Kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet blei konsentrert om få, store tiltak og sosiale medium. Den største satsinga var Språkmagasinet, spreidd i 345 000 eksemplar over heile landet i mars 2013. Dette gav eit samla, men framleis førebels program.

Særleg vellykka var bruken av Facebook, der Språkåret til slutt hadde 3000 følgjarar. Særleg i lokale massemedia utløyste Språkåret mange debattinnlegg og meiningsutringar.

7.4 Økonomi

Driftsbudsjettet blei vesentleg lågare enn føresett i prosjektplanen 1.2.2012. Aktiviteten blei derimot mykje større enn den same prosjektplanen la opp til.

Språkåret hadde samla inntekter på nær 8,7 millionar kroner i åra 2011–2014. Det aller meste av desse inntektene var prosjekttilskot frå Kulturdepartementet. I alt fordelte Språkåret over 1,9 millionar kroner til om lag 40 store og små prosjekt over heile landet.

7.5 Året som aldri sluttar

I Språkåret kom det fram mykje ny kunnskap som vil vere til nytte i lang tid framover. Kanskje var det Østfold som hadde mest nytte av Språkåret gjennom dei mange og uventa tiltaka som fremja stolt dialektbruk og tok til motmæle mot vanlege oppfatningar av språkleg status.

Meir enn 25 prosjekt blir ført vidare etter 2013, og Nynorsk kultursentrum tek på seg ansvaret for den første oppfølginga. Språkåret *blei* året som ikkje slutta.

8 Samling, dokumentasjon og formidling

Samlingane auka med 5 % fra 79 946 gjenstandar i 2012 til 83 944 gjenstandar i 2013. Av dette utgjorde kulturhistoriske gjenstandar 65 %, fotografi 35 % og kunsthistoriske under 1 %.

På tampen av året blei boksamlinga etter Olav H. Hauge flytt til Hauge-senteret. Samlinga er katalogisert, men ikkje rekna med i tala i dette kapitlet.

Om lag 21 % av samlingane våre var tilfredsstillande registrerte, som året før.


Vi hadde 20 eigne forskings- og dokumentasjonsprosjekt i arbeid i eigen regi.

8.1 Samlingsforvaltning

Samlingane aukar jamt og trutt, jamfør avsnitt éin ovanfor. Det er likevel ei utfordring å halde orden, når ein ønskjer å bruke ressursar på mange andre prosjekt. Veksten i gjenstandar skriv seg frå digitale foto, som vi 3686 fleire av i 2013. Bruksfoto for marknadsføring er ikkje rekna med.

Det er likevel sannsynleg at talet kjem til å gå ned. Det er blitt oppretta eit eigen mappestuktur for foto som skal registrerast i Primus, der dei historiske fotoa har unike nummer. Det er dette talet som vil gjelde når vi har fått overført det meste dit. Oppgåva krev svært mykje tid.

Figur 3. Gjenstandar i alt 2009–2013



Omgrepet *gjenstandar* er brukt om tilvekst av trykte skrifter, arkivmateriale, audiovisu-

elle medium, tradisjonelle gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Samlinga av kulturhistoriske gjenstandar auka totalt med 312 gjenstandar, mot 408 året før. 303 trykte skrifter og 32 av-medium utgjorde tilveksten, medan vi kasserte 22 bøker. Det var ingen tilvekst i arkiva, utanom uordna materiale i artikkelarkivet.

Biblioteket kjøpte i 2013 inn 77 trykte skrifter, cd-ar, dvd-ar og abоннerte på 58 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk vi 233 trykte skrifter i gåve. I tillegg har gåver frå tidlegare år blitt registrert i BIBSYS i 2013, om lag 100 titlar.

Biblioteket hadde totalt 505 utlån i 2013 mot 501 i 2012. Samlingane våre blei brukte av tilsette og i samband med utstillingar, og vi hadde i tillegg utlån og sende kopiar til andre bibliotek. Det var også eksterne brukarar som kom til Aasen-tunet for å bruke samlingane på staden.

Bibliotekdelen av samlingane er blitt registrert i BIBSYS-basen sidan 2001. Ny tilvekst som innkjøp og gåver blir jamleg registrert, og den prioriterte delen av Djupedal-samlinga faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk er ferdig registrert. Totalt 8615 eksemplar i Djupedal-samlinga var å finne i BIBSYS ved utgangen av 2013.

I tillegg kom 6544 trykte skrifter og av-medium som utgjer tilveksten til samlingane elles sidan 2001. Med 636 nye titlar som blei katalogiserte i 2013, hadde vi i alt 15 159 titlar i BIBSYS per 31.12.2013.

Arkivmateriale blir det brukt lite tid på å registrere. Vi har ikkje arkivprogrammet ASTA, og har førebels ikkje tenkt å skaffe det.

Samlinga av tradisjonelle gjenstandar skal registrerast i dataprogrammet PRIMUS. No er kjernen i Aasen-samlinga registrert, men mykje arbeid står att.

Av plassgrunnar fører vi ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og

arkivmateriale. Vi tok ikkje imot større samlingar eller arkiv i 2013.

8.2 Samlingar i Ivar Aasen-tunet

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

Ivar Aasen-samlinga: 228 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Då vi tok over Ivar Aasen-museet i 2000, deponerte Sunnmøre Museum Aasen-samlinga for fem år i Ivar Aasen-tunet. Vi tok i 2005 initiativ til avtale om permanent overføring. Dette blei følgt opp av Sunnmøre Museum først i 2009, og av praktiske grunnar blei det då gjord ein ny deponiaavtale.

Reidar Djupedal-samlinga: Samlinga på 34 500 band innehold bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitenskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk. Rundt 19 400 band av desse er registrerte. I tillegg kjem 22 kartongar med aviser, blad og avisklipp.

Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet har vore deponert i Ivar Aasen-tunet, og var avtalefesta fram til 2005. Dette blir følgt opp i 2014.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Samlinga er ordna alfabetisk i tre kategoriar: skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent, og inneholder også avisklipp. Vi sende i august 2013 framlegg til ny deponiaavtale med Det Norske Samlaget.

Arkiv for norsk målreising: Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisklipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Det

Norske Samlaget eig arkivet, som har vore deponert her sidan hausten 2005. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp. Vi sende i august 2013 framlegg til ny deponiavtale med Det Norske Samlaget.

Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005:
155 kassettar og permar.

Medieklipp: Vi slutta å arkivere papirklipp våren 2005 og gjekk over til digital klipptene som også i 2013 blei levert av Retriever. Artikkelsamlingen blei formelt nedlagt frå 1.1.2010, men vi tek likevel vare på klipp vi kjem over.

8.3 Samlingar i Olav H. Hauge-senteret

Olav H. Hauge-senteret har førebels lite eige materiale. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor

Olav H. Hauges boksamling er registrert i Micromarc av Ulvik folkeboksamling og tel 6237 eksemplar. Olav H. Hauge-stiftinga eig samlinga. Etter avtale med Olav H. Hauge-stiftinga og i samarbeid med eigaren av Rossvoll flytta vi samlinga frå Rossvoll til Hauge-senteret i november 2013. Med hjelp frå biblioteksjefen ved Ulvik folkebibliotek gjekk vi gjennom heile samlinga på ny i Micromarc då bøkene blei pakka ned på Rossvoll.

Hauge-materiale: Sidan opninga i 2011 har Hauge-senteret fått inn ein del Hauge-relatert materiale, til dømes bøker, notatbøker, fotografi og kopiar av brev skrivne av Hauge. Arbeidet med å registrere dette blei sett i gang i 2013.

Foto: Vi skaffa ein god del fotografisk materiale i 2012. Bodil Cappelen har gitt store delar av si private fotosamling til Hauge-senteret, og til no er 105 av desse biletene digitaliserte. Mesteparten er fotografi frå 1970- og 80-åra som ikkje har vore offentleggjorde før. I tillegg har vi fått ein heil del originalar av tidlegare publiserte bilete.

8.4 Jon Fosse-arkivet

Styra i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrums vedtok å arbeide vidare for å realisere planane for Jon

Fosse-arkivet, og utnemnde i 2008 representantar til eit interimstyre med Ottar Grepstad frå Nynorsk kultursentrums som leiar.

Arbeidet held fram i 2014.

8.5 Kunstsamling

Nynorsk kultursentrums byggjer år for år varsamt opp ei kunstsamling. I 2013 kjøpte vi ingen kunstverk, men vi fekk fem kunstverk i gåve. Ved utgangen av året eigde vi 52 biletkunstverk.

8.6 Sikring og bevaring

Arbeidet blei følgt opp på grunnlag av *Sikrings- og bevaringsplan nr. 4 2013–2015*. Prioritere siktungs- og bevaringstiltak blei gjennomførte. I 2010 laga vi ein plan for renovering av gjenstandsmagasinet i Ivar Aasen-tunet. Denne føreset tilskot frå Kulturrådet i tillegg til eigenfinansiering.

8.7 Dokumentasjon og forsking

Nynorsk kultursentrums arbeidde i 2013 med 20 eigne dokumentasjons- og forskingstiltak, som i 2012. Fleire av desse resulterte i publikasjonar i 2013, og fleire blei avslutta i Språkåret 2013.

Grunnlaget for arbeidet var *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2012–2014*, vedteken i styret 5.6.2012. Frå no av er Olav H. Hauge-senteret integrert i planen.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepene *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. Vi legg som før vår eigen definisjon til grunn: «Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidingsa kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse».

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt

perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjon femner såleis også om organisering og innsamling, ikkje berre bearbeiding.

Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

Lista yver Ivar Aasen-boksamlingi (frå 1946): Denne lista blei laga av fakultetsbibliotekar Kaare Haukaas. Lista er digitalisert og klar for publisering.

Språkfakta (frå 1998): Denne dokumentasjonen av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Arbeidet har resultert i publikasjonane *Språkfakta Sogn og Fjordane 1616–2012* (2012), *Språkfakta 2010* (e-bok 2010), *Nynorsk faktabok 1998* og *Nynorsk faktabok 2005*, dessutan «Lommefakta om språk» i *Ivar Aasen-almanakken 2010–11*. Dokumentasjonen femner om alt språk i Noreg og ein del språk i Norden, Europa og andre verdsdelar. Grunnlaget for neste publikasjon *Språkfakta 2014* blei lagt i 2012.

Nynorskbasen (frå 2001): Som ein del av arbeidet med det prosjektet som i 2008 fekk namnet *Allkunne*, har vi sidan sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*. Dette er ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2012 var det registrert informasjon om 3606 personar. Dette året blei det ikkje prioritert å oppdatere dette dokumentet. 16 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2831

personar, for intern bruk. Allkunne har teke over materialet for vidare oppdatering.

Nettbiblioteket (frå 2001), frå 2009 *Litteratur*, er den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk og dialekt frå fleire hundreår. Eit delprosjekt er i arbeid med mål om å gjere fleire litterære samtidstekstar tilgjengelege. Om lag 30 forfattarar eller etterkomarane deira blir spurde om løyve til å publisere utvalde tekstar og tekstutdrag.

Nynorske dikt og songar (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.

Artikkellarkivet (frå 2001). Dette arkivet inneheld avis- og medieklipp på papir, mest om enkeltpersonar, men også noko om institusjonar og hendingar. Frå og med 1.1.2011 blir arkivet ikkje bygt systematisk ut vidare, men får tilfeldig tilvekst. Dette har frigjort arbeidstid, men også gjort det vanskelegare å halde aktualitetshylla i basisutstillinga a jour og kan påverke arbeidet med nye tema-utstillingar.

Ivar Aasen-bibliografi (frå 2002): Ein avgrensa bibliografi over skrifter om Ivar Aasen (1841–2002) er publisert på aa-sentunet.no. I 2013 publiserte vi *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*. Publikasjonen blir oppdatert i 2014 og seinare utvida med skrifter om Ivar Aasen.

Det nynorske Noregskartet (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, nynorsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon fra Postverket.

Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen" (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykle brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Delar av materialet blir publisert i 2013. blei brukt i *Historia om Ivar Aasen*.

Historia om Ivar Aasen-museet (frå 2003): Vidare dokumentasjon blei samla inn også i 2013.

Digitalisering av Fedraheimen (frå 2005): I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å publisere dei 14 årgangane av Fedraheimen i latinsk fulltekst på Internett. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Prosjektet byggjer på eit nært samarbeid med Norsk Ordbok 2014, som har stått for digitalisering og korrektur, medan vi legg til rette for brukarvennleg publisering. Ved utgangen av 2013 var årgangane 1877–1886 ferdig publiserte.

A world of languages (frå 2008) I 2009 la vi fram ein første dokumentasjon av museum for språk og skriftkultur verda rundt. Dette oversynet blir oppdatert og utvida i 2014.

Historia om Ivar Aasen (frå 2009): Gjennom årlege foredrag under Dei nynorske festspela 2009–13 la vi fram ny kunnskap om og fleire perspektiv på Ivar Aasens liv og verk. Desse foredraga var ein del av grunnlaget for biografien *Historia om Ivar Aasen* som Ottar Grepstad gav ut i 2013.

Olav H. Hauge-relatert materiale (frå 2010): Forprosjektleiar Guro Ljone fullførte i 2011 ein omfattande dokumentasjon av *Olav H. Hauge-relatert materiale* som blir oppdatert jamleg og vere til stor nytte i det vidare arbeidet.

Digitalisering av avisårgangar (frå 2011): I samarbeid med Senter for Digitalisering av Kulturven i Ålesund skanna vi i 2011 svært mykje avismateriale – alle årgangane av *Fedraheimen* 1877–91, dessutan årgangar av *Nynorsk Vekerblad*, *Dølen*, *Den 17de Mai*, *Nordmannen*, *Vestmannen* og *For Bygd og By*. Det blir arbeidd med å få publisert dette materialet på aasentunet.no i 2014.

Språksansen. Store og små historier dag for dag om all verdas språk (frå 2011): Historier om hendingar i og med språk blir knytt til kvar einaste dag gjennom året. Stoffet blei i 2013 publisert i ei førebels utgåve som dag-for-dag-oppslag på språkåret.no, og som bok

i utvida form – *Språksansen. Kalender for all verdas språk*.

Brev til Ivar Aasen (frå 2011): 209 brev skrivne til Ivar Aasen er blei digitaliserte av Eirik Helleve. Dette er noko under halvparten av alle breva til Ivar Aasen som ligg i Nasjonalbiblioteket. Nær 150 av desse breva blei puliserte på aasentunet.no til 200-årsdagen 5.8.

Ivar Aasens bøker (frå 2012): I mai 2012 skanna vi eit utval bøker frå Ivar Aasen-boksamlinga. Eit utval av desse bøkene blei gjorde tilgjengelege i den digitale stasjonen «Skrivebordet» i basisutstillinga i 2013.

Hauge-arkivalia (frå 2012): Hauge-senteret arbeider systematisk med å få oversyn over arkivmateriale ved andre institusjonar, særleg det som ligg i Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. I 2012 digitaliserte vi nær 1600 sider frå kladdebøker og manusbunkar frå dette materialet. Her finst tidlege versjonar av kjende dikt, upubliserte dikt, notatar og kladdar. Kladdebøkene er til hjelp i datering av enkeltdikt. Dei eldste papira er frå 1920-talet, dei nyaste frå 1980-talet.

Hauge-bibliografi (frå 2012): Arbeidet med denne tok til i 2012. Vi arbeider i første omgang systematisk med oversyn over alle Hauge-dikt som blei publiserte i periodika før debuten, både eigne dikt og gjendiktingar.

Mastergrad i nynorsk skriftkultur (frå 2002): Hausten 2003 tok det dåverande Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Frå og med 2012 arrangerer vi fagdag for desse masterstudentane i samarbeid med Forskingssenter for skriftkultur.

9 Utstillingar og formidling

Driftsinntektene for budsjettavdelinga Utstillingar i Ivar Aasen-tunet auka med 38 %


frå 2837 000 kroner i 2012 til 3 914 000 kroner i 2013. Drifta gav eit overskot på 192 000 kroner, mot eit underskot på -136 000 kroner året før.

Medrekna elevprogram hadde utstillingane i Aasen-tunet 15 701 gjester, mot 11 188 året før. Frårekna turneane hadde utstillingane i Aasen-tunet 6175 gjester, mot 4142 i 2012. Temautstillingane i Hauge-senteret hadde 168 gjester.

Aasen-tunet laga éi ny temautstilling i 2013: *Språksamlaren Ivar Aasen 1813–1896*. I alt viste Hauge-senteret og Aasen-tunet åtte temautstillingar i 2013.

Dokumentasjons- og formidlingsarbeidet var endå meir utoverretta i 2013 enn elles. Tilsette stod for 95 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 38 året før. Tilsette representererte ved 156 møte og tilstellingar, mot 107 året før, jf. figur 4. Aktivitet knytt til Språkåret er ikkje med i tala.

Figur 4. Representasjon og foredrag 2009-2013



9.1 Basisutstillingar

Den store endringa av basisutstillinga i Aasen-tunet som tok til i 2007 under namnet *Høgt og lågt* blei fullført i 2013. Det økonomiske grunnlaget var eit tilskot på 1 million kr frå Fritt Ord og eigne midlar. Desse endringane er ein del av utviklinga av Aasen-tunet til ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

Kvar dag er det noko nytt i basisutstillinga, i 2013 som før om åra.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein

perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkellarkivet. I utstillingsperioden låner vi òg inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane. Til no har vi presentert 36 forfattarar.

På *aktuallitetshylla* la vi dei første månade i 2013 ut nye avisklipp om lag éin gong i månaden. Ut gjennom året blei dette gjort meir sporadisk.

Ved Olav H. Hauge-senteret heldt arbeidet fram med å planleggje den nye basisutstillinga som eter planen blir opna 10.5.2014 viss finansiering kjem på plass i tide.

Arbeidet med å levere historisk materiale og tekstar til Hotell Bondeheimen heldt fram i 2013. Etter planen fullfører hotellet prosjektet 2014.

9.2 Temautstillingar

Ivar Aasen-tunet laga ei ny temautstilling i 2013: *Språksamlaren Ivar Aasen 1813-1896*.

Dette året viste Ivar Aasen-tunet to temautstillingar:

- *Den som diktar, byggje bruer. Brit Bildøen*, 2.1. – 1.3.
- *Språksamlaren Ivar Aasen 1813-1896*, 1.3. – 20.12.

Olav H. Hauge-senteret viste desse fem temautstillingane frå Ivar Aasen-tunet:

- *Olav H. Hauge. Diktarens utvegar* (heile året)
- *Halldis i livet. Halldis Moren Vesaas 1907–1995* (heile året)
- *Klassisk kulturarv. Linjene frå Europa til den norske bokheimen* (heile året)
- *Kunsten i livet. Diktaren Jon Fosse* (heile året)
- *Det usynlege språket. Omsetjing og gjendikting* (januar – mai)

I tillegg viste Olav H. Hauge-senteret si eiga temautstilling heile året: «*Sjeli skal speila*». Ei utstilling om *Glør i oska* med teikningar av Jon Hjelmevoll.


9.3 Vandreutstillingar

I 2013 lånte Ivar Aasen-tunet 17 utlån av vandreutstillingar, mot seks i 2012. Utlån til

Olav H. Hauge-senteret er rekna med i desse tala (figur 5).

Som i dei føregåande åra har det vist seg vanskeleg å føre påliteleg statistikk for gjetatal på vandreutstillingar. Vi fekk rett nok pålitelege tal frå Eidsberg bibliotek, som melde at 7371 personar hadde sett utstillinga *Striper, ruter, bobler* i september og oktober. Desse tala er ikkje rekna med i publikumstala våre.

Figur 5. Utlån vandreutstillingar 2009–2013



Sidan 2000 har vi i alt hatt 161 utlån av 22 ulike utstillingar i 18 fylke. I 2013 hadde vi 12 eksterne utlån:

Språksamlaren Ivar Aasen. 1813–1896. Petter Dass-museet, Alstahaug (Nordland) 5.4.–26.4.

Store forteljingar for små øyre. Sunnfjord Museum, Førde (Sogn og Fjordane) 11.–1.4.

Songen om kysten. Petter Dass-museet, Alstahaug (Nordland) 1.2.–1.3, og 1.7.–1.8.

Striper, ruter, bobler. Jølster bibliotek (Sogn og Fjordane) 4.2.–11.2., Eidsberg bibliotek (Østfold) 16.9.–21.10.

Diktarens litterære liv. Olav Duun. Steinkjer bibliotek (Nord-Trøndelag) 1.2.–25.2., Stjørdal Mållag (Nord-Trøndelag) 25.2.–6.3.

Kaffikoppens kulturelle kraft. 17. mai-nemnda, Ortnevik (Sogn og Fjordane) 1.5.–1.7.

Askerkretsen. Garborgsenteret, Bryne (Rogaland) 27.5.–30.9.

Kryssord og magi. Sandefjord bibliotek (Vestfold) 1.3.–1.4., Vinje Handverkslag (Telemark) 21.6.–10.8.

Kort sagt: stort tenkt. Sandefjord bibliotek (Vestfold) 1.7.–1.8., Tysvær folkebibliotek (Rogaland) 28.10.–17.11.

9.4 Nettutstillingar

Dei nettutstillingane vi publiserte tidlegare år, var tilgjengelege heile året, men vi laga ingen nye slike tilbod i 2013.

9.5 Foredrag og samtalar

Tilsette heldt i 2013 74 større foredrag og presentasjonar, mot 27 i 2012. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

Ottar Grepstad: «Historia om Ivar Aasen». Illustrert foredrag, ved Eldreuniversitetet i Fjell 16.1.

–: «Olav H. Hauge-senteret – store opplevingar på små flater». Presentasjon på Hardingtinget i Ulvik 17.1.

–: «Ivar Aasen og nasjonsbygginga – ei linje frå då til no?». Illustrert foredrag på personalsamling i Det norske på Røros 24.1.

–: «Ivar Aasen-tunet – målet for alle». Presentasjon på nettverksamling for norsk lærarar i Møre og Romsdal på Vestnes 28.1.

–: «Situasjonen for nynorsk – og følgjer av ny læreplan». Innleiing på nettverksamling for norsk lærarar i Møre og Romsdal på Vestnes 28.1.

–: Intervju ved Norunn Askeland og Eva Maagerø om årstalane til bok om det å skrive sakprosa, i Oslo 30.1.

–: «Eitt blikk på ein rapport». Innleiing på samling for leiarar av museumsnettverk på Gardermoen 6.2.

–: Innleiing og samtale på «Ivar Awesome», møte i Studentsamfunnet i Bergen 19.2.

–: «Erfaringar frå Aasen-tunet til diktarhuset». Innleiing på møte om diktarhus i Lom 22.2.

–: «Draumen om målet». Foredrag på seminaret «Fritt språkval – ein illusjon?» i regi av Nordmøre Mållag på Sunndalsøra 28.2.

–: Nye nettstader. Innlegg i Litteraturnettverket, Aasen-tunet 4.3.

–: «Dei blanke sidene i norskfaget». Oppningsforedrag på årskonferansen «Her blir det språk!» i Landslaget for norskundervisning på Fornebu 8.3.

–: Kranspåleggning ved Jens Kåre Engesets båre i Ørsta kyrkje 22.3.

- : «Dristige Aasen og listige Vinje». Foredrag på seminar på 195-årsdagen til A.O. Vinje i Vinje 6.4.
- : «Den språklege vendinga». Foredrag på landsmøte i Noregs Mållag i Ørsta 20.4.
- : «Nynorsk – eit stort språk i verda og eit lite i norske kommunar?» Foredrag på Landstinget i Landssamanslutninga av nynorskkommunar på Voss 24.4.
- : «Lokalavisene i eit språkdelt samfunn». Foredrag på årskonferanse i Landslaget for lokalaviser i Svolvær 27.4.
- : «Nynorsk – eit stort språk i verda». Foredrag i Pensjonistuniversitetet i Harstad 28.4.
- : «Nynorsk – eit stort språk i verda». Foredrag i Eldreuniversitetet i Volda 29.4.
- : «Perspektiv på Språkåret 2013». Avslutningsinnlegg på Språkårsforum i Oslo 14.5.
- : «Språk, identitet og folkehelse». Innlegg i Partnarskapsforum i regi av Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune i Ivar Aasen-tunet 29.5.
- : «Mannen som fann eit språk». Ved Ivar Aasen-statuen i Ørsta 27.6.
- : «Dette er Ivar Aasen. I år: Verket». Dei nynorske festspela 29.6.
- : «Historia om Ivar Aasen». Norsk Målungsdom sommarleir, Ivar Aasen-tunet 12.7.
- : «Historia om Ivar Aasen». Presentasjon, Ivar Aasen-tunet 1.8.
- : «Den unge Iver Andreas Aasen». Ivar Aasen-tunet 1.8.
- : «Historia om Ivar Aasen». Slektsfest, Ivar Aasen-tunet 4.8.
- : «Historia om Ivar Aasen». Ivar Aasen-tunet 5.8.
- : «Historia om Ivar Aasen». Senioruniversitetet i Åsane 27.8.
- : «Vinje-senteret: dei første skissene». Vinje 30.8.
- : «Ivar Aasen i Herøy», programleiar Herøy gamle kyrkje 8.9..
- : «Historia om Ivar Aasen – etter 2013». Foredrag på seminaret «Det reviderte norskfaget» i Oslo 23.9.
- : «Historia om Ivar Aasen». Høgskolen i Ålesund, Ålesund pensjonistuniversitet 26.9.
- : «Historia om Ivar Aasen». Folkenborg museum, Mysen 30.9..
- : «Å skrive ein biografi om Ivar Aasen». Innleiing på fagdag for masterstudentar ved Senter for skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 2.10.
- : «Språksansen – store og små forteljingar om all verdas språk». Mållaget i Kristiansand 8.10.
- : «Sansen for språk – portrett av eit paradigmeskifte». Innleiing på seminaret «Nynorsk på fleire arenaer», Oslo 15.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Gravdahl bokhande, Hamar 15.10.
- : «Språksansen – store og små forteljingar om all verdas språk». Fredrikstad litteraturhus 17.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Ungdomslaget Ivar Aasen, Ålesund 19.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Plassen, Molde 21.10..
- : «Språksansen – store og små forteljingar om all verdas språk». Plassen, Molde 21.10.
- : «Ivar Aasens sans for språk». Litteraturhuset i Oslo 22.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Kjernehuset, Gvarv 23.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Haugatun, Lindås 24.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Trondheim Litteraturfest 25.10.
- : «Språksansen – store og små forteljingar om all verdas språk». Ivar Aasen-tunet 27.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Kvalatun, Haugesund 28.10..
- : «Historia om Ivar Aasen». Sivdamsenteret, Bryne 29.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Gimle, Bergen 30.10.
- : «Historia om Ivar Aasen – etter 2013». Innleiing på seminar på Floppen Hotell, Sandane 31.10.
- : «Historia om Ivar Aasen». Stjørdal bibliotek, Verdal 1.11.
- : «Historia om Ivar Aasen». Hilmar-festivalen, Våre Hjem, Steinkjer 2.11.
- : «Historia om Ivar Aasen». Innleiing på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Ivar Aasen-tunet 4.11.

- : «Nynorsk – eit stort språk i verda». Innleiing på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Ivar Aasen-tunet 4.11.
 - : «Språkåret som aldri sluttar». Innleiing på Språkårsforum i Oslo 13.11.
 - : «Historia om ein systematikar: Ivar Aasens inngangar til skriftkulturen». Innleiing på seminar, Nasjonalbiblioteket i Oslo 13.11
 - : «Historia om Ivar Aasen». Bokmessa 2013, Ål kulturhus 23.11.
 - : «Historia om Ivar Aasen». Bokdag i Valdres, Kulturhuset på Fagernes 23.11.
 - : «Historia om Ivar Aasen». Bokdag, Eikaasgalleriet i Jølster 24.11.
 - : «Historia om Ivar Aasen». Bokdag, Øyrane vidaregåande skule i Førde 24.11.
 - : «Ein høgare himmel? Nokre inngangar til nynorsk». Innleiing på fagdag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Ivar Aasen-tunet 27.11.
 - : «Byvandring i Ivar Aasens fotefar». Oslo 30.11.
 - : «Historia om Ivar Aasen». Kystmuseet i Florø 4.12..
 - : «Historia om Ivar Aasen». Julegrauten i BUL i Oslo 11.12.
- Karine Munch: Presentasjon av Ivar Aasen-tunet for Stryn kulturlag i Stryn 13.2.
- Gaute Øvereng: «Reisa i språket». Helsingstale ved opninga av Nynorskstafetten i Ivar Aasen-tunet 28.1.
- : «Å samle på språk». Innlegg på fagseminar for Musea i Møre og Romsdal i Ivar Aasen-tunet 25.4.
 - : «Arven etter Ivar Aasen». Tale på jubileumsfesten for Ivar Aasen i Aasen-tunet 5.8.
 - : Innlegg om Ivar Aasen ved lanseringa av Ivar Aasen-frimerket i Oslo 5.9.
 - : «Ferdamannen Ivar Aasen». Tale ved opninga av Sæbø ferjekai 18.10.
 - : «I Aasens fotspor». Tale på kulturkvelt for avslutninga av Nynorskstafetten på Ose grendehus i Bygland 19.10.
- Anders Aanes: «Ivar Aasen på Solnør». Foredrag på Solnør under årsmøte i Ørskog Mållag 1.2.

–: Foredrag om Ivar Aasen på Solnør, Ørskog folkebibliotek i regi av Ørskog Historielag 3.9.

–: «Kva seier tal om språk? Perspektiv på bruk av kvantitativ metode i humaniora». Nynorsk fagdag for masterstudentar, Ivar Aasen-tunet, 2.10.

9.6 Bøker og andre skrifter

Tilsette publiserte 21 bøker og lengre signerte artiklar i aviser, tidsskrift og bøker, mot 11 i 2012.

Reidar Sandal: «Nynorsk er kulturarv og bruksspråk». Aftenposten 4.8.

Ottar Grepstad: *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*. E-bok, aasentunet.no, 20.6.

–: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017*. 3. utgåva. E-bok, aasentunet.no 29.7.

–: *Historia om Ivar Aasen*. Det Norske Samlaget 2013, 1.–3. oppslaget

–: *Historia om Ivar Aasen*. Søkbar versjon av manuskriptet, berre tilgjengeleg for kjøparane av boka, publisert 1.8.

–: *Språksansen. Kalender om all verdas språk*. Det Norske Samlaget 2013

–: «Historia om Iver Andreas». *Hovdebygdingar – med hug til si heimlege strand. «Mi gamle grend»*, skrift nr. 22, 2013, s. 9–33

–: «Dei blanke sidene i norskfaget. Internasjonale og demokratiske perspektiv på språk i Noreg». *Norskklæraren* nr. 2 2013, s. 16–23

–: «Norsk: to store språk i verda». Aftenposten 13.3.2013

–: «Gode Jens Kåre Engeset». Minneord på aasentunet.no 18.3, Møre-Nytt og Møre 19.3.

–: «Dei blanke sidene i norskfaget». *Norskklæraren* nr. 2 2013, s. 16–23

–: «Skulen banaliserer Ivar Aasen». Bergens Tidende 5.8.

–: «Feilvurderingar om Ivar Aasen». Aftenposten 14.8.

–: «Historikaren om Ivar Aasen». Dag og Tid 30.8.

–: Utdrag frå *Historia om Ivar Aasen*. Norsk Tidend nr. 4 2013

–: «Reisene gjennom språket». *Historie*, nr. 2 2013, s. 50–63

- : «Hauge, Aasen og allmugen». Dag og Tid 13.9.
- : «Då landsmål blei nynorsk». Dag og Tid 20.12.2013

Gaute Øvereng: «Alle ting må hava eit Upphav». *Voldaminne* 2013, s. 40–49

Anders Aanes: «Nynorsk i Romsdal», *Årbok 2013*. Romsdalsmuseet, Molde 2013, s. 261–289

- : «Ivar Aasen på Solnør». *Årsskrift 2013*. Ørskog Historielag, Sjøholt 2013, S. 21–30

Til hundreårsjubileet sitt i juni laga Bøndenes Hus boka *Det er tanken som gjerer det meste*. Hovudkapitlet er ein presentasjon av dei litterære tekstane på alle dei 127 romma og korte biografiar om alle personane bak sitata. Nynorsk kultursentrum har levert alle sitata over fleire år.

9.7 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 156 eksterne tilstellingar, mot 107 året før. Fagleg representasjon frå sekretariatet i Språkåret 2013 kjem i tillegg.

Opning av Språkåret 2013 i Kristiansand 2.1.: Wegard Harsvik, Bente LaForce, Grete Riise, Georg Arnestad, Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Karine Munch

Telefonmøte om 8. mars-arrangement med Volda kommune v/ Kulturnæringshaugen i Volda 4.1.: Karine Munch

Møte med Nynorsksenteret og Fylkesbiblioteket om Nynorsk barnebokveke 2013 i Aasen-tunet 7.1.: Mona Iren Auganæs og Karine Munch

Møte med presse, dei tre festspeldiktara ne og Kjartan Fløgstad i Oslo 9.1.: Karine Munch og Laila Walseth Lid

Oppfølgingsmøte ny nettstad hos Idium i Oslo 9.1.: Laila Walseth Lid

Stabsseminar i Ulsteinvik 10.–11.1.: alle fast tilsette

Framsyning «Lurivar og kjærleiken» på Emblem skule i Ålesund 15.1.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Marita Bett Jensen, Liv Astrid Skåre Langnes

Telefonmøte i 150-årsnemnda for Det Norske Samlaget 15.1.: Ottar Grepstad

Møte med Møre og Romsdal fylkeskommune om Den kulturelle skulesekken i Ålesund 15.1.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Marita Bett Jensen

Senioruniversitetet for Fjell, Sund og Øygarden i Fjell 16.1.: Ottar Grepstad

Hardingtinget i Ulvik 17.1.: Ottar Grepstad, Terje Hjartnes

Møte med Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ivar Aasen-tunet 21.1.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid

Personalsamling i Det norske oljeselskap på Røros 23.–24.1.: Ottar Grepstad

Kulturtorget i Molde i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune: Marita Bett Jensen

Møte med arbeidsgruppa for Diktarhus i Lom 25.1.: Ottar Grepstad

Møte med Diktardagar i Lom 25.1.: Ottar Grepstad

Møte med Animasjon Volda i Aasen-tunet 25.1.: Karine Munch

Nettverksamling for norsklærarar i Møre og Romsdal på Vestnes 28.1.: Ottar Grepstad

Opning av Nynorskstafetten i regi av Noregs Mållag i Ørsta 28.1.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Redaksjonsmøte Allkunne i Ivar Aasen-tunet 29.1.: Ottar Grepstad

Opning av Litteraturhuset i Bergen 31.1.: Grete Riise

Premiere på Bibelen på Det Norske Teatret i Oslo 1.2.: Ottar Grepstad

Møte med Ørsta Amfi om samarbeid under Dei nynorske festspela i Ørsta 1.2.: Karine Munch og Laila Walseth Lid

Møte i 150-årsnemnda i Det Norske Samlaget i Oslo 4.2.: Ottar Grepstad

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 5.2.: Ottar Grepstad

Nettverksamling for museumsnettverk i regi av Kulturrådet på Gardermoen 6.2.: Ottar Grepstad

Telefonmøte med Nynorsksenteret og Fylkesbiblioteket om Nynorsk barnebokveke 2013 i Aasen-tunet 11.2.: Mona Iren Auganæs og Karine Munch

Møte i Kulturnæringshagen Søre Sunnmøre om «Moglegheitsstudie Søre Sunnmøre» 13.2.: Anders Aanes

Kurs i netthandel i regi av Webgruppen i Oslo 13.–14.2.: Stina Aasen Lødemel

Presentasjonsmesse for reiselivsaktørar på Sunnmøre i Langevåg 14.2.: Laila Walseth Lid og Gaute Øvereng

Møte om 8. mars-arrangement, med Volda kommune på Høgskulen i Volda 19.2.: Karine Munch

«Ivar Awesome», møte i Studentsamfunnet i Bergen 19.2.: Ottar Grepstad

Telefonmøte i juryen for Årets lokalavis i regi av Landslaget for lokalaviser 20.2.: Ottar Grepstad

Møte om Diktarhuset i Lom 22.2.: Ottar Grepstad

Møte i Nynorsk Avissenter i Førde 27.2.: Ottar Grepstad

Seminar «Fritt språkval – ein illusjon?» i regi av Nordmøre Mållag på Sunndalsøra 28.2.: Ottar Grepstad

Møte med Nynorsksenteret og fylkesbiblioteket om Nynorsk barnebokveke 2013 i Aasen-tunet 1.3.: Mona Iren Auganæs og Karine Munch

Samling i Litteraturnettverket i Ivar Aasen-tunet 4.–5.3.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland, Gaute Øvereng, Eirik Bergesen Dalen, Anders Aanes, Laila Walseth Lid (måndag)

Deichman-kurs i Sarpsborg 5.3.: Mona Iren Auganæs

Årskonferanse i Landslaget for norskundervisning på Fornebu 8.3.: Ottar Grepstad

Virke, reiselivsnettverk for museum, Oslo 18.3: Laila Walseth Lid

Kurs i nettstadredigering i Idium i Oslo 19.3.: Laila Walseth Lid og Ander Aanes

Jordferd for Jens Kåre Engeset i Ørsta kyrkje 22.3.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Stina Aasen Lødemel, Oddny Nupen Aarflot

Telefonmøte med Nynorsksenteret og fylkesbiblioteket om Nynorsk barnebokveke 2013 i Aasen-tunet 5.4.: Mona Iren Auganæs og Karine Munch

Seminar på 195-årsdagen til A.O. Vinje i Vinje 6.4.: Ottar Grepstad

Møte om Kulturløftet III i Molde 8.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Drøftingsmøte med Ulvik herad om Ulvik poesifestival i Bergen 9.4.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad, Geir S. Netland

Møte i 150-årsnemnda til Det Norske Samlaget i Oslo 10.4.: Ottar Grepstad

Jurymøte om Årets lokalavis 2012 i Landslaget for lokalaviser i Oslo 11.4.: Ottar Grepstad

Møte med Det Norske Samlaget om Festspelprogram og barnebøker i Oslo 27.4.: Karine Munch

Møte med Norsk Oversetterforening i Oslo 17.4.: Karine Munch

Møte nr. 1 i den norsk-islandske arbeidsgruppa for eit internasjonalt språksenter i Reykjavík i Ivar Aasen-tunet 18.4.: Ottar Grepstad

Middag for den norsk-islandske arbeidsgruppa for eit internasjonalt språksenter i Reykjavík i Ivar Aasen-tunet 18.4.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid

Årsmøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 18.4.: Ingrid Opdal

Årskonferanse i Norske Festivaler på Lillehammer 18.–19.4.: Karine Munch

Landsmøte i Noregs Mållag i Ørsta 19. og 20.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Frukostmøte med Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret i Ivar Aasen-tunet 23.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Landstinget i Landssamanslutninga av nynorskkommunar på Voss 23. og 24.4.: Ottar Grepstad

Årsmøte i Musea i Møre og Romsdal i Ivar Aasen-tunet 24.–25.4.: Gaute Øvereng, Mona Iren Auganæs, Marita Bett Jensen, Laila Walseth Lid, Anders Aanes

Årskonferanse i Landslaget for lokalavis i Svolvær 26. og 27.4.: Ottar Grepstad

Pensjonistuniversitetet i Harstad 28.4.: Ottar Grepstad

Framsyninga Prinsessa og dei sju dvergane med Ørsta Volda Ballettskule i Ørsta 28.4.: Gaute Øvereng

Eldreuniversitetet i Volda 29.4.: Ottar Grepstad

Møte med Teatret Vårt om formidlingsprosjekt til stykket Lilla av Jon Fosse i Ivar Aasen-tunet 30.4.: Gaute Øvereng, Karine Munch, Stina Aasen Lødemel

Middag for Theo Koritzinsky i Ivar Aasen-tunet 30.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte i 150-årsnemnda til Det Norske Samlaget i Oslo 7.5.: Ottar Grepstad

Forhandlingsmøte med Ulvik herad om Ulvik Poesifestival i Ulvik 13.5.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland

Møte med Stein Olav Kolås om Haugeboksamlinga i Ulvik 13.5.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland

Møte med Det Norske Samlaget om haustlista i Oslo 13.5.: Karine Munch

Lunsjmøte med Kjartan Fløgstad om Festspela. Oslo 13.5.: Karine Munch

Språkårsforum i Oslo 14.5.: Ottar Grepstad

Wordpress-kurs i Molde 14.–15.5.: Anders Aanes

Møte med utstillingsgruppa Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 14.5.: Geir S. Netland

Møte med Dan Bjørneset Spinneriet i Volda om samarbeid Festspela 16.5.: Karine Munch og Laila Walseth Lid

Møte med Volda Fotball, Åse Leikanger om programpost Festspela 16.5.: Karine Munch og Laila Walseth Lid

Møte med Kristoffer Eidsnes om filmoppdrag til Høgt og lågt i Aasen-tunet 16.5.: Gaute Øvereng, Mona Iren Auganæs

Møte om filmverkstad med Eirik Vaage i Ivar Aasen-tunet 24.5.: Karine Munch og Laila Walseth Lid

Kurs i nettstadredigering i regi av Idium i Ivar Aasen-tunet 27.5.: Gaute Øvereng, Geir S. Netland, Laila Walseth Lid, Anders Aanes, Øystein Drabløs, Terje Hjartnes,

Partnarskapsforum i regi av Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune i Ivar Aasen-tunet 29.5.: Ottar Grepstad

Møte i kontaktforum for vertskommunane og fylkeskommunen i Ivar Aasen-tunet 30.5.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte med Ørsta Mållag om 200-årsdagen i Ivar Aasen-tunet 31.5.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Karine Munch

Møte i Nettverk for nynorskforskning i Bergen 5.6.: Ottar Grepstad

Redaksjonsmøte i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 10.6.: Ottar Grepstad

Møte i 150-årsnemnda for Det Norske Samlaget i Oslo 12.6.: Ottar Grepstad

Møte i utstillingsgruppa Olav H. Hauge-senteret i Ørsta 26.6.: Geir S. Netland

Sommarleir for Norsk Målungsdom i Ørsta 12.7.: Ottar Grepstad

Lanseringsintervju «Historia om Ivar Aasen» i Bergen og Oslo 30.–31.7.: Ottar Grepstad

Lansering av «Historia om Ivar Aasen» i Ivar Aasen-tunet 1.8.: Ottar Grepstad, Laila Walseth Lid, Gaute Øvereng, Anders Aanes

Diktardagar i Lom 2. og 3.8.: Ottar Grepstad

Markering Aasen-jubileet i Ulvik 5.8. med ordførar, rådmann, styret i Ulvik Mållag: Geir Netland

Lansering av haustlista 2013 i Det Norske Samlaget i Oslo 14.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte med fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti i Bergen 15.8.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad

Forhandlingsmøte med Ulvik herad om Ulvik poesifestival i Ulvik 16.8.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad, Geir S. Netland

Opning av Hardangerbrua i Vallavik 17.8.: Ottar Grepstad

Diktardag ved Hardanger og Voss Museum på Utne 18.8.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland

Opning av studieåret ved Høgskulen i Volda 20.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Frukostmøte med Høgskulen i Volda og Nynorskcenteret på Høgskulen i Volda 26.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte i Senioruniversitetet i Åsane 27.8.: Ottar Grepstad

Møte med fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes i Bergen 27.8.: Ottar Grepstad

Møte i arbeidsgruppa for Vinje litteraturpark i Vinje 30.8.: Ottar Grepstad

Litteraturdagane i Vinje 31.8.: Ottar Grepstad
Lansering av Ivar Aasen-frimerke i Oslo 4.9.: Gaute Øvereng
Møte med utstillingsgruppa Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 4.9.: Geir S. Netland og Guro Ljone
Møte i 150-årsnemnda for Det Norske Samlaget i Oslo 6.9.: Ottar Grepstad
Aasen-kveld i Indre Herøy kyrkje og Herøy gamle prestegard 8.9.: Ottar Grepstad
Den kulturelle skulesekken regionmøte for utøvarar i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Kalfaret brygghus i Bergen 10.9.: Guro Ljone
Det nasjonale museumsmøtet i Tromsø 11.-13.9.: Gaute Øvereng, Geir Netland
Redaksjonsmøte i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 17.9.: Ottar Grepstad, Stina Aasen Lødemel
Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 18.9.: Gaute Øvereng
Kapittel festivalen i Stavanger 18.-22.9.: Geir Netland, Karine Munch
Jordferd for Kari Synnøve Aasen i Ørsta kyrkje 20.9.: Ottar Grepstad, Ingrid Opdal, Milan Ilic, Stina Aasen Lødemel, Laila Walseth Lid
Seminaret «Det reviderte norskfaget» i regi av LNU og Språkrådet i Oslo 23.9.: Ottar Grepstad
Jordferd for Oddvar Øyehaug i Ørsta kyrkje 24.9.: Ottar Grepstad, Ingrid Opdal
Fagdag for masterstudentar ved Senter for skriftkultur i Ivar Aasen-tunet 2.10.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Anders Aanes
Møte med Ørnulf Opdahl om Festspela 2014 i Ivar Aasen-tunet 3.10.: Karine Munch
Møte med Anna Magnusson om filmen «Mannen som kunne 75 språk» i Ivar Aasen-tunet 4.10.: Karine Munch
Møte med Bodil Cappelen i Son 7.10.: Geir Netland
Litteratursymposiet i Odda 9.-10.10.: Guro Ljone, Geir Netland
«Nynorsk på fleire arenaer», jubileumsseminar i regi av Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum, Teatersalen, BUL i Oslo 15.10.: Ottar Grepstad

Samling i Litteraturnettverket på Kvinnemuseet – Museene i Glåmdal, Kongsvinger 16.-17.10.: Ottar Grepstad, Anders Aanes, Guro Ljone
Kurset «Juss i sosiale media» i Oslo 17.10.: Laila Walseth Lid
Opning av Sæbø ferjekai i Ørsta 18.10.: Gaute Øvereng
Møte med Det Norske Samlaget i Oslo 18.10.: Karine Munch, Laila Walseth Lid
Frukostmøte med Agnes Ravatn i Oslo 18.10.: Karine Munch Laila Walseth Lid
Avslutning av Nynorskstafetten i Bygland 19.10.: Gaute Øvereng
Presentasjon Hauge-senteret i kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune i Fjell rådhus 22.10.: Geir Netland
Møte i prosjektgruppa for 2014-bloggen, Musea i Møre og Romsdal. Fylkesbiblioteket i Ålesund 23.10.: Anders Aanes
Møte med Brakanes hotell om samarbeid 24.10.: Geir Netland, Guro Ljone
Pressemøte for Krimkveld og Symra i Ivar Aasen-tunet 30.10.: Laila Walseth Lid, Karine Munch
Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Ivar Aasen-tunet 4.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid
Fylkeskonferanse for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune, Bergen 6.11.: Geir Netland
Tromsø International Conference on Language Diversity på Universitetet i Tromsø 6.-8.11.: Gaute Øvereng og Anders Aanes
Idémyldringsmøte om tunbrosjyre med Kib&Morits i Ivar Aasen-tunet 8.11.: Laila Walseth Lid, Marita Bett Jensen
Styremøte i Olav H. Hauge-stiftinga i Ulvik 8.11.: Geir Netland
Seminar om samarbeid mellom Olav H. Hauge-senteret, Olav H. Hauge-stiftinga, Venelaget Olav H. Hauge, fagrådet ved Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 9.11.: Geir Netland, Guro Ljone
Møte i fagrådet i Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 9.11.: Geir Netland

Budsjethøyring i kulturkomiteen i Stortinget 11.11. på vegner av Nynorsk Forum: Ottar Grepstad

Møte om regional kulturplan i Hordaland fylkeskommune, Kabuso i Øystese 12.11.: Guro Ljone

Språkårsforum i Oslo 13.11.: Ottar Grepstad

«Systematikar i blomst». Seminar, Nasjonalbiblioteket i Oslo 13.11.: Ottar Grepstad

Norsk kulturråds årskonferanse i Bergen 13.-14.11.: Karine Munch, Guro Ljone

Arbeidsmøte med Kib&Morits om tunbrosjyre i Volda 15.11.: Laila Walseth Lid, Gaute Øvereng

Møte med Lom, Skjåk og Våge kommunar i Lom 18.11.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad

Møte med Vinje kommune i Ivar Aasen-tunet 19.11.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad

Møte med Norsk P.E.N. i Oslo 19.11.: Karine Munch, Laila Walseth Lid

Nettverksmøte for Norske Litteraturfestivaler i Kulturrådet i Oslo 20.11.: Karine Munch, Laila Walseth Lid

Samarbeidsmøte med Idium i Oslo 20.11.: Laila Walseth Lid

Fylkeskulturkonferansen i Møre og Romsdal i Molde 20.11.: Gaute Øvereng

Frukostmøte med Agnes Ravatn i Ørsta 21.11.: Karine Munch, Laila Walseth Lid

Bokmessan 2013 i Ål kulturhus 23.11.: Ottar Grepstad

Bokdag i Valdres på Kulturhuset på Fagernes 23.11.: Ottar Grepstad

Bokdag på Eikaasgalleriet i Jølster 24.11.: Ottar Grepstad

Bokdag på Øyrane vidaregåande skule i Førde 24.11.: Ottar Grepstad

Fagdag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Ivar Aasen-tunet 27.11.: Ottar Grepstad, Anders Aanes

Møte i utstillingsgruppa for Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 29.11.: Geir S. Netland, Guro Ljone

Blommarkering ved grava til Jostein Nerbøvik på Gamlebyen gravlund i Oslo 30.11. Ottar Grepstad

Møte om Den kulturelle skulesekken med fylkeskulturavdelinga i Molde 3.12.: Ottar Grepstad, Marita Bett Jensen og Gaute Øvereng

Forhandlingsmøte om sponsoravtale med Sparebanken Søre Sunnmøre i Aasen-tunet 1..12.: Laila Walseth Lid og Gaute Øvereng

Møte om 2014-prosjekt for Musea i Møre og Romsdal 17.12.: Laila Walseth Lid, Gaute Øvereng og Anders Aanes

Forhandlingsmøte om basisutstilling med SixSides i Ivar Aasen-tunet 18.12.: Ottar Grepstad, Geir S. Netland

9.8 Publikumssørvis

Vi får stadig spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange kjem frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er også vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekar og dokumentasjonsleiar svarer på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Ved skriftlege spørsmål blir dei skriftlege svara tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

10 Tilbod til born og unge

12 779 born og skuleelevar gjesta arrangement og utstillingar, mot 9963 i 2012 før. Dette var 41 % av alle gjestene våre, mot 45 % året før.

9526 elevar og lærarar var med på turnear i regi av Den kulturelle skulesekken, mot 7613 i 2012.


1012 elevar var med på standard skuletilbod og Den kulturelle skulesekken i Ivar Aasen-tunet, mot 980 i 2012.

Til 200-års jubileet skreiv Hilde Myklebust ei spesialomvising om Ivar Aasen, Ho skreiv også ein fødselsdagssong for Ivar Aasen som blei tonesett av Anna Elise Vadset og utfraffmørt av Vadset i rolla som Luri-

var på festkvelden «Takk, Ivar Aasen!» i Aasen-tunet 5.8.

Oppdrag alfabet!, ein barnehageproduksjon med Lurivar som handdokke, blei så godt som ferdig i 2013 og får premiere i januar 2014.

Figur 6. Gjester skulesekkturnear 2009–2013



10.1 Nye tilbod

Vi utvikla vidare fleire av dei programma vi tilbyd gjennom Den kulturelle skulesekken, og vi laga eit nytt program for barnehagar, *Oppdrag alfabet!* som får premiere i januar 2014.

Firmaet Språkfolk har skrive manuskriptet på i samarbeid med Nynorsk kultursentrum. Karoline Isaksen er utøvar, og Knut Alfsen frå Levende Dukker har vore regissørar.

Programmet *Mine språk* for vidaregåande skule blei utvikla i 2011, men kom først inn på speleplanen i 2013, med 42 veker i Rogaland. Seks utøvarar delte på framsyningane, der 1717 elevar var med.

10.2 Tunkatten Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar blitt det viktigaste verkemidlet vårt for å nå dei yngste borna. Lurivar er språkleg nysgjerrig og stolt av språket sitt, og ein dør opnar til nynorsk litteratur og undring over språk.

Lurivar er formgitt av Monica Egeli. Lurivar er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar i Noreg, og det gjer han ganske unik i barnevernda. I staden for å utvikle reklameeffektar og store mengder lisensprodukt legg vi vekt på læring og aktivisering. Dei få Lurivar-produkta vi har laga, blir

ikkje marknadsførte på Lurivars eigen nettstad som er retta mot born. Innanfor rimelege grenser gjer vi difor møta med tunkatten til ei kjøpefri sone.

Som før om åra var han i 2013 synleg på tre arenaer: Ivar Aasen-tunet, turnear og på nettstaden tunkatten.no.

I Ivar Aasen-tunet var det påskefest for 244 born og vaksne over tre dagar, Lurivar-omvisingar to dagar i veka i juli og august med 251 born, og utebibliotek på Høgetuva – i 2013 også med ein kviss lang ordløypa på veg opp heile sommaren. Lurivar dukka også opp på 200-årsfesten for Ivar Aasen.

I Den kulturelle skulesekken tilbaud vi også i 2013 elevprogrammet *Lurivar og kjærleiken* for 1.–4. trinn. Dette er ei vidareføring av *Katta i sekken*, som blei vist i åra 2007–2012, og er både teaterframsyning og fortattarbesök. I 2013 var 5934 elevar med på framsyningar i 15 kommunar i Møre og Romsdal og Rogaland. I rolla som Lurivar spelte i 2013 Maria Halseth, og forteljaren var Silje Silden, med regissør Unn C. Fylingsnes.

Nettstaden *tunkatten.no* for born inneholdt ved utgangen av 2013 mellom anna ni originaltekstar om Lurivar, blogg, lydbøker med utdrag frå 15 nynorske barnebøker, ordliste og ulike språkaktivitetar. Lurivars songbok på nettstaden inneholdt ved årsskifte 72 songar. Publikum kunne laste ned lydfiler gratis, og vi dekte som før Tonoavgifta. Born sende også inn spørsmål og eigne tekstar til nettstaden.

10.3 Born og småbarnsfamiliar

Gjennom året gjennomførte vi ti arrangement for born og småbarnsfamiliar. I tillegg stod festspeldiktaren for tolv skulebesök for 282 åttandeklassingar i Ørsta og Volda.

Under Dei nynorske festspela hadde vi tre program for born. Vårprogrammet inneholdt fire familiearrangement, haustprogrammet to. Hauge-senteret arrangerte juleverkstad for småbarnsfamiliar i desember etter opplesing frå *Nasevis* med Erna Osland.

10.4 Barnehagar

Frå 2009 har vi hatt eit eige omvisingstilbod for barnehagar. I 2013 var 112 barnehageborn var med på slike omvisingar, mot 73 året før. Dei fekk forteljarstund om Ivar Aasen i Gamletunet, lesestund på hemsen til Lurivar i basisutstillinga og ymse formingsaktivitetar. Mange barnehagar nytta høvet til å vitje Høgetuva også.

I 2013 var «Festspelboka for born» eit nytt element, og den første boka var *Historia om kvifor hunden fekk våt snute* av Kenneth Stevén. Barnehagar som melde seg på, fekk boka i gáve. I tillegg var det eit festspelarrangement der illustratør Øyvind Torseter viste borna korleis han teikna dyra i boka.

Også i 2013 arrangerte vi barnekunstutstilling der born frå barnehagane i regionen fekk stille ut arbeida sine i Aasen-tunet. Borna tok utgangspunkt i *Nasevis* av Erna Osland. 350 born frå barnehagar i Ørsta og Volda laga verk til utstillinga, og 112 born var med på utstillingsopninga.

10.5 Skular

I 2013 brukte 3329 elevar tilboda våre i Ivar Aasen-tunet, mot 1501 året før. Dette inkluderer skulesekktturnear lokalt.

Frå 2000 tilbaud Ivar Aasen-tunet program for alle klassesteg i skulen. Dette blei tilpassa etterspurnaden og redusert til sju tilbod frå 2007. I praksis har det vist seg at skulane stort sett ønskjer ei standard omvising ute og inne, filmen om Ivar Aasen og litt tid til å gå i basisutstillinga på eiga hand. Tilboda blir alltid tilpassa det skulane ønskjer.

I 2013 var dette dei sju standardtilboda, tilpassa gjeldande læreplan:

Oppvekståra til Ivar Aasen (barnesteget): Elevane blir kjende med oppveksten til Ivar Aasen, og dei dramatiserer episodar frå oppvekståra.

Ivar Aasens verk med Ivar Aasens ordtak (barnesteget, ungdomsseget og vidaregåande): Elevane blir kjende med mangfaldet i Aasens skrifter og får praktiske oppgåver om stoffet.

Arkitektur (barnesteget, ungdomsseget og vidaregåande). Innføring i utforminga av hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet. Elevane lærer om arkitekt Sverre Fehn og går på oppdagingsferd i bygningen.

Dialektar (barnesteget, ungdomsseget og vidaregåande): Elevane blir kjende med omgrepene dialekt, får kjennskap til nokre viktige målmerke, og bruker Dialektspelet.

Nynorske teikneseriar (barnesteget, ungdomsseget og vidaregåande). Elevane lærer om sjangertrekk for teikneseriar, blir kjende med nynorske teikneseriar og lagar kvar sin teikneserie som dei presenterer.

Nynorske dikt (barnesteget, ungdomsseget og vidaregåande): Elevane lærer om dikt-sjangeren, blir kjende med utvalde dikt og skriv eigne dikt.

Nynorsk pressehistorie (vidaregåande): Elevane lærer om nynorsk pressehistorie og kva rolle massemediet pressa har spelt for utbreiinga av nynorsk.

Også i 2013 hadde vi eit godt samarbeid med Ørsta ungdomsskule om deira årlege gründercamp for niandeklassingane. Ei gruppe som arbeidde med oppgåver frå Aasen-tunet vann med ideen om ein ungdomspakke for ungdom med huve, bukse, mobildeksel og kondom. Kondomet hadde den passande påskrifta «God leik er den ingen angrar på».

10.6 Den kulturelle skulesekken nasjonalt

I 2013 hadde vi tre tilbod i Den kulturelle skulesekken:

- Lurivar og kjærleiken
- Snakk om språk!
- Mine språk (vidaregåande)

Vi gjennomførte 150 framsyningar av *Lurivar og kjærleiken* for 5934 elevar og 448 lærarar i 19 kommunar. Silje Silden hadde rolla som forfattar, og Maria Halseth spela Lurivar. I åra 2012–2013 hadde dermed 10 509 elevar i tre fylke vore med på dette programmet. Stykket er ei vidareføring av *Katta i sekken*, og i åra 2007–2013 har 20 498 elevar i tre fylke vore med på desse to Lurivar-programma.

Snakk om språk! blei vist 47 gonger for til saman 1427 elevar og lærarar i 9 kommunar i tre fylke. I åra 2010–2013 er stykke vist for 5766 elevar og lærarar i åtte fylke.

Mine språk blei vist 66 gonger for 1717 elevar og lærarar i åtte kommunar i eitt fylke, Rogaland. I åra 2011 – 2013 er det i alt spelt 68 gonger for 1770 elevar og lærarar.

Gjestetal for desse turneane blir rekna som utstillingsgjester, og talet på framsyninga er difor ikkje med i arrangementstalet i kap. 11.

10.7 Den kulturelle skulesekken lokalt

I 2013 gjennomførte vi 36 framsyninga for alle elevane på fire trinn i Ørsta og Volda, til saman 1081 elevar og lærarar.

Frå og med skuleåret 2005/2006 har vi samarbeidd med vertskommunane om tre årlege program innanfor Den kulturelle skulesekken. Dette er eit tilbod til alle i 3., 6. og 10. klasse. Frå og med skuleåret 2009/2010 har vi også hatt eit fast tilbod for 8. klasse.

Det gode samarbeidet med Nettbuss Møre og vertskommunane om transport av elevane til og fra Ivar Aasen-tunet heldt fram. Der det var mogleg, brukte elevane vanlege bussruter, og kommunane dekte utgiftene for ekstrabussar. Vi arbeidde også i 2013 med å halde denne kostnaden nede.

Som året før gjennomførte vi ei enkel evaluering blant lærarane som var med. Tilbakemeldingane var svært gode.

Dette var tilboda i 2013:

3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen. Elevane blir kjende med Aasen og arbeidet hans, særleg barndom og oppvekst. I 2013 var 260 elevar med på dette programmet.

6. klasse: Det ligg mellom linjene. Dette er eit program om Sverre Fehn, bygningane i Aasen-tunet og arkitektur meir allment. I 2013 var alle dei 246 elevane i 6. klasse i Ørsta og Volda med på programmet.

8. klasse: Forfattarbesøk. Også i 2013 fekk 8. klassane i Ørsta og Volda tilbod om besøk av festspeldiktaren eller ein forfattar som er knytt til det årlege festspeltemaet. Våren 2013 gjesta festspeldiktarane Sigrid og Guri

Sørumgård Botheim og Lars Petter Sveen alle 8. klassane i Volda og Ørsta.


10. klasse: Snakk om språk! Dette blei framført ti gonger av Aase Norunn Digernes og Runar Gudnason i Ivar Aasen-tunet.

11 Arrangement

I alt gjennomførte Nynorsk kultursentrums 558 arrangement i 2013.

Driftsinntektene for Dei nynorske festspela og kulturprogrammet i Ivar Aasen-tunet auka med 14 % frå 2,8 millionar kroner i 2012 til 3,2 millionar kroner i 2013. Dette gav eit samla overskor på 83 000 kroner, mot eit underskot på -135 000 kroner i 2012.

Figur 7. Tal arrangement 2009–2013



Det samla talet på gjester auka med 43 % frå 10 090 i 2012 til 14 448 i 2013. På våre eigne arrangement gjekk gjestetalet opp med 55 % frå 6855 i 2012 til 10650 i 2013.

117 tilstellingar var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 92 året før. Gjestetalet ved utleige auka med 17 % frå 3235 i 2012 til 3799 i 2013.

Kulturprogrammet og Dei nynorske festspela inneheldt i alt 121 arrangement i 2013, mot 96 året før, utanom vandreutstillingar. Av dette stod Hauge-senteret for 14 arrangement, mot 10 i 2012. I tillegg kom 35 arrangement ved 200-årsjubileet 1.–5.8.

Komplette festspel- og kulturprogramm ligga ved.

11.1 Dei nynorske festspela

Driftsinntektene auka med 10 % frå 2 016 000 kroner til 2 222 000 kroner i 2013. Av dette utgjorde overføring frå statstilskotet 46 %, mot 47 % året før. Festspela gav eit overskot på 253 000 kroner, mot eit underskot på -87 000 kroner i 2012.

Festspela utløyste ei bruttoomsetning på 456 000 kroner i kafeen og butikken dei fire festspeldagane, mot 329 000 kroner i 2012.

Då er internomsetninga rekna med.

Festspela blei gjennomførte med 43 eigne arrangement og 4 arrangement med eksterne arrangørar, til saman 47, mot 48 året før. I alt gjennomførte vi arrangement på ti scener utanfor tunet.

Gjestetalet auka med 16 % frå 5168 gjester i 2012 til 5986 i 2013.

Billettinntektene blei om lag like høge som i året før – 508 000 kroner i 2012 og 502 000 i 2013. Medrekna fribillettar utgjorde førehandssalet 41 %, mot 38 % året før. Den sosiale profilen er god ved at 33 % av arrangementa var utan inngangsbillettar, mot 42 % året før, og billettprisane varierte mykje.

Festspela var også i 2013 ei god blanding av lokale gjester, tilreisande **gjester** og profilerte personar i nynorskmiljøet. Dette er ein festival der dei aller fleste betaler billettane sine sjølv. Festivalen har etablert ein fast kundekrins og rekrutterer kvart år mange nye gjester.

Publikumsundersøkinga 2013 syntet at vi hadde gjester frå 13 fylke, flest frå Møre og Romsdal (62 %), Oslo (9 %) og Sogn og Fjordane (7 %). I 2013 kom seks av ti gjester frå Sunnmøre, mot ni av ti i 1994. 22% av gjestane hadde fått vite om arrangementa dei var på gjennom sosiale medium, mot 18% frå tv, radio og aviser. Dette viser at vi kan hente mange fleire gjester gjennom sosiale medium.

Temaet *Grenselauast* opna for å formidle nye perspektiv på språk generelt, nynorsk og Ivar Aasen spesielt. Publikum fekk møte det grenselause mellom anna gjennom lydsti i Gamlevegen, frukost i tunet med etande og språklege småbitar frå heile verda, og asia-

tiske lykkekaker med Aasen-ordtak i Ørsta og Volda sentrum.

Festspeldiktatarane sette sitt heilt unike preg på Festspela i år. Dei gav publikum noko dei ikkje visste dei skulle få, og overraska både publikum, arrangørane og seg sjølv. Lars Petter Sveen, Guri Sørungsgård Botheim og Sigrid Sørungsgård Botheim stod fram som unge forfattarar med tydelege stemmer.

Programmet strekte seg frå varm humor og burleske innspel til stort alvor, med stor tyngd i fagprogrammet og ein stor konsert i uteamfiet kvar kveld.

Barneprofilen er blitt ein spesialitet for Festspela, som dermed kan styrke den språklege sjølvtilletten hos born og unge. I 2013 stod arrangement for dei litt større borna på programmet, og vi etablerte ein ny programpost som blir fast – «Festspelboka for born».

Programmet var som før prega av god plass til Svært dyktige, men ikkje alltid særleg profilerte kunstnarar, og utan påfallande gjengangarar frå år til år. Livskrafta og tilveksten i den nynorske litteraturen er så stor at vi har meir enn nok med å ta unna.

Kor mange av arrangementa som har vore i eigen regi, har variert mykje. I 2013 utgjorde dei heile 91 % og hadde 94% av det samla publikumstalet. Festspela har ikkje fått den paraplystrukturen vi ein gong la opp til, der mange ulike miljø kunne ta ansvar for kvar sine tilbod. Men samtidig styrer vi økonomien betre når vi sjølv har det meste av ansvaret. I 2013 hadde vi 37 samarbeidspartnarar, mot 32 i 2012.

Programmet blei lansert 10.4 og blei gjennomført utan særlege endringar. Avviklinga baud på få vanskar, og Festspela var ein trygg stad å vere for både store og små.

Vi har no ein god festivalorganisasjon med passe mange frivillige og ryddig organisering. Som i 2012 var om lag 40 frivillige med. Dei blir betre organiserte for kvart år, og dei gjorde på ny godt og viktig arbeid.

Vi marknadsførte i stor grad festspela gjennom dei faste kanalane, men utvikla bruken av sosiale medium, både før og etter.

FestspelSYMRA blei laga berre til opningsdagen. Riksmedia gjorde som før lite ut av det som skjedde.

Jamført med andre festivalar av same storleik har vi eit høgare marknadsføringsbudsjett når kroner og arbeidstid er rekna saman. Salskostnadene var mykje lågare enn i 2012. Dette kom mellom anna av at vi då produserte profilmateriell til gjenbruk.

11.2 200-årsjubileet

Fire veker etter Dei nynorske festspela gjennomførte vi ein ny festival, denne gongen med 35 arrangement på fem dagar for 1971 gjester. Nest etter opningshøgtida i 2000 og kronprinsdagen i 2008 var dette den største og mest krevjande dagen i historia vår.

Dette var meir enn eitt av fleire basisarrangementa i Språkåret. Den 5.8. var dagen alt handla om, omdreiingpunktet for heile året, dagen då vi i det minste vona at nasjonal merksemnd blei retta mot Aasen-tunet og vi ville bli prøvd i full skala. Konklusjonen i sjølvmeldinga er Greidd.

Det vil ikkje seie at vi meiner alt var like bra eller at alt gjekk knirkefritt. Nokre gode idear måtte vi gi opp av ymse grunnar. Eit par arrangement som sjarmerte publikum, teneste meir til å stadfest mytar om Ivar Aasen enn til å rydde i historia. Kafeen gjekk tom for mat nett då det ikkje skal skje. Og vi hadde for liter av internasjonale innslag på programmet, med utanlandske gjester etc.

I forarbeidet og gjennomføringa fekk vi bruk for alt vi har lært og vurdert sidan opninga i 2000. Ein rutinert stab som braut av eigne feriar for å stille opp, handterte stort og smått med stø hender. Det fekk vi att for i form av ein overveldande respons frå publikum. Jubileet var viktig for mange, og dei fekk noko som gjorde inntrykk på dei.

Programmet var prega av samanheng og spennvidd – frå politikk til musikk:

- Lansering av ny biografi
- Hundrearserklæring om nynorskpolitikk
- Politisk toppmøte med deltaking frå alle partia som er representerte på Stortinget, pluss Raudt

- Fulle hus med nordiske studentar og med Aasen-slektingar

- Fire populærviskaplege foredrag
- Fleire konserter
- Spesialomvisinger i basisutstillinga
- Jubileumsprogram med Lurivar
- Urpremiere på fødselsdagssong for Ivar Aasen
- Utgiving av 150 brev til Ivar Aasen på Aasentunet.no
- Fødselsdagskake i Aasen-tunet og Hauge-senteret; i tunet måtte vi tinge kake nr. 2 etter ein dryg time
- Informasjon til reisande med Widerøe, ferjer og bussar
- 200-årsfest med tale av kulturministeren

200-årsjubileet hadde ei trygg grunnfinansiering. Vi var likevel usikre på kor mange gjester som ville kome og kva inntekter vi ville få. Dei fem dagane omsette vi for 281 000 kroner. Av dette utgjorde bøker 73 000 kroner og billettinntekter 105 000 kroner.

Måndag 5.8. fekk vi 401 medieklipper frå presse og kringkasting, dagen etter 294. Vi nådde målet om innslag i Dagsrevyen, med mykje linking fekk vi folk frå NRK i Ålesund til å våge seg over fjorden – og då kom dei fire journalistar i like mange bilar, og som i Aasen-året 1996 trykte pressa mange kommentarar der skribentane markerte sine personlege oppgjer med språkleg intoleranse. Mest inntrykk gjorde kanskje John Olav Egeland s kommentar i Dagbladet.

Dagbladet var også avis som sette tonen på eit viktig punkt. Avisa melde *Historia om Ivar Aasen* før sperrefristen, og fordi meldinga var positiv, danna det seg raskt eit inntrykk som blei stadfestet seinare. Dette gav oss mykje gratis draghjelp i profileringa og interessa for jubileet. Ei kjølig eller lunken mottaking av boka ville fått ein annan verknad. Dette var ein kalkulert risiko som nokon heldt for seg sjølv.

11.3 Kulturprogram i Ivar Aasen-tunet

Kulturprogrammet auka driftsinntektene med 26 % frå 775 000 kroner i 2012 til 976 000 kroner i 2013. Drifta gav eit under-

skot på -139 000 kroner, mot eit underskot på -48 000 kroner i 2012.

Billettinntektene utgjorde 18 % av inntektene, mot 16 % i 2012.

Kulturprogrammet inneheldt 60 arrangement mot 48 i 2012. Desse samla 3043 gjester mot 2402 året før. I tillegg stod eksterne arrangørar for 24 opne arrangement, mot 11 året før. Det samla tilbodet av opne arrangement var dermed langt større i 2013 enn i 2012.

Kulturprogrammet inneheldt arrangement for ulike målgrupper, alt frå små born til dei vaksne med ulike interesser. Som før var målet eit variert program som viser nynorsk i bruk i ulike samanhengar. Diforfemnde det om både litteratur, språk, musikk, teater og utstillingar.

Vårprogrammet i eigen regi blei gjennomført 25.1.–10.4. Programmet markerte Språkåret ved å opne med *Ervingen* av Ivar Aasen. Også programmeposten «Aasens gjestebod med Morten Schakenda» var inspirert av Språkåret. Om programpostane «Strikking på fleire språk» og 8.3.-arrangementet «Kvinnerøyster» samarbeidde vi med fleire lokale aktørar. Dette viste att i gode gjestetal og nye målgrupper. Eit høgdepunkt i vårprogrammet var Lars Amund Vaage i samtale med Jan Inge Sørbo. Mest skuffande var oppmøtet til barneprogrammet SuperiOpera.

Vi konsentrerte *sommarprogrammet* om markeringa av 200-års jubileet med eige program 1-5.8.

Haustprogrammet i eigen regi blei gjennomført 15.9.–8.12. med 17 arrangement mot 20 i 2012.

Programmet var prega av litteratur i mange sjangrar, frå krim og mat til historiske romanar og barnebøker. Vi hadde også kabareten *Ein god dag kjem aldri for tidleg*.

Tilbakemeldingane frå publikum var positive, oppslutninga meir varierande. Flest kom til barnekunstutstilling basert på *Nasevis* av Erna Osland med 330 gjester, medan det til tider var glissent i Salen.

I 2012 sette vi i gang eit samarbeid med Nynorsksenteret og fylkesbiblioteket om

Nynorsk barnebokveke for å fremje nynorsk litteratur for born til born og vaksne. Dette samarbeidet heldt fram i år, med Erna Osland som forfattar. Arrangement på bibliotek i Ørskog, Ørsta, Molde og Surnadal samla 436 gjester.

Mellom 27.8. og 11.12. gjennomførte vi bokturneen *Ivar Aasens sans for språk* i samarbeid med Samlaget og lokale arrangørar. Det blei 33 arrangement med presentasjon av *Historia om Ivar Aasen* og/eller *Språksansen*. Profilering av institusjonen var ein viktig del av turneen. Vi har og skal ha ein låg terskel for å vitje lokale mållag og ungdomslag, og for mange er slike besøk viktige. Tiltaket gav verdfull røynsle med å organisere og gjennomføre turnear i avgrensa format, dvs. med få utøvarar og mange arrangørar. Flest gjester hadde vi på Bryne (110), i Førde (110) og i Eidsberg (90).

11.3 Kulturprogram i Olav H. Hauge-senteret

Hauge-senteret gjennomførte åtte arrangement med 320 gjester, mot 170 gjester på seks arrangement året før. Dei viktigaste arrangementa var «Inn i diktar-verda» med Kolbein Falkeid, filmen «Dropar av eit diktarliv», dei to språkårsarrangementa med Ruth Lillegraven og Rem & Rem, og juleverkstad for heile familien.

I tillegg var vi medarrangør for Diktardagen på Hardanger folkemuseum på Utne. I 2013 blei prisen Diktartavla tildelt Arvid Torgeir Lie.

12 Kafé og butikk


Butikken og kafeen auka den samla omsetninga med 35 % frå 2 008 000 i 2012 til 2 733 000 kroner i 2013. Drifta gav eit resultat på 229 000 kroner, mot 220 000 kroner i 2012.

Matsal utgjorde 75 % av omsetninga i kafeen, mot 72 % året før. Boksalet stod for 45 % av omsetninga i butikken, mot 38 % året før.

Sett under eitt fordelte bruttoomsetninga seg som vist i figur 8.

Med 539 ordrar stod nettbutikken for 14,3 % av brutto omsetning i butikken, ein ganske stor nedgang frå året før.

Figur 8. Prosentfordeling omsetning butikk og kafé 2009–2013



I tillegg til *Historia om Ivar Aasen*, som vart seld i 847 eksemplar, var også i 2013 Ivar Aasen-boksaren og *Mellom bakkar og berg*-sportstoppen dei store salssuksessane.

Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet, og for eigeninntektene våre.

12.1 Kafé

Kafeen i Aasen-tunet auka omsetninga med 49 % frå 707 000 kroner i 2012 til 1 053 000 kroner i 2013.

Også i 2013 var Ivar Aasen-tunet ein møte- og kursstad som skilde seg ut frå andre tilbod i regionen.

Kostnadene går framleis opp, både for råvarer og løner, utan at betalingsviljen aukar i same takt. Sjølv om vi prøver å justere prisane, gjer prispress frå konkurrentar at det framleis er vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kafe- og kjøkkenleiar samarbeidde også dette året om kafétilbod ved kulturarrangementa. I fjor prøvde vi oss med eit eige matarrangement, *Aasens gjestebod*, med foredrag og middag ved Morten Schakenda. Det var vellykkja, men det er framleis vanskeleg å etablere ein kultur for kafébesök ved arrangement i området.

I ni av månadene omsette kafeen for meir enn i 2012. I juni auka omsetninga med nær

100 000 kroner. Om lag 30 000 av dette var festspeldagane, resten var utelege og gruppebesök. I sommarsesongen var festspeldagane høgdepunktet også i 2013. Utanom internomsetninga selde kafeen då brutto for 173 000 kroner, mot 145 000 kroner i 2012.

Også dette året handterte sommarvikarane kafeen i ferien til kafé- og kjøkkenleiaren. Dette reduserte personalkostnadene, men gjorde det likevel mogleg å gi publikum eit godt tilbod.

Som før var kafeen alltid open med mattilbod når Ivar Aasen-tunet var ope. Også i 2013 tilbaud vi ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata.

I 2013 utvikla kafé- og kjøkkenleiaren *Tunpølse frå Åsen* i samarbeid med Ole Ringdal AS på Hellesylt. Pølsa er laga av lokale råvarer, og smaksett med friske ingrediensar (chili, kvitlauk, timian og pepar). Tunpølsa blei seld i Aasen-tunet, på lokalmatbutikken Spiskammerset i Volda og i kantina til Studentsamskipnaden ved Høgskulen i Volda.

På dagens meny i kafeen hadde vi ciabatta med Snøfrisk og tunpølse. På gruppe- og uteigemenyen hadde vi fleire rettar med lokal vri: laks med Snøfrisk frå Ørsta, brennsnut med heimebaka flatbrød frå Åsegarden og rømmegrøt med tunpølse. I staden for middag kunne gjester kjøpe smakfulle smårettar, kaker, kaffi og te.

Kafeen bygde også i 2013 på det tradisjonelle og det moderne, med eigen gruppe meny og meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

12.2 Utleige

Inntektene frå lokalutleige til lukka og opne arrangement minka med 19 % frå 58 000 kroner i 2012 til 47 000 kroner i 2013. Summen er med i omsetninga for kafeen i kap. 12.1.

Talet på uteigearrangement auka frå 92 i 2012 til 117 i 2013. Gjestetalet auka tilsvarende frå 3235 i 2012 til 3799 i 2013. Det vil seie at vi hadde fleire større arrangement enn året før.

For omsetninga og ikkje minst for resultatet for kafeen var utleigegjestene likevel viktige også i 2013. Utleigearrangementa er føreseielege og lette å planleggje både for innkjøp, bemanning og tidsbruk. Tilstellingane var dessutan viktige i den allmenne marknadsføringa av Ivar Aasen-tunet.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta tilboda våre. Kafeen blir brukt jamt meir til konfirmasjonar, fødselsdagsfeiringar og andre private arrangement.

Utleigebrosjyren frå 2010 blei brukt i marknadsføringa av Ivar Aasen-tunet som *den gode møtestaden*, og vi hadde også ein brosjyre til pensjonistgrupper og bussturoperatorar.

12.3 Butikk

Butikken auka omsetninga med 37 % frå 1 225 000 kroner i 2012 til 1 680 000 kroner i 2013. Drifta gav eit resultat på 151 000 kroner, mot 275 000 kroner i 2012.

Både vår og sommar var betre enn i 2012, frå mai til august var inntektene heile 250 000 over fjaråret. Festspeldagane auka omsetninga frå 101 000 kroner i 2012 til 147 000 kroner i 2013. Likevel selde vi for lite av bøker av festspeldiktarane og festspel-t-skjorter. Aasen-jubileet gav mange ekstra gjester i tunet, og det viste att i omsetninga.

Vanskar med nettbutikken etter ei stor omlegging sommaren 2012 gav ein roleg første del av hausten, men salet tok seg godt opp utover hausten. Jamvel julehandelen auka frå rekordtala i 2012.

Butikken selde bøker for 755 000 kroner, mot 457 000 kroner året før. Dette utgjorde 45 % av samla sal, mot 37 % i 2012. *Historia om Ivar Aasen* selde i heile 847 eksemplar. Turneen til Ottar Grepstad med sal av bøker var svært vellykka og gav svært godt sal av både *Historia om Ivar Aasen* og *Språksansen*. Den siste blei nummer tre på lista med 67 selde eksemplar, etter *Ordtak i utval* av Ivar Aasen. Butikken selde også bra med bøker i samband med Den nynorske barnebokveka.

Butikken tok som før inn bøker og musikk av utøvarar i kulturprogram og fest-

spelprogram med returret. Som før varierte også salet mykje.

Salet av andre varer enn bøker, medrekna kommisjonssal av keramikk og smykke, auka frå 907 000 kroner i 2012 til 1 070 000 kroner i 2013, utanom internomsetninga. Den store suksesen *Ivar Aasen-boksaren* stod for ein god del av salet også i 2013. I tillegg gjer sportstoppen *Mellom bakkar og berg* og trusetrøyene med *Ny norsk verdsborgar* og *Ervingen* framleis lykke. Festspelkrusa og cappuccinokoppene med Aasen-skrift er gode produkt, Hulda-forkleet sel bra, og Aasen-sekken er snart utseld. Av produkt vi ikkje har laga sjølve, går korta til Iren Kleiven med nynorske tekstar svært godt.

Ei av røynslene frå i fjor er at det er risikabelt å lage mange varer med festspelmotivet. Heller ikkje Språkvegg-produkta selde slik vi vona, men dei bør kunne leve ei tid. Det som ser ut til å selje best, er varer med Ivar Aasen-ordtak. Til dømes selde vi i 2013 235 sitjeunderlag og 140 handlenett. Også kjøleskapsmagnetar med ordtak gjekk svært bra.

12.4 Handlenett.no

Bruttoomsetninga i nettbutikken fall frå 297 000 kroner i 2012 til 245 000 kroner i 2013. Dermed stod nettbutikken for 14 % av det samla butikksalet, 22 % året før.

Ordretalet minka frå 639 til 539, og omsetninga per ordre gjekk ned frå 465 kroner til 455 kroner.

Årsaka er at vi frå sommaren 2013 opna den nye nettbutikken Handlenett.no. Det tok tid før den verka som den skulle. I tillegg gjekk vi over frå fakturering i ettertid til kortbetaling ved tinging. Ei slik løysing gjer ein nettbutikk meir seriøs og aukar over tid omsetninga sjølv om somme vegrar seg mot å betale med kort.

Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom 913 varer, mot over 700 varer ved utgangen av 2012. Kvar månad (tal for juli og august ligg ikkje føre) var i gjennomsnitt 792 gjester innom nettbutikken. Færrest var der i september, flest i november og desem-

ber. Stadig fleire handlar til jul på nett også hos oss.

Framleis gjeld det å få desse kundane med vidare til andre tilbod på nettstaden.

12.5 Vareprofil

Ved årsskiftet hadde butikken 1007 kurante varer på lager, mot 819 året før. Av di vi bytta kassesystem midt i året, var det i 2013 vanskeleg å ha oversyn over varesalet undervegs.

3500 nye Aasen-boksarar blei leverte i 2013. Dermed har vi produsert 11 800 eksemplar frå og med 2010.


I 2013 vart det laga to ulike festspelkrus, eitt med tekst av Lars Petter Sveen og eitt med tekst av søstrene Botheim.

13 Nettstadene

Tre nye nettstader blei lanserte eller nyopna i juni 2013: Festspela.no, Haugesenteret.no og Aasentunet.no.

På nettstadene minka talet på unike brukarar med om lag 40 % frå 312 481 i 2012 til 185 755 i 2013. Desse såg på 650 225 sider, mot 739 931 året før. Nedgangen skriv seg frå omlegging til nye nettstader og nytt statistikkverktøy som tel annleis enn før.

Figur 9. Unike brukarar og viste sider på nettstadene 2009–2013



Publikum kunne velje mellom 10 680 tekstdokument, mot 13 950 i 2012. Omlegginga til nye og ryddigare nettstader gjorde at nokre artiklar blei tekne ut, og nokre måtte vente på ei tilpassing til nye format. Alt

stoff om Dei nynorske festspela og nettbutikken blei flytta frå Aasentunet.no til deira eigne nettstader.

Arbeidet med å utvikle nye nettstader for Aasen-tunet, Hauge-senteret og Festspela tok til i 2012 og blei fullført i 2013. Festspela.no blei lansert 3.6., Haugesenteret.no 20.6. og Aasentunet.no 26.6.2013.

13.1 Aasentunet.no

Nettstaden www.aasentunet.no blei opna 26.4.2000, og blei nyopna med ny grafisk form 26.6.

I jubileumsdagane 1.–5.8. hadde vi nye innslag kvar dag: brev, dikt, gjenstandar, spor etter Ivar Aasen, handskrifta hans.

Til 1.8. publiserte vi ein oppdatert *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* med seinare oppdateringar, og *Historia om Ivar Aasen* med alle fotnotane, berre tilgjengeleg for dei som hadde boka.

Den 5.8. publiserte vi 209 brev skrivne til Ivar Aasen: Eirik Helleve har transkribert breva, som ligg i samlingane til Nasjonalbiblioteket.

Ved utgangen av 2013 inneheldt nettstaden om lag 10 000 tekstdokument, mot 11 810 året før.

13.2 Festspela.no

Festspela.no blei lansert 3.6. Frå å vere eit menypunkt under Aasentunet.no har no Festspela sin eigen festivalnettstad med informasjon om utøvarar og program, praktisk informasjon til publikum, presse og frivillige, og arkiv med dokument frå tidlegare festspel.

Ved utgangen av 2013 hadde Festspela.no om lag 150 tekstdokument.

13.3 Tunkatten.no

Tunkatten.no blei opna 12.9.2006 og er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 5–12 år med nynorsk språk og litteratur.

Nettstaden inneheld mellom anna ni forteljingar om tunkatten Lurivar, skrivne av ni

ulike forfattarar, og 72 nynorske songar med lydfiler og notar i «Tunkattens songbok».

Til 200-årsdagen 5.8. skreiv Hilde Myklebust «Hei hurra for Ivar Aasen» – Lurivars fødselsdagssong for jubilanten, med melodi av Anna Elisa Vadset.

Nettstaden inneheldt ved årsskiftet 407 publiserte dokument, mot om lag 370 året før.

13.4 Haugesenteret.no

Nettstaden blei nyopna med ny grafisk form 20.6.

Frå 2011 la vi ut meldingsbladet *Onen* på nettstaden.

Frå mai 2013 publiserte vi jamleg intervju Jan H. Landro har gjort med forfattarar etter 1980. Intervjuha vore publiserte i Bergens Tidende, og Haugesenteret har fått ein eksklusiv avtale om å publisere dei på nettstaden sin.

Under Aasen-jubileet publiserte vi kvar dag eitt sitat frå dagboka til Hauge, der han omtalar Aasen.

Nettstaden inneheldt om lag 500 dokument ved utgangen av 2013, mot 400 året før.

13.4 Besøk og bruk

I 2013 hadde Aasentunet.no 137 706 unike brukarar og 427 410 sidevisingar, mot 282 000 og 589 000 i 2012.

I 2013 hadde Haugesenteret.no 11 812 unike brukarar og 25 829 sidevisingar, mot 9976 og 17 679 i 2012.

57 % kom til nettstadene gjennom søkjemotorar som Google, Kvasir og Bing. 21 % kom direkte inn på nettstadene, medan 22 % kom via peikrarar frå andre, t.d. Facebook. Tilsvarande tal for 2012 var 68 %, 17 % og 15 %.

Kvar nettgjest såg i gjennomsnitt på 4,47 sider i 2013, mot 3,3 sider året før. Det var store skilnader mellom dei ulike nettstadene:

Handlenett.no 8,4

Tunkatten.no 5,2

Festspela.mo 3,3

Aasentunet.no 3,0

Haugesenteret.no 2,4

År for år har vi bygt ut nettstadene i retning av å bli den sentrale nettstaden for pålitelig og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Det faglege innhaldet er ein svært viktig del av nettstadene, og dei største brukarane er skular over heile landet. Mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader. Det er også grunnen til at sidene om Ivar Aasens liv og verk var av dei mest populære på nettstadene i 2013. Her hadde vi 20 280 gjester på opningssida, mot 17 296 året før.

Sidene om Ivar Aasen var dei mest brukte på nettstaden i Språkåret 2013 (20 283). Tunkattens songbok (15 937) og Festspela (10 379) kom på dei to neste plassane. Festspela kom høgt opp av di festivalen no hadde eigen nettstad. Songboka tilbyr nedlasting og avspeling av lydfiler med songane. Omlegginga av nettstaden gjer at vi ikkje har tal for 2013 som kan jamførast med tidlegare år.

13.5 Litteratur

Fedraheimen er den største samla tekstmengda som har blitt publisert på litteratursidene til no. Ved utgangen av året var 10 årgangar publiserte. Totalt er dermed om lag 6650 artiklar frå 15 årgangar digitaliserte.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk. I 2013 publiserte vi 209 brev skrivne til Ivar Aasen, *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* og *Historia om Ivar Aasen* med fotnotar, tilgjengeleg berre for dei som har boka.

Litteratursidene blei opna i 2001, då under namnet Nettbiblioteket. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Til no har vi bygt opp desse sidene ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lå-

gast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering. Vi har konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavretsrettsleg. I 2013 ville det seie forfattarar som døydde før utgangen av 1942. Langt dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920.

Litteratusidene inneholder difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.


Nettportalen digitaltmuseum.no har vore i drift ei stund. Dette er formidlingsdelen av programmet Primus, som musea bruker til registrering av gjenstandar. I september 2011 publiserte vi foto av alle dei 227 registrerte gjenstandane etter Ivar Aasen. Slik publisering gir meir kontakt med publikum, som også lett kan gi oss eventuell tilleggsinformasjon om gjenstandane.

Gjennom prosjektet Alfa – inngangar til norsk litteratur får også litteratusidene tekstar frå fleire nolevande eller nyare forfattarar. Prosjektet er støtta av Kulturrådet.

14 Kommunikasjon

Kommunikasjonskostnadene minka med 18 % frå 1 1 175 000 kroner i 2012 til 960 000 kroner i 2013. Dette utgjorde berre 4,2 % av samla driftskostnader, mot 5,9 % i 2012. Her brukte vi 103 000 kroner mindre enn budsjettet.

Figur 10. Opplag trykksaker 2009–2013



Administrasjonen praktiserte også i 2013 open informasjon og svart på alle dei spørsmåla som kom. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss, men vi har sidan 2004 praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengelag postjournal og offentleggjering av vedtaksprotokollar frå styre og råd. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatkivet Aasen-tunet representerer.

Det samla opplaget for trykksaker i 2013 var 123 400, mot 115 300 eksemplar året før. Av dette stod Hauge-senteret for 28 500 eksemplar, Aasen-tunet for 94 900.

14.1 Presse og kringkasting

Vi sende i 2013 ut 97 pressemeldingar, mot 62 året før. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstaden og i sosiale medium. Auken skuldast først og fremst jubileums-helga i august, ekstra profilering av Festspela og annan språkårsrelatert aktivitet.

Som tidlegare år førte vi ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sende også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift.

Festspelprogrammet blei lansert med egen pressekonferanse i Aasen-tunet, der festspeldiktarane Guri Sørumgård Boheim, Sigrid Sørumgård Boheim og Lars Petter Sveen var med.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på mediekliipp frå Retriever.

200-årsjubileet for Ivar Aasen 1.–5.8. fekk mykje merksemd i massemedia, og særskilt biografien gav oss rom i viktig sendetid og nasjonale avisar. NRK TV sende direkte frå tunet 5.8. med kulturministeren, Maria Parr og tunkatten, og NRK radio var til stades med to lag, eitt lokalt og eitt nasjonalt. Både 31.7. og 5.8. var det innslag i Dagsrevyen og om frå oss.

14.2 Trykksaker

I 2013 gav Aasen-tunet ut to utgåver av meldingsbladet *Symra*, i januar og september. Begge utgåvene blei trykte i 20 000 ek-

semplar, som året før, og spreidde etter faste adresselister og til alle husstandane i Hornindal, Stryn, Eid, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Dei nynorske festspela hadde i 2013 same grafiske profilen på alle trykksakene. Italienske Ariele Pirona utforma motivet, som også blei nytta til brosjyre, programavis, annonsar og festspelbanner. Vi laga også t-skjorter og nokre butikkvarer med same motiv.

Festspelavisa var som tidlegare år ei eigenprodusert avis på 32 sider i fire fargar i tabloidformat, i 2012 var avisa på 28 sider.. Avisa blei trykt i 32 500 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten 13.6, og lagd ut i butikkar og andre samlingsstader i regionen.

Programfaldar blei sendt til alle husstandane i dei ti nærmaste kommunane, dei same som Symra.

Festspelplakaten blei trykt i 2000 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

Sommarsesongen i Ivar Aasen-tunet blei marknadsført med eigen plakat. Denne blei hengt opp lokalt og elles distribuert til ein del nynorskommunar og turistinformasjonar.

Hauge-senteret gav ut to utgåver av Onen, i januar (15 600 eks.) og september (12 900 eks.), mot ei utgåve i mars 2012. Bladet blei sendt ut til alle husstandane i Ulvik, Granvin, Eidfjord, Jondal, Ullensvang, Odda, Kvam og Voss.

14.3 Annonsering

Alle kulturarrangement i Ivar Aasen-tunet blei annonsera i lokalavisene Møre, Møre-Nytt, Vikebladet, Vestlandsnytt og Fjordingen, og vi hadde annonse for sesongane i Regionavisa.

For Dei nynorske festspela brukte vi om lag 2/3 av annonsebudsjettet lokalt og 1/3 på riksannonsering.

Ivar Aasen-tunet var også i 2013 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen og

hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I heile 2013 hadde Ivar Aasen-tunet fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på ferja mellom Volda og Folkestad og på begge ferjene mellom Festøya og Solevågen.

Til arrangementa Hauge-senteret trykte vi opp plakatar som blei spreidde i nærmiljøet. Arrangementa blei annonsera i Avisa Hordaland og på gratissida «Det skjer» i Bergens Tidende.

14.4 Sosiale medium

Ved utgangen av 2013 hadde vi 4470 følgjarar i sosiale medium, mot 2459 ved utgangen av 2012. Desse fordelte seg med 2473 følgjarar på fire Facebook-kontoar og 1977 likarar på Twitter-kontoar.

Ivar Aasen-tunet brukte Facebook og Twitter (og YouTube) aktivt i marknadsføringa i 2013. Sidene for Ivar Aasen-tunet og Festspela på Facebook blei mellom anna brukte til å spreie informasjon om og frå dei fleste arrangementa.

Meldingskanalen Twitter blei i 2013 mest brukt til å sitere frå talar, innlegg, debattar og foredrag under Festspela og jubileumsdagane i august.

Olav H. Hauge-senteret nytta Facebook i 2013 til marknadsføring av arrangement. Hauge-senteret oppretta eigen Twitter-konto 14.10. Her er det mest sitat frå dagbøkene til Hauge.

14.5 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) var Ivar Aasen-tunet mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge. I tillegg blei Aasen-tunet nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

DÅS bruker svært lite nynorsk og bryt dermed med dei føresetnadene vi la til grunn ved innmeldinga i 2004. Eit samråystes årsmøtevedtak i 2012 gjekk inn for å greie ut om fordelar og ulemper ved bruk av

bokmål elle nynorsk til årsmøtet i 2013. Nynorsk kultursentrum tek del i dette arbeidet. Grunna samanslåinga mellom DÅS og Destinasjon Geiranger og Trollstigen (DGT), er arbeidet med nynorsk noko utsett, men DGT nyttar nynorsk i sitt arbeid.

Ivar Aasen-tunet var med på fleire samarbeidsprosjekt for marknadsføring av reiseliv:

- "Kapp det gode liv" marknadsfører reiselivsbedrifter på Søre Sunnmøre og i Nordfjord
- Reiseruteprosjektet Fjordstreif i regi av Hanen, interesseorganisasjon for bygdeturisme, gardsmat og innlandsfiske i Noreg.
- Bygdeturismekampanjen, ein del av Norges kampanje til Innovasjon Norge, for å profilere Noreg som feriemål for folk busett i Noreg

Olav H. Hauge-senteret er medlem i Destinasjon Hardanger Fjord og Ulvik destinasjon med omtale i Hardanger Guiden 2013.

14.6 Logo- og profilprogram

Logo- og profilprogrammet frå 2012 blei fullt ut teke i bruk i 2013, då med komplette dokumentmalar for alle avdelingar og dei viktigaste dokumenttypane. Profilprogrammet var grunnlaget i arbeidet med dei nye nettstadene som blei lansert i 2013.

Hovudsponsor Det norske oljeselskap utfordra i 2013 flyselskapet Norwegian til å profilere Ivar Aasen på ein av flyhalane sine. Den oppmodinga takka selskapet ja til, og dei fekk nødvendig materiale frå oss. Flyet med «Ivar Aasen – Norwegian linguist» blir sett inn i rute i 2014.

15 Gjester


Nynorsk kultursentrum auka gjestetalet med 41 % frå 21 854 i 2012 til 30 743 i jubileumsåret 2013.

Ivar Aasen-tunet hadde 29 966 gjester, medan Olav H. Hauge-senteret hadde 777.

15 918 gjesta utstillingane – dette inkluderer 9526 gjester på skuleturnear, medan 11 026 var på arrangement.

Ein mykje større del av gjestene våre er born og unge enn det som er vanleg ved norske museum, og 1 av 14 som bruker nettstader frå norske kulturhistoriske museum, bruker truleg ein av nettstadene våre.

Figur 11. Gjester og nettstadbrukarar 2009–2013



Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 274 407 gjester.

15.1 Gjesteprofil

Museumsstatistikken frå Kulturrådet for 2012 er den nyaste tilgjengelege.

Seks museumseiningar i Møre og Romsdal hadde i 2012 380 266 gjester. Av dette stod Nynorsk kultursentrum for 5,8 %, mot 4,7 % i 2011.

Vi hadde 67 % av alle nettstadgjester i fylket, mot 66 % i 2011.

Av nettstadene for kulturhistoriske museum i Noreg stod vi for 7,3 % av alle brukarane i 2010, mot 5 % i 2009. Nyare tal ligg ikkje føre.

Vi stod for 45 % av alle publikumsarrangement i fylket i 2012 mot 37 % i 2011.

Tabell 1. Prosentfordeling gjester etter aktivitet 2010–2013

	2010	2011	2012	2013
Kulturprogram	11	16	12	19
Festspela	36	35	24	17
Utleige	15	16	12	12
Utstillinger	39	33	52	52
Sum	101	101	100	100

8400 eller 38 % av gjestene våre deltok i 2012 i pedagogisk verksemd for barn og unge, mot 13 % i Møre og Romsdal og 10 % i alle museum i landet. Tilsvarande tal for 2011 var 20 %, 9 % og 10 %.

Tabell 1 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. Dei største endringane frå 2011 til 2012 var at Festspela hadde ein mykje lågare del av gjestene og Utstillingar ein svært stor del, først og fremst fordi skuleturneane auka så mykje dette året.

Tabell 2. Prosentfordeling gjester etter sesong 2009–2013

	Vår	Sommar	Haust
2009	36	48	16
2010	31	49	20
2011	26	45	29
2012	22	35	43
2013	32	36	32

Tabell 2 syner at fordelinga av gjester mellom sesongane svingar over tid. Sommarsesongen har tidlegare vore dominante, men grunna auka aktivitet i dei andre sesongane er fordelinga no jamnare enn tidlegare. Aktivitetsprofilen vår gjer at gjestene kjem meir jamt gjennom året enn tilfellet er for mange andre museum.

15.2 Gjesteundersøking

Som i 2007, 2009 og 2011 gjennomførte vi publikumsundersøking under Dei nynorske festspela med faste spørsmål. Undersøkinga viste dei same tendensane som tidlegare år.

Gjennomsnittsalderen i undersøkinga var 54 år. Born blei ikkje spurde, og difor gir undersøkinga eit misvisande aldersbilete.

Vi hadde gjester frå 13 fylke, fleire utanfrå Møre og Romsdal enn før, og om lag like mange langvegsfarande.

Fire av ti vaksne gjester var tilsette i offentleg sektor, to av ti i privat sektor. Heile åtte av ti hadde høgare utdanning, mot om lag fem av ti blant alle innbyggjarane i landet.

Ni av ti var anten svært nøgde eller ganske nøgde med Festspela. Det var program-

met dei fleste framheva, og det vesle som fanst av misnøye, gjaldt billettprisar. Færre var misnøgde med førehandsinformasjonen enn tidlegare (under ein av ti) og fleire hadde funne informasjon om Festspela frå internett (tre av fire).

Nesten alle gjestene var her i privat ærend. Ein av fire gjester var nye og fire av fem gjester vil kome att neste år. Kvar femte festspelgjest var i Aasen-tunet for første gong i 2013.

15.3 Spørjeundersøkingar

Saman med Språkåret 2013 gjennomførte vi ei spørjeundersøking i desember 2012 og november 2013 med like spørsmål om Ivar Aasen, Aasen-tunet, Språkåret og meininger om eit fleirspråkleg Noreg. Eit samandrag av dei språkpolitiske meiningerne er presentert i kap.- 17.3.

Tala indikerer tydeleg at undersøkinga er representativ og påliteleg innanfor dei grensene som gjeld for slike undersøkingar.

200-årsjubileet for Ivar Aasen var grunnlaget for Språkåret. Kor mange har hørt om ein person som levde og døydde på 1800-talet, og kva slags inntrykk har dei av han? Hausten 2012 hadde 96 % hørt om Ivar Aasen. Hausten 2013 hadde 98 % hørt om han. Det høge talet frå 2012 blei altså stadfest og vel så det.

For eit år sidan hadde vel fem av ti eit svært godt eller ganske godt inntrykk av Ivar Aasen. I november 2013 svara seks av ti det same. Fleire meinte noko om han, og fleire hadde eit positivt bilet av han enn før Språkåret tok til. Hausten 2013 hadde berre 5 % eit dårlig inntrykk av han.

49 % hadde hørt om Ivar Aasen-tunet hausten 2013, mot 43 % året før. Fordelt etter alder var det store skilnader, men kjennskapen auka mest hos dei yngre og dei eldre (tabell 3):

Tabell 3. Kjennskap til Ivar Aasen-tunet etter alder 2012 og 2013. Prosent

	2012	2013
15–25 år	20	29
25–39 år	37	43
40–59 år	47	49
60– år	59	68

Ikkje uventa var kjennskapen i 2013 høgast i Møre og Romsdal og Trøndelag (64 %) og på Vestlandet (56 %). Det er færrast som kjenner Ivar Aasen-tunet i Oslo (42 %), og størst var auken i Nord-Noreg. Elles var det mange blant dei høgast utdanna som kjenner staden (59 %).

4 av 10 kunne tenkje seg å vitje Aasen-tunet i framtida, anten dei hadde vitja Aasen-tunet før eller ikkje. Menn og kvinner var om lag like interesserte (50 % og 48 %) Gruppene 40–59 og 60 eller meir var dei som mest kunne tenkje seg å oppleve Aasen-tunet (40 % og 54 %).

Det var dei høgt utdanna og dei som bur næraust (Møre og Romsdal eller Trøndelag, og Vestlandet elles) som oftast stadfesta at dei kunne tenkje seg å itje Aasen-tunet.

15.4 Opningstider

Opningstidene for Aasen-tunet har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

16. august – 14. juni: måndag – fredag 10–16, søndag 12–17

15. juni – 15. august: måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

Aasen-tunet var ope 305 dagar i 2013. Av dette var 47 dagar utan besök på arrangement eller i utstillingar, mot 86 året før. Gjester i butikken eller kafeen kjem utanom.

Hauge-senteret var ope om lag 225 dagar med opningstid måndag – fredag 9–16, og med omvisingar etter avtale.

15.5 Billettsystem og prisar

Brutto billettsal på Internett auka med 3 % fra 195 000 kroner i 2012 til 201 000 kroner i 2013. Dette utgjorde 23 % av det samla billettsalet til arrangement, mot 30 % i 2012.

Våren 2013 tok vi i bruk billettsystemet eBillett. På det nye systemet kan publikum både kjøpe billett i eigen app for mobil, gjennom internett og i tunet. Publikum kan no også skrive ut billettane sjølv heime.

Prismodellen blei ført vidare også i 2013, med uendra prisar frå året før. I Aasen-tunet var prisane per person:

- Vaksne 75,00
- Born og unge 6–16, og studentar 35,00
- Honnør 50,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 50,00
- Skuleklassar 20,00
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- Tillegg utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde alle gjester fritt tilgjenge i basisutstillinga.

Vi har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 0 til 350 kr.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løysse festspelpass til 1350 kr som gav tilgjenge til alle arrangement.

16 Økonomi

Medrekna finansinntekter auka inntektene med 17 % frå 20,8 millionar kroner i 2012 til 24,2 millionar kroner i 2013. Driftskostnadene auka med 14 % frå 20,1 millionar kroner i 2012 til 23,0 millionar kroner i 2013.

Ivar Aasen-tunet stod for 73 % av inntektene, Olav H. Hauge-senteret for 14 % og Felles 12 %. Dei tilsvarande tala i 2012 var 68 %, 12 % og 11%.

16.1 Investeringar

I 2013 investerte vi i oppdatering og utviding av basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet. Med dette gjorde vi dei største endringane i basisutstillinga sidan 2000. Investeringa blei finansiert med tilskot frå Fritt Ord, prosjektmidlar til bruk i Språkåret, og eigne midlar.


I fleire år har vi hatt separate system for adresseregister, fakturering, kasse og nettbutikk. Vi kom til eit punkt der betre samhandling mellom dei ulike systema blei viktig. Difor investerte vi i 2013 i eit nytt administrasjonssystem som samlar alle desse funksjonane. Valet fall på Visma Global. Med utvidingar for dette programmet har vi også gått over frå manuell kontering og betaling av rekningar til å gjere dette direkte i administrasjonssystemet. Dette er no det same som rekneskapsføraren bruker. Etter ei innføringstid vil dette forenkle økonomiarbeidet og spare kostnader.

Fra og med bygginga av utescena i 2008 har vi no investert om lag 7 millionar kroner i større utbetringar av bygningar og anlegg. Alle tiltaka er gjennomførte utan lån.

16.2 Drift

Inntektene har auka markert nesten kvart år i lengre tid. Det gjorde dei også i 2013.

Figur 12. Statstilskot og eigeninntekter i mill. kr 2009–2013



Rekneskapsført statstilskot auka med 2 % frå 14,7 millionar kroner i 2012 til 15,0 millionar kroner i 2013.

Eigeninntektene er alle inntekter utanom finansinntekter og ordinært driftstilskot frå staten. Desse auka med 50 % frå 5 916 000 kroner i 2012 til 8 900 000 kroner i 2013.

Av eigeninntektene auka offentlege prosjekt- og driftstilskot frå fylkeskommunar og kommunar med 57 % frå 1 177 000 kroner i 2011 til 1 842 000 kroner i 2013. BillettSal, sal av varer og tenester, uteleige og sponsoravtalar m.m. utgjer marknadsinntektene. Desse

auka med heile 81 % frå 3 871 000 kroner i 2012 til 7 020 000 kroner i 2013.

Driftstilskot frå staten inkludert midlar til Vinjefondet utgjorde 63 % av samla inntekter, mot 71 % året før. Andre offentlege tilskot stod for 8 % av inntektene, mot 7 % året før. Marknadsinntektene utgjorde 29 % av alle inntekter, mot 22 % året før. Det vil seie at marknadsinntektene auka mykje meir enn andre inntekter i 2013 og at Nynorsk kultursentrum no følgjer opp fleire inntektskjelder enn før.

Billettinntektene auka med 16 % frå 771 000 kroner i 2012 til 892 000 kroner i 2013. Dette utgjorde 3,7 % av driftsinntektene, som året før.

Tabell 4. Prosentfordeling kassaomsetning 2009–2012

	2009	2010	2011	2012
Billettar utstilling	7	5	4	5
Billettar arrangement	18	20	24	22
Butikk	37	45	38	47
Kafé og uteleige	38	29	34	26
I alt	99	100	100	100

Bruttoomsetninga over kassa inkl. mva passerte rekordnivået frå året før og enda på 3,7 millionar kroner i 2013. I tabell 4 er omsetninga fordelt på dei ulike driftsområda. Fordelinga skifter frå år til år, men butikken styrker over tid stillinga si som ei viktig inntektskjelde.

Kostnadene auka noko meir enn inntekten i prosent.

Samla lønskostnader var om lag som i 2012 og utgjorde dermed ein uvanleg låg del av driftskostnadene: 43 % i 2013 mot 48 % i 2011. Dette inkluderer utøvarhonorar.

På driftssida var omlegginga til nytt ikt-system den viktigaste endringa. Vi utførte planlagt vedlikehald i 2013 og var a jour med dei viktigaste oppgåvane ved årsskiftet.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 558 000 kroner, mot 510 000 kroner i 2012. Vi har heile tida passa på at vi ikkje byggjer opp fiktive verdiar i varelageret. Ein del nyare utvikla varer slo ikkje til slik vi hadde vona. Ved årsskiftet reduserte

vi difor lagerverdien med 91 000 kroner i ukurans, mot 27 000 kroner i 2012. Etter dette utgjorde verdien av butikklageret 32 % av nettoomsetninga i butikken, mot 41 % i 2012.

16.3 Drifts- og prosjektilskot

Kulturdepartementet løyvde i alt 14 409 000 kroner til drifta i 2013. Dette inkluderer 547 500 kroner til Vingefondet.

Til Olav H. Hauge-senteret gjekk 3 000 000 kroner av løyvinga frå Kulturdepartementet. Hordaland fylkeskommune løyvde 518 000 kroner og Ulvik herad 900 000 kroner – medrekna verdien av husleige på 132 000 kroner.

Vi inntektsførte 965 000 kroner i prosjektilskot mot 234 000 kroner i 2012:

- Kulturdepartementet: 500 000 kroner i prosjektmidlar til fri bruk i Språkåret
- Norsk kulturråd: 40 000 kroner til forfattarturné til litterære museum
- Møre og Romsdal fylkeskommune: 131 510 kroner til Dei nynorske festspela, 100 000 kroner til prosjekt i Språkåret og 83 000 kroner til utvikling skulesekkprogram for barnehagar
- Volda kommune: 55 000 kroner til Dei nynorske festspela
- Ørsta kommune: 55 000 kroner til Dei nynorske festspela

Vestenfeldske Bykreditt løyvde 150 000 kroner til basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret. Summen blir overført til 2014.

16.4 Samarbeidspartnarar

Vi hadde i 2013 gode og langsiktige sponsoravtalar med fire samarbeidspartnarar: Det norske oljeselskap, Sunnmørsposten, Sparebank1 Søre Sunnmøre og Tussa. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane utgjorde 453 000 kroner mot 359 000 kroner i 2012.

Medrekna kulturprogrammet hadde vi heile 130 andre samarbeidspartnarar i 2013, mot 56 året før:

Akershus fylkeskommune, Amnesty i Volda, Amfi Ørsta, Aschehoug, Bama, Bergen Mållag, Bil & Gummiservice, Bjørnsonfestivalsen, bLEST Litteraturfest, Bokmessa på Ål,

Borgarsyssel Museum, Brudevoll kjøtt AS, BUL Ervingen, BUL i Oslo, Bø og Nes Mållag, Coca Cola, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Diktardagar, Dokumentarfilmfestivalen, Eidsberg menighet, Firda vidaregåande skule, Fjord 1 Buss Møre, Folkeuniversitetet i Florø, Forlaget Skald, Friile, Fugl Føniks kaffibar, Førde og Naustdal Mållag, Gyldendal, Hamar dialekt- og mållag, Hardanger og Voss Museum, Haugesund mållag og ungdomslag, Herøy Mållag, Hilmar-festivalen, Hordaland Mållag, Hotell Ivar Aasen, Høgskulen i Volda, Iriss forlag, Ivar Aasen-instituttet, Jazzklubben Volda Ørsta, Jølster Mållag, Kafé Fru Svendsen, Kontaktpunktet, Landslaget for norskundervisning, Lindås Ungdomslag, Litteraturhuset i Fredrikstad, Lydkjelleren, Margbok, Molde bibliotek, Molde Mållag, Møre folkehøgskule, Møre og Romsdal arkitektlag, Møre og Romsdal fylkesbibliotek, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møremusikarane, Mållaget i Kristiansand, Mållaget Sparbyggjen, Nettbuss, Nord-Aurdal Mållag, Nordisk Sommeruniversitet, Noregs Mållag, Norli Steinkjer, Norsk Botanisk Forening, Norsk Forfattersentrum, Norway Bussekspress, NRK, NRK Nynorsk mediesenter, Nynorskcenteret, Nyttevekstforeningen i Ålesund, Oktober forlag, Ole Ringdal as, Oslo Mållag, Pensjonistuniversitetet i Åsane, Re:Act, Rogaland fylkeskommune, Rokken, Samlagsrota, Selja forlag, Seniorfestivalen i Ålesund, Sivert Aarflot-museet, Skald Forlag, Sogn og Fjordane arkitektforeining, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Teater, Spinnetri Volda, Språkåret 2013, Språkrådet, Steinkjer bibliotek, Steinkjer mållag, StudentbygdA, Sunnmøre kulturnæringshage, Sunnmøre Mållag, Svensk-norska föreningen, Team 5, Tiden Norsk Forlag, Time historielag, Tine Meierier Ørsta, Trafo, Trondheim Litteraturfest, Tuns Bakeri, Ulvik mållag, Ulvik Poesifest, Ungdomslaget Ivar Aasen, Valdres Bokdag, Valdres Mållag, Venelaget Olav H. Hauge, Volda Bil, Volda Bygdetun, Volda elektriske mylne, Volda frivilligsentral, Volda handelsforening, Volda kommune, Volda og Ørsta kunstlag, Volda Mållag, Volda om-

sorgssenter Volda sokneråd, Volda vidaregåande skule, Voss bibliotek, VTI Fotball, Westres bakeri, Widerøe, Ørsta frivilligentral, Ørsta kommune, Ørsta kunstlag, Ørsta Mållag, Ørsta næringskontor, Ørsta og Volda ballettskule, Ørsta sokneråd, Østfold Mållag, Ålesund pensjonistuniversitet.

Dei nynorske festspela hadde 37 samarbeidspartnerar, mot 27 i 2012. Bokturneen «Ivar Aasens sans for språk» hausten 2013 blei gjennomført saman med 44 samarbeidspartnerar.

Nynorsk kultursentrum takkar alle samarbeidspartnerane!

16.5 Samfunnsrekneskap

Den kulturøkonomiske verdien av institusjonar som vår er stor. Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2012:

- 2 737 000 kroner i forskotstrekk og 1 289 000 kroner i arbeidsgivaravgift, til saman 4 026 000 kr, mot 3,5 millionar kroner i 2012. Dette utgjorde 17 % av samla kostnader, som i i 2012
- 10,7 millionar kroner i bruttoløn og sosiale kostnader, mot 8,8 millionar kroner i 2012
- 2 095 000 kroner i honorar til utøvarar ved kulturarrangement, Dei nynorske festspela og elevprogram, mot 1,4 millionar kroner i 2012

17 Retning 2018

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2013 og jamvel utvida det. Med grunnlag i *Visjon og strategi 2013–2016* heldt vi fast ved posisjonen vår som ein sjølvstendig kulturinstitusjon.

Mykje av vår forståing av den norske språk- og kultursituasjonen låg til grunn for den språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg som eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til våren 2009.

Gjennom årstalane 2001–2012, høyningsfråsegner, og språkleg, litterær og språkpoli-

tisk dokumentasjon har vi arbeidd målretta for å fremje dialog med mange land og kulturar, følgje opp språkmeldinga, styrke bruken av nynorsk for born, auke bruken av nynorsk i digitale medium, fornye opplæringspolitikken for nynorsk og forme ein ny og moderne argumentasjon for nynorsk. Dette er utdjupa i kap. 17 i *Årsmelding og rekneskap 2012*.

I 2013 tok vi det neste steget. I tillegg til eiga institusjonsutvikling prioriterer vi arbeid i samsvar med erklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret». Oppfølging av Språkåret 2013 er ein del av dette.

17.1 Utvikling i Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum ønsker å bli ein større organisasjon, men etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta.

Arbeid for kulturelt mangfald har ein eigenverdi for ein institusjon som vår. Mangfaldåret 2008 fekk dverre lite å seie for ei utvida forståing av det norske kulturelle mangfaldet. Vi fører vidare arbeidet med å utvide forståinga av det norske og dokumentere det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet.

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt.

Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Verdien av publikumstilbodet må målast i meir enn gjestetal. Både arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk skal halde høg kvalitet. Vi utviklar ein god del tilbod vi er åleine om. Ein del arrangement og utstillingar skal ha gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Rådet har ved fleire høve streka under at vidare utbygging i *Ivar Aasen-tunet* bør vere ei av dei nynorske hovudsakene for det komande tiåret. Ivar Aasen-tunet er generelt i god stand. Etterspurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i mange ledd. Alt dette gjer det nødvendig å avklare ei rekke spørsmål i åra frametter:

- Ny bygning med kjøkken og kafé
- Noko meir utbetring av Gamlevegen
- Garasje og reiskapshus

Vedlikehald av natur- og kulturlandskapet er ei kontinuerleg oppgåve.

Olav H. Hauge-senteret skal ha eit komplett tilbod frå og med 4.9.2014. Senteret får disponere heile 1. og 2. etasje i heradshuset. Det gir eit betre publikumstilbod og eit betre grunnlag for eigeninntekter gjennom butikk enn vi elles kunne ha fått til. Senteret får ein annan driftsprofil enn Aasen-tunet ved at det ikkje er aktuelt å drive eigen kafé. På den andre sida er Ulvik eit mykje større reisemål for turistar enn Ørsta og Volda er. Difor blir sommarsesongen svært viktig for Hauge-senteret. Frå og med 2014 har vi ansvaret for å drive og utvikle også Ulvik poesifestival.

Nynorsk kultursentrum er ein av få kulturinstitusjonar som også driv festivalar. *Dei nynorske festspela* er solid etablert som tverrkunstnarleg og sjangerkryssande festival med litterært og språkleg tyngdepunkt. Røynslene frå denne festivalen kjem til nytte når Nynorsk kultursentrum skal etablere *Ulvik poesifestival* frå 2014.

Vinje kommune tok i 2011 initiativ til drøfting av samarbeid fram mot 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018. Samarbeidet inkluderer plan for eit mogleg *Vinje-senter*. Styret godkjende hausten 2013 ein intsjonsavtale med Vinje kommune om prosjektet, som Vinje kommune handsamar vinteren 2014.

Sidan 2012 har vi vore involverte i arbeidet med å lage *Diktarhuset i Lom* som eit fellesprosjekt for Lom, Skjåk og Vågå kommunar. Ein førebels prosjektplan blei lagd fram

sommaren 2013, og arbeidet held fram i 2014.

17.2 Utvikling av samarbeid og nettverk

Nynorsk kultursentrum har leidd arbeidet i *Nynorsk Forum* sidan 2000 og held fram i denne rolla. Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, oftentleg støtte og favorisering.

Nyvinningane til fordel for nynorsk-brukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Vi legg vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorsk-institusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange nye institusjonar, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette set jamleg evna til samarbeid på prøve. Fleire små institusjonar kan på eiga hand prøve å byggje opp ein kompetanse som alt finst, eller som kunne bli sterkare gjennom samarbeid. Vi tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån.

Internasjonalt følgjer vi opp kontakt med *Summer Institute of Linguistics* i Dallas, USA, som vi etablerte kontakt med i 2011. Dette er største språksenteret i verda, og samarbeidet vil vise att over fleire år. Vi arbeider også med å etablere eit globalt nettverk av språk- og skriftkulturmuseum. Grunnlaget for dette er dokumentasjonen *Museums of language and written culture*, som blir fullført i 2014. Dette femner om minst 50 slike institusjonar.

Den internasjonale samarbeidsflata blir også utvida gjennom Litteraturnettverket, ICLM og det nye nettverket Literary societies and literary museums in Europe.

Sidan 2011 har vi også vore involverte i arbeidet med å utvikle eit *verdssenter for språk på Island*. Grunnlaget for arbeidet vårt er ein intensjonsavtale mellom fem islandske og norske partar som blei signert i 2012. Nynorsk kultursentrum leier arbeidet i ei arbeidsgruppe som følgjer opp avtalen. Ein søknad frå Island om norsk løyving til bygging blei avslått av Kulturdepartementet i mars 2013.

Både formelt med sine 22 stiftalar og gjennom ein brei praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle overfor styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegeheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkjer den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet.

Vinjefondet er eit lite, men målretta tiltak som kjem i tillegg til dei store støtteordningane. Med midlar frå Vinjefondet kan jamt fleire medieverksemder vere med og auke bruken av nynorsk.

Utanom Vinjefondet utøver vi ikkje forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre. Tvert om øver vi press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller vi gjerne kompetansen vår til rådvelde for arbeid og tiltak som kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

17.3 Språkpolitiske meininger

Dei siste tiåra er det stilt mange spørsmål om synet på norsk språkpolitikk. Stortinget vedtok alt i 1885 å jamstille dei to språka som i dag heiter bokmål og nynorsk. Merkeleg nok har ingen spurt om nordmenn meiner at bokmål og nynorsk framleis bør vere jamstilte, ikkje før no. Dette spørsmålet deler Noreg i to, og uvanleg mange meiner noko om sak. Fire av ti meiner nynorsk og bokmål skal bli verande jamstilte, og like mange er usamde i dette. Berre ein av ti veit ikkje kva dei meiner om spørsmålet. Slik var det i 2012, og slik var det i 2013, men signifikant fleire tek stilling no enn før Språkåret.

I 2012 var 46 prosent heilt eller delvis ei-

nige i at nynorsk og bokmål skal vere jamstilte språk, og 31 prosent svara at dei likte godt eller svært godt at Noreg blir meir fleirspråkleg. Dei tilsvarande tala i 2013 var 48 prosent og 34 prosent.

Spørjeundersøkingar seier aldri alt, heller ikkje om kor tolerante nordmenn faktisk er språkleg sett. Over tid har det kome mange meiningsmålingar om kulturell toleranse, og nokre om språkleg toleranse. Tendensen har vore at dei som er mest positive til at Noreg er eit land med to jamstilte norske språk, også er dei som er mest positive til nye kulturelle impulsar frå innvandrarar.

Der er også ein skepsis, og den kom tydeleg fram i spørjeundersøkinga om Språkåret. Hausten 2013 likte ein av tre godt eller svært godt at Noreg blir eit meir fleirspråkleg samfunn, like mange verken likte eller mislikte det, og ein av tre likte det litt eller svært dårlig. Også her er det fleire som tek stilling no enn for eit år sidan, og dei som gjer det, fordeles seg ganske likt mellom for og mot.

Svara i undersøkingane tyder på at så mykje som 200 000 menneske kan ha skifta mening i eitt eller fleire av desse språkspørsmåla i 2013. Det er umogleg å bevise at det er Språkåret som er årsaka til desse meiningsendringane, og det er sannsynleg at fleire årsaker har gjort seg gjeldande. Endringane tyder i allfall på at Språkåret greidde å fange opp og spele på lag med andre endringsmekanismar i samfunnet.

17.4 Språk- og kulturpolitikk etter 2013

Sidan 2004 har det vore uttrykt politikk frå eit breitt fleirtal i Stortinget at det skal gjennomførast ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

No går Språkåret 2013 over i ei anna form. Nynorsk kultursentrum forpliktar seg til å forvalte det ansvaret det er å få ført vidare prosjekt frå Språkåret i regi av ulike institusjonar og organisasjonar. Dette inneber at vi i tida framover arbeider både med nynorsk skriftkultur og andre delar av det norske språklege mangfaldet.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og byggjer på ein tusenårs lang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

Arbeidet held fram i retning av 2018 som rommar både 200-årsjubileet for A.O. Vinje og 150-årsjubileet for Det Norske Samlaget. Retning og prioriteringar følger av Visjon og strategi og av den hundreårserklæringa som Noregs Mållag og Nynorsk kultursenterum forma i 2013.

17.5 Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret Ei erklæring i 21 punkt til 200-årsdagen for Ivar Aasen

§ 1 Nynorsk, sjølvsgått, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølvsgått å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar i skule, arbeidsliv og fritid. Som andre språk verda rundt treng nynorsk skriftkultur også i framtidia målretta, offentlege tiltak som gjer språkleg valfridom reell.

§ 2 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk. Ivar Aasens liv og verk la grunnlaget for at Stortinget i 1885 jamstilte dei to språka som i dag heiter nynorsk og bokmål. Det gjorde Noreg til eit språk- og kulturpolitiske moderne land. Som ein av dei første formelt fleirspråklege statane i verda bør Noreg bli verande ein slik stat for all framtid, men med reell jamstilling. Vi ønskjer at nasjonalspråka nynorsk og bokmål skal bli verande to gjensidig forståelege og samfunnsberande språk for folk i Noreg.

§ 3 Ta vare på rikdomen språkleg mangfold. Mangfold er ein måte å tenkje på. Vi ønskjer at Noreg skal ta vare på den rikdomen det er å leve i eit samfunn med to norske skriftspråk og mange talemål, tre samiske urfolksspråk, fleire historiske minoritetsspråk og mange nye innvandrarspråk. Den som kan fleire språk, får fleire tankar i hovudet og kan lettare forstå mangfold og variasjon i det norske samfunnet. Gjennom nynorsk

held vi oppe presset for talemålsnært skriftspråk og respekten for språkleg mangfold. Det språkmedvitet nynorsk held oppe i samfunnet, er også ein fordel for bokmål i møtet med aukande press frå engelsk i ikt, underhaldning, næringsliv og vitskap.

§ 4 Språk og demokrati skal framleis vere to sider av same sak. Å vere språkleg trygg er ein demokratisk styrke og gjer det lettare for allmenta å delta i den offentlege samtalen. Den nynorske grunntanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Kjernen i eit konstitusjonelt, sterkt demokrati er legitime avgjerder og at fleirtalet sikrar rettane til mindretala. Sidan 1892 har innbyggjarane gjennom rådgivande folkerøystingar og lokale styresmakter gjennom vedtak forma Noreg som eit samfunn med ein språkdelte norsk kultur. Dette har gjort språkpolitikk til ei sak for folk flest og noko som fleire eig i enn i mange land. Denne lokale språkpolitikken fører vi vidare.

§ 5 Auk verdien av nynorsk. Noreg har sidan 1885 investert store summar i nynorsk og sidan 1907 endå større summar i bokmål. Det har resultert i to skriftkulturar som er blant dei mest robuste i verda. Dei investeringane ønskjer vi å ta vare på og utvikle vidare. Som alle andre språk er også nynorsk meir enn eit språk, og nynorsk har vore med og skapt eit mangfoldig Noreg. Nynorsk er fleirtalsspråket både for born og vaksne i fleire fylke og regionar. Vi ønskjer ein språkpolitikk som ser lenger enn til det språklege og er ein del av ein samla politikk for å styrke regionar og distrikt.

§ 6 Bruk prinsippet nynorsk konsekvent. Etter stortingsdrøftinga av språkmeldinga i 2009 er det offisiell politikk å følgje prinsippet nynorsk. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal rekna med og vurderast der språk blir tematisert eller brukt, og at det blir grunngitt i dei tilfella ein meiner nynorsk ikkje er ein relevant faktor. Dette føreset administrative system i offentleg forvalting som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt og at det blir enklare å bruke nynorsk i det offentlege.

§ 7 Gi Noreg fleire nynorskbrukarar. Mange må skrive eit språk for at endå fleire skal lese det. Et bør vere eit mål at den offentlege språkpolitikken gir fleire nynorskbrukarar og få fleire til å bli verande nynorskbrukarar. Nynorskbrukarane må ha like stor valfridom til å bruke sitt språk som bokmålsbrukarar har. Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øyremerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda.

§ 8 Driv språkvern i praksis gjennom ei ny og utvida språklov. Stortinget, fylkesting og kommunestyre må fremje ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur. Mållova har verka, og den auka bruken av nynorsk i offentleg forvaltning har vore med og auka den språklege toleransen. Offentleg forvaltning veks, og vi ønskjer ei ny og utvida språklov. Denne må sikre dei formelle rettane for nynorskbrukarane på alle område i samfunnet og gi dei rett til å bruke sitt språk, og gjelde for fleire statlege og halvstatlege selskap enn no.

§ 9 Gi born og unge meir nærkontakt med nynorsk. Born med nynorskbakgrunn skal få den språklege sjølvkjensla dei treng og fortener, så dei kan bli trygge brukarar av sitt eige språk. Meir nynorsk i kvardagen gjer det lettare for dei å lære språket sitt. Barnehagen har svært mykje å seie for språkkopp-læringa. Alt i barnehagen må borna få eit positivt møte med nynorsk i skrift og dialekt i tale, og få høve til å bli godt kjende med det språklege mangfaldet i lokalsamfunnet. Vi vil styrke tilbodet på nynorsk til born i form av lesestoff, barne-tv frå allmennkringkastarane, digitale tenester og Den kulturelle skulesekken.

§ 10 Gjer nynorsk til eit språk også for innvandrarar. Å møte nynorsk gir innvandrarar eit breiare bilet av det å leve i Noreg i det 21. hundreåret, gjer det mogleg for etniske og innvandra nordmenn å forstå kvarandre betre og forstå meir av det landet vi bur i. Norsk kulturarv utan nynorsk er ikkje lengre tenkjeleg. Nynorskommunar, barnehagane og skulane i desse kommunane må difor gi sine nye innbyggjarar frå andre land

opplæring i nynorsk og slik føre dei inn i den lokale språklege fellesskapen. Vaksne innvandrarar mål gjennom opplæringslova få lovfesta rett til nynorske lærermiddel og opplæring på nynorsk.

§ 11 Styrk dei sterke nynorskområda. Nynorskbrukarane bur over heile landet. Utviklinga i dei nynorske kjerneområda legg grunnlaget for nynorsk som landsgyldig og jamstilt språk om femti år. Som eit nasjonalt, offisielt språk må nynorsk vere svært mykje brukt i fleire delar av landet. Vi prioriterer å styrke nynorsk i dei områda der nynorsk alt er mykje brukt, og dei områda der bruken av nynorsk er under særleg press.

§ 12 Utvid den lokale offentlege språkpolitikken. Som viktige språkprodusentar og språkbrukarar må kommunar og fylkeskommunar ta med språkleg jamstilling i sine offentlege innkjøp. I ei ny og utvida språklov bør også språknøytrale kommunar påleggjast å bruke begge språka. Ved eventuelle kommunesamanslåingar må prinsippet nynorsk brukast for å sikre at også den språkpolitiske sida av saka blir vurdert.

§ 13 Hald opp skulen som arena for språkleg jamstilling. Skulen er den samfunnsinstitusjonen som har mest å seie for utviklinga av ein skriftkultur og for rekruttering av nye språkbrukarar. Vi vil fremje ein betre opplæringspolitikk som heng nøye saman med ein samla språk- og kulturpolitikk, og som for begge skriftspråka er basert på skriftlegheit og vurdering. Å kunne norsk vil seie å kunne lese og skrive både nynorsk og bokmål. Vi ønskjer at det å kunne begge dei to norske skriftspråka skal vere ein styrke og ein kunnskap som samfunnet premierer. Dette føreset at lærermiddel og anna materiale som blir brukt pedagogisk i skulen, ligg føre på nynorsk og bokmål til same tid og pris.

§ 14 Bruk nynorsk i tenking og forsking. Som norske samfunnsinstitusjonar har universitet og høgskular eit sjølvstendig språkpolitisk ansvar for å stimulere til meir bruk av nynorsk og generelt fremje bruken av bokmål og nynorsk. Noregs forskingsråd bør kvart tiår ha definerte forskingsprogram for både didaktisk og tverrfagleg forsking om norsk

språk, medrekna nynorsk språktileigning og -opplæring. Det vitskaplege verket Norsk Ordbok for nynorsk og norske dialektar må haldast ved like fagleg oppdatert hundreåret gjennom.

§ 15 Større breidd i nynorsk diktning og sakprosa. Som språk for kunst er nynorsk avhengig av bruksspråket nynorsk. Litteratur – diktning så vel som sakprosa – er ein hjørnestein i alle skriftkulturar, og bøker for born og unge er særleg viktige. Ved å styrke innkjøpsordningane for skjønnlitteratur og halde oppe den auka toleransen for nynorsk også i diktekunsten vil vi føre vidare den sterke rekrutteringa av skjønnlitterære fattarar på nynorsk. Vi vil utvikle tiltak som også resulterer i meir sakprosa.

§ 16 Meir nynorsk i tv, radio og presse. NRK og radio- og tv-stasjonar med offentleg konsesjon må oppfylle minstekrav til språkleg jamstilling mellom bokmål og nynorsk. For program til born og unge vil vi ha særlege reglar som sikrar betre jamstilling. Den nynorskbrukande delen av pressa har vore svært viktig for utbreiinga av nynorsk. Vi ønskjer ei pressestøtte som sikrar gode og føreseielege rammevilkår for aviser som bruker nynorsk.

§ 17 Gjer digitale tenester på nynorsk sjølvsgåde. Nynorsk skal finnast i vanleg bruk der folk er i kvardagen, også i digitale tenester og tilbod. Vi ventar at offentleg forvaltning bruker marknadsmakta til å sikre at allmenn programvare og mykje brukt digitale fagprogram blir utvikla på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris. Det gjeld å auke bruken av nynorsk i redigerte, digitale tenester for utdanning, forvaltning, arbeid og fritid. Alle statlege digitale tenester skal ligge føre i fullgode versjonar på nynorsk og bokmål. Nettavisar og nettstader for medieføretak med offentleg konsesjon, må oppfylle minstekrav til språkleg jamstilling mellom bokmål og nynorsk.

§ 18 Meir nynorsk i fritidsindustri, underhaldning og idrett. Fritida vil truleg auke for nordmenn, og meir bruk av nynorsk i fritida får difor mykje å seie for utviklinga av nynorsk som eit samfunnsberande språk. Vi vil

stimulere til bruk av både nynorsk og bokmål ved alle større internasjonale idrettsarrangement i Noreg, og til at begge landsnamna blir brukte på drakter ved deltaking i utlandet.

§ 19 Del den norske røynsla med andre. Nordmenn er meir interesserte i språkspørsmål enn dei fleste. Gjennom språkstrid og andre motsetnader utvikla nordmenn på 1900-talet ein tradisjon for å dempe eller løyse kulturelle konfliktar utan bruk av vald. Denne norske røynsla er verdifull i dagens internasjonale samfunn og noko vi ønskjer å formidle til andre samfunn og statar.

§ 20 La Språkåret 2013 vere året som aldri sluttar. Etter eit års feiring av det fleirspråklege Noreg ved 200-årsjubileet for Ivar Aasen bruker vi tiåra som følgjer til å utvide bruksområdet for nynorsk. Heile tida skal vi vere på høgd med den språkfaglege tenkinga i samtida og følgje ein moderne argumentasjon for verdien av nynorsk som vi vil utvikle i samspele med mange og ulike miljø i inn- og utland.

§ 21 Dialog med mange land og kulturar. Nynorsk skriftkultur treng sterke, riksdekkjande institusjonar som aktivt og utoverretta fremjar språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar. Vi vil fremje nynorsk identitet og sjølvstilling og styrke respekten for rettane også til nynorskbrukarane. Saman med andre nynorskinstitusjonar vil Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag bruke kunnskap om språk og samfunn i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

Ivar Aasen-tunet, mandag 5. august 2013

Marit Aakre Tennø¹
leiar Noregs Mållag

Reidar Sandal
styreleiar Nynorsk kultursentrum

Statistikk 2000-2013

	2000-2008	2010	2011	2012	2013	I alt
ÅRSVERK	104,6	13,2	15,5	16,5	20,5	170,3
FORMIDLING	272	65	56	38	95	526
Bøker og småskrifter	14	2	1	2	5	24
Artiklar	154	30	11	9	16	220
Talar og foredrag	104	33	44	27	74	282
GJESTER OG BRUKARAR	2 483 887	278 042	278 042	278 042	278 042	3 596 055
Vanlege gjester	185 914	16 690	19 206	21 854	30 743	274 407
Vår	48 471	5 065	4 988	4 806	9 815	73 145
Sommar	31 405	2 236	1 902	2 540	5 128	43 211
Dei nynorske festspela	57 905	6 135	6 381	5 168	5 948	81 537
Haust	48 091	3 254	5 843	9 340	9 852	76 380
Nettstadbrukarar	2 297 975	261 352	250 094	312 421	186 824	3 308 666
Vår	1 001 743	124 053	105 213	138 598	101 427	1 471 034
Sommar	518 528	47 106	46 803	55 624	34 298	702 359
Haust	777 704	90 193	98 078	118 199	51 099	1 135 273
Gjester etter aktivitet						
Utleige og eksterne arrangørar	39 493	3 728	4 164	3 235	3 799	54 419
Eigne arrangement	73 773	6 008	7 584	6 855	11 026	105 246
Udstillingar og turnear	67 145	6 954	6 645	11 764	15 918	108 426
Gjester etter alder						
Barn og unge	44 607	4 075	5 513	9 963	12 565	76 723
Vaksne	141 265	12 615	13 601	11 891	18 178	197 550
PUBLIKUMSTILBOD	2269	244	300	408	395	3 616
Kulturprogram i eigen regi	605	22	33	48	109	817
Dei nynorske festspela	491	51	53	48	47	690
Utlån tematutstillingar	120	10	9	6	16	161
Elevprogram turnear	404	70	119	214	265	1 072
Utleige	649	91	86	92	117	1 035
UTØVARAR	7 057	502	598	495	495	9 147
Kulturprogram	4 461	308	418	350	546	6 083
Dei nynorske festspela	2 596	194	180	145	177	3 292

Kulturprogram 2013

Billettar

Ivar Aasen-tunet

Tlf. 70 04 75 85 eller billett@aasentunet.no

Olav H. Hauge-senteret

Tlf. 56 52 70 70 eller admin@haugesenteret.no

Halv pris til born der det ikkje er eigen
barnebillett

Heile året

UTSTILLINGAR

OLAV H. HAUGE-SENTERET

Diktarens utvegar

Olav H. Hauge 1908–1994

Klassisk kulturarv

Linjene frå Europa til den norske bokheimen

Halldis i livet

Om Halldis Moren Vesaas

Kunsten i livet

Diktaren Jon Fosse

Sjeli skal spela

Resepsjonen av *Glør i oska* med teikningar av
Jon Hjelmevoll

Vår

januar–mai

1. JANUAR–28. FEBRUAR

Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

Den som diktar, byggjer bruer

Temautsstilling om Brit Bildøen

TYSDAG 22. JANUAR

20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Skogmøte

om opprydding etter orkanen Dagmar i
romjula 2011

Arrangør: Ørsta kommune, skoggetaten

SØNDAG 27. JANUAR

18.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Songspelet Ervingen

Première

Vinjeproduksjonar: Magne Skjævesland, Ruth
Olina Lødemel og Lars Johansen
Kr 200 / 150 student og honnør

MÅNDAG 28. JANUAR

17.30 Salen og ute, Ivar Aasen-tunet

Språkstafetten 2013

Marie Louise Widnes fyrer av startskotet
Fakkeltog og fyrverkeri

Arrangør: Noregs Mållag, Sunnmøre Mållag
og Ørsta Mållag i samarbeid med Nynorsk
kultursentrums

Gratis

TYSDAG 5. FEBRUAR

20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Ingelin Røssland

I samtale med Marit Brekke om dameromanen
Kirsebærsnø

Kr 100 / studentar 50

ONSdag 6. FEBRUAR

Volda vidaregåande skule

Forfattarbesøk med Ingelin Røssland

SØNDAG 10. FEBRUAR

18.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Trio Mediæval

Anna Maria Friman, Linn Andrea Fuglseth,
Berit Opheim og Arve Henriksen (flygel,
trompet)

I samarbeid med Høgskulen i Volda

Kr 200 / student 150

ONSDAG 13 FEBRUAR

20.00 Ivar Aasen-tunet

Strikking og hekling på fleire språk

Foredrag og verkstad med Magni Hjertenes

Flyum

Ingrid Salt frå Volda Mode viser og sel garn i kafeen

I samarbeid med lokale husflidslag og garnbutikkar

Kr 50

MÅNDAG 25. FEBRUAR – FREDAG 1. MARS

Festspela ut i skulane!

Festspeldiktarane Lars Petter Sveen, Sigrid og Guri Sørungård Botheim på besøk hos alle 8. klassar i Ørsta og Volda.

I samarbeid med Volda kommune og Ørsta kommune

ONSDAG 27. FEBRUAR

20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Lars Amund Vaage

Bragepris-vinnaren 2012 les frå boka *Syngja* og samtalar med Jan Inge Sørbø

Kr 100 / student 50

FREDAG 1. MARS–FREDAG 20. DESEMBER

Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

Språksamlaren Ivar Aasen 1813-1896

Premiere ny temautstilling

SØNDAG 3. MARS

15.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Superiopera – mysteriet med den magiske musikkelsiren

Musikteater for born i alderen 5–12 år

Knut Sævik, Hildegunn Hovde og Gro-Marie Svidal

Kr 100

FREDAG 8. MARS

20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Kvinnerøyster mellom rosablogg og opprør

Tsehai Birham, Tove Halse Digernes, Kari Hasle, Oda Lykke Mortensen, Maurice

Moluku og Ingeborg Røyrhus Øyehaug

Vi markerer Stemmerettssjubileet i samarbeid med Høgskulen i Volda, Volda kommune, Volda og Ørsta kunstlag, Amnesty i Volda, Re:Act og Team 5

Kr 100 / student 50

SØNDAG 10 MARS

16.00 Salen og kafeen, Ivar Aasen-tunet

Aasens gjestebod

med Morten Schakenda

Foredrag og treretterts middag inspirert av Ivar Aasens yndlingsrett

- Små smakar: lokalt flatbrød med fenalår og rømme, potetlefse med heimelaga gravlaks, kryddersild med løksalat, salat av tørkemår og rømme
- «Brennsnut» kokt på fenalårknoke, servert med lettsalta lammekjøt og små potetballar
- Vintertorsk frå Søre Sunnmøre med potetmos, smakt til med klippfisk, smørdbampa grønsaker, urtesaus
- Portvinsfløytepudding
Kr 450 inkl. foredrag / 400 middag / 100 foredrag

SØNDAG 17. MARS

13.00 Kafeen, Ivar Aasen-tunet

Tova og filta objekt

Utstillingsopning

Utstillinga heng til påske

Arrangør: Norske filtmakere

18.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

Norvald Dahl trio og Jon Irabagon

Konsert

Arrangør: Norvald Dahl

ONSDAG 20. MARS

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet

ElevframSYNING

Arrangør: Ørsta kulturskule

FREDAG 22. MARS

11.00 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

Minnestund for Jens Kåre Engeset

LAURDAG 23. MARS

16.00 Heradsstyresalen, Olav H. Hauge-senteret

Dråpar av eit diktarliv

Olav H. Hauge i samtal med Jan Erik Vold i eit redigert filmopptak frå 1988

Introduksjon ved Alf van der Hagen

Unge tonar: Åshild Sorteberglien Ljones (song) og Marta Lindvik (fele) med tradisjonsmusikk frå Hardanger

Kr 150 / 100

21.00 Den Grøne Kafé, Ulvik	Gratis
Poesikveld med Erlend O. Nødtvedt	
Til tonefølgje av Erlend Apneseth (fele) og Alexander Lund (kontrabass)	
Samtale med Alf van der Hagen	
Kr 100	
 MÅNDAG 25. MARS	
13.00 Ivar Aasen-tunet	
Påskefest med Lurivar	
Maria Halseth i rolla som Lurivar	
Leik med bokstavar	
Kr 50 / familie 150	
 TYSDAG 26. MARS	
13.00 Ivar Aasen-tunet	
Påskefest med Lurivar	
Maria Halseth i rolla som Lurivar	
Leik med bokstavar	
Kr 50 / familie 150	
 ONSDAG 27. MARS	
13.00 Ivar Aasen-tunet	
Påskefest med Lurivar	
Maria Halseth i rolla som Lurivar	
Leik med bokstavar	
Kr 50 / familie 150	
 TORSdag 4. APRIL	
09.30–15.00 Salen, Ivar Aasen-tunet	
Seminar om nynorsk i sosiale medium	
Arrangør: Høgskulen i Volda i samarbeid med Nynorsksenteret og Ivar Aasen-tunet	
 LAURDAG 6. APRIL	
12.00–14.30 Vinjar, Vinje	
Seminar på 195-årsfødedagen til A.O. Vinje	
I samarbeid med Nynorsk kultursentrums	
 ONSDAG 10. APRIL	
11.00 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet	
Slik blir Dei nynorske festspela 2013	
Open pressekonferanse med dei tre festspeldiktarane	
 20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet	
Festspel på forskot	
Programslepp for Dei nynorske festspela med festspeldiktarane Lars Petter Sveen, Guri og Sigrid Sørumgård Botheim, Siv Aurdal (song) og Stig Ulv (gitar)	
 LAURDAG 13. APRIL	
13.00 Kafeen, Ivar Aasen-tunet	
Kortreist i tunet	
«Ivar Aasen i ord og tonar» (utdrag) ved studentkoret på Høgskulen med dirigent Øystein Salhus Tore Aarflot og Frode Sætre presenterer boka <i>Frå tare til topp</i>	
Gratis	
 FREDAG 19. APRIL	
19.30– Heile Ivar Aasen-tunet	
Kulturfestival for målfolk	
Landsmøtet i Noregs Mållag kjem i tunet	
Arrangør: Noregs Mållag i samarbeid med Ivar Aasen-tunet	
 ONSDAG 24 APRIL	
12.00 Ivar Aasen-tunet	
Avdekking og tildekking	
Foredrag av Jan Inge Sørbø om mediespråkets synsfelt og blindsonar	
Seminar med noverande og tidlegare studentar ved Høgskulen i Volda	
I samarbeid med Dokumentarfestivalen og StudentbygdA	
Gratis	
 FREDAG 26. APRIL	
18.00 Salen, Ivar Aasen-tunet	
Ålesund strykekvertett	
Konsert	
Arrangør: Ålesund strykekvertett	
 TYSDAG 30. APRIL	
12.00 Salen, Ivar Aasen-tunet	
Kundearrangement	
Arrangør: Sparebank 1 Søre Sunnmøre	
 LAURDAG 4. MAI	
18.00 Den Grøne Kafé, Ulvik	
Inn i diktarverda	
Møte med Kolbein Falkeid som les eigne dikt og samtalar med Jan H. Landro	
Kr 100	
 FREDAG 17. MAI	
13.30 Gamlevegen og Gamletunet, Ivar Aasen-tunet	

17. mai-toget kjem i tunet-med NRK-sending
Arrangør: 17. mai-nemnda i Hovdebygda

ONSDAG 29. MAI
10.00–15.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
Partnarskapsforum
Arrangør: Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune

Den kulturelle skulesekken

Lurivar og kjærleiken
Elevprogram for 1.–4. klasse om språk, litteratur og song
«Lurivar» (Maria Halseth) og «Silje» (Silje Silden)
I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune

MÅNDAG 7. – FREDAG 11. JANUAR
Nørvasund skole og Lerstad skole i Ålesund kommune

MÅNDAG 14. – FREDAG 18. JANUAR
Emblem skule, Aspøy skole og Blindheim barneskole i Ålesund kommune

MÅNDAG 21. – FREDAG 25. JANUAR
Blindheim barneskole og Larsgården skole i Ålesund kommune

MÅNDAG 28. JANUAR – FREDAG 1. FEBRUAR
Flisnes skole, Hessa skole og Steinerskolen i Ålesund i Ålesund kommune

MÅNDAG 4. – FREDAG 8. FEBRUAR
Stokke skole, Volsdalen skole og Åse skole i Ålesund kommune

MÅNDAG 11. – FREDAG 15. FEBRUAR
Åse skole og Spjelkavik barneskole i Ålesund kommune

Lurivar og kjærleiken
Elevprogram for 1.–4. klasse om språk, litteratur og song
“Lurivar” (Maria Halseth) og “Silje” (Silje Silden)
I samarbeid med Rogaland fylkeskommune

ONSDAG 27. –TORSDAG 27. FEBRUAR
Ganddal skole i Sandnes kommune

FREDAG 1. MARS
Ganddal skole i Sandnes kommune

MÅNDAG 4. – FREDAG 8. MARS
Vigrestad skole og Vigre skole i Hå kommune
Hommersåk skole i Sandnes kommune
Høyland skole i Karmøy kommune

MÅNDAG 11. – FREDAG 15. MARS
Motland skole, Ogna skole og Varhaug skole i Hå kommune

TYSDAG 9. – FREDAG 12. APRIL
Varhaug skole og Bø skole i Hå kommune

Snakk om språk!
Eit program om språk og identitet for 8.–10. klasse ved Runar Gudnason og Eirik Helleve
I samarbeid med Akershus fylkeskommune

MÅNDAG 7. – FREDAG 11. JANUAR
Mølladammen skole, Rykkinn skole og Hauger skole i Bærum kommune

MÅNDAG 4. – FREDAG 8. FEBRUAR
Belset skole, Gjettum skole, Vøyenenga skole og Hauger skole i Bærum kommune

MÅNDAG 11. FEBRUAR
Rommen skole i Bærum kommune

Snakk om språk!
Eit program om språk og identitet for 8.–10. klasse
Runar Gudnason og Eirik Helleve
I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune

MÅNDAG 4. – FREDAG 8. MARS
Averøy ungdomsskule i Averøy kommune
Rindal skole i Rindal kommune
Harøy skule i Harøy kommune

MÅNDAG 15. – FREDAG 19. APRIL
Sykkylven ungdomsskule i Sykkylven kommune

MÅNDAG 22. OG TYSDAG 23. APRIL

Batnfjord ungdomsskule i Gjemnes kommune
Det ligg mellom linjene
Arkitekturprogram for 6. klassane i Ivar Aasen-tunet
I samarbeid med Ørsta kommune og Volda kommune

FREDAG 1. MARS

Velle skule i Ørsta kommune
MÅNDAG 4., ONSDAG 6.–FREDAG 8. MARS
Vikemarka skule, Sæbø skule, Åmås friskule
Vikemarka skule, Vartdal barne- og ungdomsskule og Dalane skule i Ørsta kommune
Folkestad skule og Austefjord skule i Volda kommune

MÅNDAG 11. – FREDAG 15. MARS

Velle skule i Ørsta kommune
Øyra skule og Bratteberg skule i Volda kommune

MÅNDAG 18. MARS

Hovden skule i Ørsta kommune

Vandreutstillingar

Visingstider blir kunngjorde lokalt

1. FEBRUAR–1. MARS

Songen om kysten
Petter Dass-museet

1. FEBRUAR–25. FEBRUAR

Diktarens litterære liv
Olav Duun
Steinkjer bibliotek

4. FEBRUAR–11. FEBRUAR

Striper, ruter, bobler
Jølster bibliotek

11. FEBRUAR–11. APRIL

Store forteljingar for små øyre
Sunnfjord Museum

25. FEBRUAR–6. MARS

Diktarens litterære liv
Olav Duun
Stjørdal Mållag

1. MARS–1. APRIL
Kryssord og magi
Sandefjord bibliotek

1. MAI–1. JULI
Kaffikoppens kulturelle kraft
17. mai-nemnda, Ortnevik

27. MAI–30. SEPTEMBER
Askerkretsen
Garborgsenteret

Sommar juni–august

TORSDAG 13. JUNI
13.00 Utescena, Ivar Aasen-tunet
Ivar Aasen-framsyning
Arrangør: Åmås friskule

18.00 Utescena, Ivar Aasen-tunet
Ivar Aasen-framsyning
Arrangør: Åmås friskule

FREDAG 21. JUNI
18.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
Prinsessa og dvergane
Arrangør: Volda og Ørsta ballettskule

FREDAG 16. AUGUST
13.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
Arkitekturseminar i høve Fehns fødselsdag
I samarbeid med Møre og Romsdal arkitektlag og Sogn og Fjordane arkitektforeining

TORSDAG 1.–MÅNDAG 5. AUGUST
Ivar Aasen 200 år
Eige program

SØNDAG 18. AUGUST
14.30 Hardanger Folkemuseum, Utne
Diktardagen: Arvid Torgeir Lie
